



HAREID KOMMUNE

Foto: Erlend Friestad



# ÅRSMELDING FOR HAREID KOMMUNE

2021

# 1 KOMMUNE-DIREKTØREN SI INNLEIING

Takk for innsatsen og det gode samarbeidet!

Denne årsmeldinga må starte med desse orda. Vi har no bak oss to år med det ein må kunne kalle unntakstilstand. Denne tida har vi sett at vi kan snu oss raskt rundt og gjere ting heilt annleis, vi har erfart at vi får til meir enn vi trudde. Vi har sett at vi er gjensidig avhengig av kvarandre for å kome vel i mål. Vi har fått tett og god rettleiing både av departement, direktorat og statsforvaltar. For å lykkast med å sikre dagleg drift under pandemien måtte vi også nedprioritere oppgåver. Først og fremst utviklings- og vedlikehaldsarbeid. Det er viktig at vi no husker kvifor det er slik, og går på med ny giv for å kome oss på det sporet vi ynskjer å vere. Nokre har erfart redusert standard på tenester i denne perioden. Det har vore lite klager, og eg takker for forståing og på denne måten hjelp til å få løyst oppgåvene.

Det er viktig at vi no ikkje går direkte tilbake til gamle arbeidsmåtar, men tek med oss det vi lærte og byggjer vidare på det.

Det er etablert eit godt samarbeid mellom de folkevalde og administrasjon noko som er viktig for vidare utvikling av kommunen. Vi får god tilbakemelding frå næringslivet om godt samarbeid med kommunen. Satsinga «Vekst i Hareid» har gitt eit positivt bidrag, og vi satsar vidare med etablering av eininga «næring, kultur og busetting» som skal vere «ei dør inn» for dei som har spørsmål knytt til desse områda. Ansvaret for klima og miljø er lagt til denne eininga.

Møre og Romsdal fylkeskommune erklærte seg som berekraftfylke i 2020. Hareid kommune har saman med dei andre kommunane i fylket sluttat seg til partnerskapen for smartbyprogrammet knytta til FN sine 17 berekraftmål. Desse måla er organisert i tre dimensjonar. Det grunnleggjande er å redde miljøet og klimaet på jorda, det andre er utjamning av sosiale skeivheiter og det tredje handlar om økonomisk berekraft. Gjennom denne deltakinga vart det gjort ei kartlegging av situasjonen i Hareid kommune. Dette vil vere ein del av grunnlaget for politiske prioriteringar framover.

I tillegg til klima og miljø er hovudutfordringane knytt til demografi og utanforskaps. Framover vil det handle om korleis kommunen skal organisere og prioritere tenestene for å kunne yte tenester til fleire eldre og førebyggje utanforskaps. Dette krev omstilling og endring som vil skape både engasjement og motstand. Det vert ei stor oppgåve å nå ut med kunnskap om dei kompliserte samfunnssamanhangane, og konsekvensane av ulike scenario, for å få forståing for at noko må gjerast.

Rette tenester til rett tid og rett nivå er saman med samfunnsutvik-



Foto: Nanseth Media

Kommunedirektør  
Ragnhild Velsvik Berge

**Det er viktig at vi no ikkje går direkte tilbake til gamle arbeidsmåtar, men tek med oss det vi lærte og byggjer vidare på det.**

ling det viktigaste oppdraget til ein kommune. Statleg velferdspolitikk utvidar stadig volumet og standarden på tenestene utan at kommunane får kompensert fullt for meirutgiftene. Vi er i ferd med å kome til eit punkt der dei statlege lovnadene og dokumentasjonskrava er høgare enn kommuneøkonomien har rom for. KS – kommunenesektorens organisasjon, har sett søkelyset på behovet for radikal innovasjon og teiknar eit senario der vi snarleg går mot den kommunale kollaps om vi ikkje finn andre måtar å drive velferdsstaten på.

|Vi ser av årsmeldinga at her er sprik mellom behov og ressursar, og den store utfordringa vert å finne midlar til nye tiltak.

Når det gjeld folketalsutvikling vart det i fjor født fleire barn enn snittet både i landet og fylket. Dette er viktig for framtidige inntekter fra rammetilskotet. Her er meir utflytting enn innflytting, men vesentleg betre enn i fylket. Her er fleire einslege innbyggjarar og fleire med innvandrarbakgrunn.

I Hareid driv vi svært effektive tenester. [Les gjerne meir på SSB si Kostra-oversikt](#). Vi bruker mindre enn landet og mykje mindre enn fylket per innbyggjar til helse- og omsorgstenester. Vi har vesentleg mindre årsverk per innbyggjar, medan vi har fleire på sjukeheim og fleire som får heimetenester. Vi er også svært effektive på drift av barnehagar og grunnskule.

Vi bruker vesentlig meir enn andre til barnevern. Dette er ikkje knytt til organisering av tenesta, men utgifter til enkeltvedtak. Vi må regne med at utgiftsnivået vert stabilt ei tid framover, men vi har trua på at gode førebyggjande tiltak vil ha god effekt på sikt. Utfordringa er å kunne prioritere meir midlar til førebygging før vi kan hente ut effekten av tiltaka. Kommunen ser ut til å bruke meir enn snittet til eigedomsforvaltning, men kostnadane skal også fordelast på fleire formålsbygg per innbyggjar enn andre. Samanlikningstala viser samstundes at vi ikkje har meir å hente på å auke inntektene på sjølvkostområdet.

Hareid kommune har ei bevisst satsing på konkurranseskraft og bulyst som igjen har ført til ei styrking til sektor for samfunnsutvikling. Som elles i landet ser vi ei utvikling der både sektor for læring og kultur og velferd treng meir ressursar til enkeltbrukarar. Når begge desse sektorane driv så effektivt som dei gjer må vi framover sjå korleis vi kan drive meir effektivt der vi i dag ligg over snittet i forbruk.

Sjukefråværet kostar kommunen millionar av kroner og ein reduksjon her vil gi oss midlar til førebygging og utvikling. Vi må ha både fokus og ressursar for å lykkast med dette. Vi treng betre leiarstøtte på HMS og internkontrollarbeidet. Sjukefråværet er aukande, ein trend vi såg før pandemien, og det må vurderast om dette har samband med ressurstildelinga. Det har vore særskilt krevjande at det har vore langtidsfråvær i fleire sentrale leiarstillingar, og mange har gjort ein stor ekstrainnsats for å sikre drifta i denne perioden. Vakanse i leiarstillingar er i seg sjølv ein faktor for aukande sjukefråvær.

**Hareid  
kommune  
har ei  
bevisst  
satsing på  
konkurranseskraft  
og bulyst som  
igjen har ført til ei  
styrking til sektor  
for samfunns-  
utvikling.**

Vi har dette året etablert eit IA-utval som er ein møteplass mellom kommunen si toppleiing, hovudverneombod, leiar i fellestillsmannsutvalet og våre kontaktpersonar frå Bedriftshelsetenesta, IA (inkluderande arbeidsliv) og NAV. Her har vi ei systematisk overvaking på sjukefråværet og oppfølging og evaluering av dei ulike oppfølgingsprosjekta på dei ulike einingane. To einingar på sjukeheimen hadde felles leiing, og desse har no fått kvar sin leiar. Vi står også framfor å dele den store bu- og habiliteringsavdelinga i to. Nærleiing er sentralt for å lykkast med både tenestene og personaloppfølginga.

Arbeidsmiljø og internkontroll heng nøyne saman. Tiltaka i førre avsnitt er viktige arbeidsmiljøtiltak. Oppfølging av tilsyn i heimetenesta i velferd har også ein positiv effekt for arbeidsmiljø og internkontroll. Dette året har vi prioritert arbeid med internkontroll i form av slike tiltak. Vi har ikkje kome i mål å etablere ein praksis med interne tilsyn, og dette er sett på dagsorden i 2022. Det same er ei ny runde med opplæring i internkontroll og verdien av å melde og handsame avvik.

Kommunen har eit etisk reglement som var planen å revidere i 2021. Vi ynskjer å involvere dei tilsette for å sikre forankring. Dette er framleis i startgropa.


Medan fleire i det private næringslivet vart utan arbeid har mange offentleg tilsette arbeidd langt utover normal arbeidstid for å kunne drifte tenestene på ein forsvarleg måte. Dette har vart lenge no, og mange er slitne. Så kom krigen i Ukraina og Hareid kommune etablerte kommunalt akuttottak. Kommunen har brukt mykje ekstra ressursar på dette, og fagfolka våre stilte opp på nytt. I tillegg har lokalmiljøet hatt sine eigne utfordringar, der til dømes ungdomsmiljøet er sett på dagsorden.

Økonomileiar tek ein gjennomgang av det økonomiske resultatet. Økonomien er styrande for handlingsrommet, og det er såleis avgjerande viktig å ha eit sunt forhold mellom utgifter og inntekter. Medan vi i fjor hadde meir utgifter enn inntekter per innbyggjar har vi for 2021 kome på den rette sida, der vi har litt meir inntekter enn utgifter. Vi fekk eit endeleg netto driftsresultat på 1,27 prosent og det tilrådde måltalet er på 1,75 prosent. Trass i effektiv drift er altså den underliggende drifta for kostbar. Kommunen må jobbe kontinuerleg med omstillingssprosjekt for å få betre samsvar mellom inntekter og kostnadar. Eit meirforbruk i drifta svekkjer den økonomiske handlevna over tid. Gledelig er det at vi grunna store ekstra inntekter på finansområdet kan sette knapt 9 millionar kroner på disposisjonsfondet.

Eg konkluderer med at vi trass store utfordringar får leve eit godt resultat i året som gjekk, og vil igjen takke alle som har ytt sin dei til det samla resultat. I tillegg til tilsette, går ei ekstra takk til tillitsvalde for godt samarbeid. Og til alle frivillige som står på og gjer det store ekstra for lokalsamfunnet. Det er godt å vite at om vi passer på å kvile til rett tid er krefter ikkje noko ein bruker opp, og vi får erfare at som dagen er skal din styrke vere. Hareid kommune har vind i segla og siktar mot nye mål.

Ragnhild Velsvik Berge

**Det er godt  
å vite at om  
vi passer  
på å kvile  
til rett tid er  
krefter ikkje noko  
ein bruker opp, og  
vi får erfare at som  
dagen er skal din  
styrke vere.**



# INNHOLD

---

<b>1 KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING</b>	<b>side 2</b>
<b>2 POLITISK ORGANISERING - HOVUDSTRUKTUR</b>	<b>side 10</b>
2.1 Kommunestyret	side 10
2.2 Kontrollutvalet	side 11
2.3 Formannskapet	side 11
2.4 Levekårsutvalet	side 11
2.5 Nærings- og miljøutvalet	side 12
2.6 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	side 12
2.7 Eldrerådet	side 12
2.8 Ungdomsrådet	side 12
2.9 Oversikt	side 13
<b>3 ORGANASJONSKART</b>	<b>side 14</b>
<b>4 KOMMUNEN SI ØKONOMISKE STILLING</b>	<b>side 16</b>
4.2 Økonomisk oversikt drift	side 17
4.2.1 Finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi	side 18
4.2.2 Driftsinntekter	side 18
4.2.3 Driftsutgifter	side 18
4.3 Rekneskapsskjema drift	side 19
4.4 Rekneskapsskjema drift – fordelt på område og avdeling	side 20
4.4.1 Per område	side 20
4.4.2 Per avdeling	side 20
4.5 Økonomisk oversikt investering	side 21
4.5.1 Rekneskapsskjema investering	side 21
4.5.2 Rekneskapsskjema investering – fordelt på prosjekt	side 22
<b>5 NØKKELTAL OG UTVIKLINGSTREKK</b>	<b>side 26</b>

5.1 Økonomisk utvikling og stilling	side 26
5.2 Utvikling av realverdiar av viktige økonomiske parameter	side 26
5.3 Utvikling av dekningsgrader i prosent av brutto utgifter eks. renter	side 27
5.3 Utvikling av lånegjeld eks. pensjonsforpliktingar	side 27
5.4 Utvikling av lønskostnader	side 28
5.4.1 Lønsutvikling i faste 2021-kroner fordelt på art	side 28
5.4.2 Lønsutvikling i faste 2021-kroner for det enskilde området	side 28
5.5 Likestilling	side 29
5.5.1 Kjønnsbalanse	side 29
5.5.2 Deltid	side 30
5.5.3 Likeløn	side 31
5.5.4 Rekruttering	side 32
<b>6 ARBEIDSMILJØ OG HMS</b>	<b>side 34</b>
6.1 Status	side 34
6.2 Bedriftshelseteneste	side 34
6.3 Arbeidsmiljøutval	side 34
6.4 IA-utval	side 35
6.5 Yrkesskader	side 35
6.6 Sjukefråvær	side 35
<b>SEKTORDEL</b>	<b>side 38</b>
<b>7 SENTRALADMINISTRASJONEN</b>	<b>side 39</b>
7.1 Sektorskildring	side 39
7.2 Oversyn faste årsverk	side 39
7.3 Ressursinnsats	side 40
7.3.1 Økonomisk avviksanalyse	side 41
7.4 Målloppnåing	side 42
7.4.1 Lesartal på nett, sosiale medium, nyheitsbrev	side 43
7.5 Tilstandsvurdering	side 44



7.5.1 Tenestene	side 44
7.5.2 Læring og utvikling	side 45
7.5.3 Arbeidsmiljø	side 46
7.5.4 Særskilte tiltak	side 46

## **8 SEKTOR FOR LÆRING OG KULTUR**

8.1 Sektorskildring	side 48
8.2 Utviklinga i faste årsverk i rekneskapsåret	side 48
8.3 Ressursinnsats	side 49
8.3.1 Økonomisk avviksanalyse	side 49
8.4 Einingane med mål/målloppnåing	side 50
8.5 Årsmelding for einingane	side 56
8.5.1 Årsmelding Bigset skule	side 56
8.5.2 Årsmelding Hjørungavåg skule	side 58
8.5.3 Årsmelding Hareid skule	side 59
8.5.4 Årsmelding Hareid ungdomsskule	side 61
8.5.5 Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2021.	side 65
8.5.6 Årsmelding for interkommunal barneversteneste 2021.	side 73

## **9 SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING**

9.1 Sektorskildring	side 78
9.2 Utviklinga i faste årsverk	side 81
9.3 Ressursinnsats	side 82
9.3.1 Økonomisk avviksanalyse	side 82

9.4 Målloppnåing	side 85
9.4.1 Mål som vart nådde	side 85
9.4.2 Mål som ikkje vart nådde:	side 86

9.5 Tilstandsvurdering	side 87
9.5.1 Tenestene	side 87
9.5.2 Læring og utvikling	side 88
9.5.3 Arbeidsmiljø	side 89

## **10 Sektor for velferd**



<b>10.1 Sektorskildring</b>	<b>side 90</b>
<b>10.2 Oversyn faste årsverk</b>	<b>side 91</b>
<b>10.3 Ressursinnsats</b>	<b>side 91</b>
<b>10.3.1 Økonomisk avviksanalyse</b>	<b>side 92</b>
<b>10.4 Måloppnåing</b>	<b>side 93</b>
<b>10.5 Tilstandsvurdering</b>	<b>side 95</b>
<b>10.5.1 Heimetenestene</b>	<b>side 95</b>
<b>10.5.2 Bu- og habiliteringstenesta</b>	<b>side 96</b>
<b>10.5.3 Helse- og koordinerande eining</b>	<b>side 97</b>
<b>10.5.4 Sjukeheim</b>	<b>side 98</b>
<b>10.5.5 Tilsyn og klage på vedtak</b>	<b>side 98</b>
<b>10.6 Årsmelding frå einingane</b>	<b>side 99</b>
<b>10.6.1 Velferdskontor/stab</b>	<b>side 99</b>
<b>10.6.2 Kjøkken</b>	<b>side 101</b>
<b>10.6.3 Skjerma eining</b>	<b>side 102</b>
<b>10.6.4 Korttidseining</b>	<b>side 105</b>
<b>10.6.5 Bueining</b>	<b>side 108</b>
<b>10.6.6 Heimetenesta</b>	<b>side 111</b>
<b>10.6.7 Helse- og koordinerande eining</b>	<b>side 114</b>
<b>10.6.8 Helsestasjon og skulehelseteneste.</b>	<b>side 115</b>
<b>10.6.9 Bu- og habiliteringseining</b>	<b>side 118</b>



# 2 POLITISK ORGANISERING - HOVUDSTRUKTUR



## 2.1 Kommunestyret

### Arbeidarpartiet (Ap)

Hege Holstad  
Ragnhild Viddal Nedrelid  
André Bårslett

### Folklista for Hareid kommune (Foha)

Bernt Brandal, ordførar  
Kristian Fuglseth  
Kjetil Nessen  
Ranja Dimmen Alme  
Annika Hove

### Fremskrittspartiet (Frp)

Oskar J. Grimstad  
Jeanette Teigene  
Ingebjørn Grimstad  
Kjell Marø  
Sverre Jarl Ulstein  
Marius Knutsen Liavåg  
(til 24. mars 2021)

### Øyvind Lillebø

Eldar Bjåstad  
(frå 19. april 2021)

### Høgre (H)

Berte Holstad Engen  
Audun Ulstein

### Kristeleg Folkeparti (KrF)

Hallvard Sæverud


### Venstre (V)

Annika Brandal, varaordførar  
Jenny Helen Korsnes  
Ann-Christin Bonde Helliksen

Hareid kommunestyre  
2019-2023.

Ranja Dimmen Alme  
(Foha) var ikkje til stades  
då biletet blei tatt. Einar  
Jarle Måseide er vara.

### Kjønnsfordeling kommunestyret 2019-2023




Ordførar Bernt Brandal,  
frå 24. oktober 2019

## 2.2 Kontrollutvalet

Audun Ulstein, leiar (H)  
Øyvind Grimstad, nestleiar (Uavh.)  
Inga Ishild Hareide (Foha)  
Kjersti Røyset Topp Hol (KrF)  
Greta Kirkebø (V)




Kjønnsfordeling  
kontrollutvalet  
2019-2023



<- Formannskapet i  
Hareid kommune 2019-  
2023.

Ranja Dimmen Alme  
(Foha) var ikke til stades  
då biletet blei tatt.

Kjønnsfordeling  
formannskapet  
2019-2023




## 2.3 Formannskapet

Bernt Brandal, ordførar (Foha)  
Annika Brandal, varaordførar (V)  
Oskar J. Grimstad (Frp)  
Jeanette Teigene (Frp)  
Berte Holstad Engen (H)  
Ragnhild Nedrelid Grimstad (Ap)  
Ranja Dimmen Alme (Foha)

## 2.4 Levekårsutvalet

Hege Holstad, leiar (Ap)  
Einar Jarle Måseide, nestleiar (Foha)  
Marius Knutsen Liavåg (Frp) - til 24. mars 2021  
Sverre Jarl Ulstein (Frp)  
Annika Hove (Foha)  
Wenche J. H. Jøsok (H)  
Jenny Helen Korsnes (V)  
Lillian Hilde Grimstad (Frp) - frå 20. mai 2021


Kjønnsfordeling  
levekårsutvalet  
2019-2023



## 2.5 Nærings- og miljøutvalet

Kjetil Nesset, leiar (Foha)  
Hallvard Sæverud, nestleiar (KrF)  
Ingebjørn Grimstad (Frp)  
Kjell Marø (Frp)  
André Bårslett (Ap)  
Alice Strømmegjerde (Høgre)  
Ann-Christin Bonde Helliksen (V)


Kjønnsfordeling NMU  
2019-2023



## 2.6 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Marita Regine Siring, leiar  
Marita Austnes, nestleiar  
Einar Jarle Måseide  
Joachim Martin Moldskred  
Øyvind Finvik  
Eldbjørg Ertesvåg


Kjønnsfordeling  
RFU 2019-2023



## 2.7 Eldrerådet

Johan Bertel Brandal, leiar  
Ingrunn Riise, nestleiar  
Gunnar Riise  
Kjartan Kvalsvik  
Sylvi Bakke


Kjønnsfordeling  
eldrerådet  
2019-2023



## 2.8 Ungdomsrådet

Nikolas Brandal  
Sigurd Lynge Bigset  
Keerthan Sivapalan  
Caroline Nykrem Korshaug  
Benjamin Riise Erdal  
Skaiste Jonaityte  
Anders Huttner Pilskog  
Denisa-Andreea Constantinescu  
Leah Moe Leren  
Pravin Selva

Kjønnsfordeling  
ungdomsrådet  
2019-2023




Observatørar frå kommunestyret: Jenny Helen Korsnes og Hege Holstad. Vararepresentantar for desse: Erlend Grotle og Jeanette Teigene.


## 2.9 Oversikt

---



# 3 ORGANISASJONSKART





# 4 KOMMUNEN SI ØKONOMISKE STILLING

## 4.1 Utvikling av balanserekneskap

Per 31. desember 2021

Tal i 1000 kroner	2017	2018	2019	2020	2021
Sum anleggsmidlar	852 171	942 884	1 091 900	1 270 562	1 391 061
Sum omløpsmidlar	111 329	120 098	123 034	122 294	148 709
SUM EIGEDELAR	963 500	1 062 981	1 214 934	1 392 856	1 539 770
SUM EIGENKAPITAL	-70 756	-91 302	-114 382	-188 880	-229 037
Sum langsiktig gjeld	-830 580	-891 720	-1 029 296	-1 127 205	-1 237 190
Sum kortsliktig gjeld	-62 164	-79 960	-71 255	-76 772	-73 543
SUM GJELD	-892 744	-977 557	-1 100 551	-1 203 977	-1 310 733
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-963 500	-1 062 981	-1 214 934	-1 392 857	-1 539 770
Memoriakonti					
Ubrukte lånemidlar	22 178	16 378	28 007	25 222	49 500
Andre memoriakonti	557	557	557	557	557
Motkonto for memoriakonti	-22 735	-16 935	-28 564	-25 779	-50 057
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Balansen er todelt, egedelane er ein oversikt over kva kommunen eig, medan eigenkapital og gjeld viser korleis kommunen har finansiert egedelane sine. Anleggsmidlar er egedelar som er til varig bruk, til dømes bygningar og maskiner og liknande. Omløpsmidlar er meir likvide balansepostar, der den mest likvide er innskot i bank. Likvid tyder kor raskt ein egedel kan omsettast i pengar. Gjeld- og eigenkapitalsida seier noko om kor solid kommunen er, og om finansieringa er formuftig. Til dømes bør anleggsmidlane vere finansierte av langsiktig gjeld. Eigenkapitalen kan aukast for eksempel ved overføring av eit positivt resultat til disposisjonsfond.

Viktige forklaringar til endringar i balansen i forhold til førre år:

- Anleggsmidlar: Netto er det tilført anleggsmidlar for kr 120 millionar. Dei største investeringane i året var ferdigstilling av helsehuset og området rundt, signalanlegg på Hadartun, tilbygg til kyrkjelydshuset og rehabilitering av rådhuset. I tillegg er det gjort investeringar i veg, vatn og avløp.
- Omløpsmidlar: Totalt sett ein auke på kr 26 millionar. Premieavviket har auka med 14 millionar kroner og bankinnskot har ein auke på om lag 12 millionar.
- Eigenkapital: Auke i kapitalkonto på 40 millionar kroner, som må sjåast i samanheng med auken i investeringar. Det er ein auke i disposisjonsfondet på 8,7 millionar kroner.



- Langsiktig gjeld: Lånegjelda har ein netto auke på 110 millionar kroner, som følgje av investeringsaktiviteten.
- Kortsiktig gjeld: Ein reduksjon som mellom anna skuldast nedgang i leverandørgjelda ved årsskiftet.

## 4.2 Økonomisk oversikt drift

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Avvik	Prosent av budsjett	Rekneskap 2020
<b>Driftsinntekter</b>					
Rammetilskot	-186 581	-181 021	5 559	103 prosent	-185 066
Inntekts- og formuesskatt	-147 453	-138 121	9 332	107 prosent	-129 502
Eigedomsskatt	-9 426	-9 598	-172	98 prosent	-9 166
Andre skatteinntekter	0	0	0	0 prosent	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-10 681	-10 995	-314	97 prosent	-12 208
Overføringer og tilskot frå andre	-63 061	-47 159	15 902	134 prosent	-73 281
Brukarkebetingar	-16 715	-17 333	-619	96 prosent	-15 005
Sals- og leigeinntekter	-45 726	-43 773	1 952	104 prosent	-36 911
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-479 641</b>	<b>-448 001</b>	<b>31 640</b>	<b>107 prosent</b>	<b>-461 139</b>
<b>Driftsutgifter</b>					
Lønsutgifter	229 854	213 028	-16 826	108 prosent	221 531
Sosiale utgifter	57 078	60 855	3 777	94 prosent	54 871
Kjøp av varer og tenester	135 694	125 981	-9 713	108 prosent	133 252
Overføringer og tilskot til andre	29 527	22 975	-6 552	129 prosent	30 920
Avskrivningar	22 566	15 091	-7 475	150 prosent	18 139
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>474 719</b>	<b>437 931</b>	<b>-36 789</b>	<b>108 prosent</b>	<b>458 713</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-4 922</b>	<b>-10 070</b>	<b>-5 149</b>	<b>49 prosent</b>	<b>-2 426</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>					
Renteinntekter	-755	-743	12	102 %	-909
Utbytte	-3 136	-2 601	535	121 %	-2 965
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0 %	0
Renteutgifter	5 568	8 319	2 751	67 %	9 307
Avdrag på lån	19 741	20 161	420	98 %	17 259
Netto finansutgifter	21 418	25 136	3 718	85 %	22 691
Motpost avskrivningar	-22 566	-15 091	7 475	150 %	-18 139
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-6 070</b>	<b>-26</b>	<b>6 045</b>		<b>2 127</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
Overføring til investering	0	0	0	0	471
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 721	26	2 747		6 153
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	8 792	0	-8 792	0	-7 471
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	-1 279
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	6 070	26	-6 045		-2 127
Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0

Den økonomiske avviksanalysen under tar utgangspunkt i forskriftsrapportane for driftsrekneskapen.

## 4.2.1 Finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi

Finansielle måltal vart vedteke av kommunestyret i sak 101/21. Det er tre nøkkeltall som er vedteke skal nyttast,

- netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, minst 1,75 prosent
- netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, maksimum 100 prosent
- disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter, minst 5 prosent

Det er rekna med at det ikkje vil vere mogleg å nå dei vedtekne nøkkeltala før om 10 – 15 år fram i tid. Til dømes vil gjelda følgje økonomiplanen og auke fram til 2026, og så gå nedover. I 2036 er det rekna med at lånegjelda vil utgjere 100 prosent av brutto driftsinntekter som er det finansielle målta. Det er budsjettert med eit budsjett i balanse for 2021, og ikkje avsetting til disposisjonsfond.

Slik er nøkkeltala etter at 2021 reknescapen er avslutta :

- Netto driftsresultat, 1,27 prosent av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld, 148 prosent av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond, 2,5 prosent av brutto driftsinntekter

## 4.2.2 Driftsinntekter

Kommunen fekk inntekter på kr 32 millionar over budsjettet i 2021. Kr 16 millionar av det positive avviket kjem frå overføringer og tilskot frå andre, der refusjon sjukeløn og fødselspengar er store postar.

Dei frie inntektene som består av rammetilskot, inntekts- og formuesskatt og eigedomsskatt er om lag 15 millionar høgare enn budsjettet.

Inntekts- og formueskatt auka gjennom året og vart 9 millionar kroner over budsjett. Det vart også gitt ein del kompensasjon for utgifter til korona som tillegg på rammetilskotet.

## 4.2.3 Driftsutgifter

Samla har driftsutgiftene ein meirkostnad på kr 35 millionar. Løn- og sosiale kostnader er kr 13 millionar over budsjett. Av lønsatar med større avvik er ekstrahjelp, sjukevitarar og overtid store postar. Lågare terskel for fravær på grunn av pandemien påverkar desse lønsartane. Dette må sjåast i samanheng med store refusjonar for sjukeløn og fødselspengar som ligg under driftsinntektene.

Kjøp av varer og tenester er kr 9 millionar over budsjettet. Overfø-

ringar og tilskot til andre er kr 6 millionar over budsjettet. I denne posten inngår mellom anna korona-støtte til næringslivet.

Sentraladministrasjonen har eit mindreforbruk på kr 1,8 millionar, Sektor for læring og kultur har eit mindreforbruk på kr 0,7 million. Sektor for Velferd har eit meirforbruk på kr 21 millionar og Samfunnsutvikling har eit mindreforbruk på kr 0,7 millionar. Finansområdet har meirinntekter/mindrekostnader på kr 6,5 millionar. I dette talet er avsetning til disposisjonsfondet teke inn med kr 8,8 millionar. Store positive avvik på finansområdet er premieavviket på kr 8,2 millionar og noko lågare renteutgifter enn budsjettet. I tillegg kjem at dei frie inntektene er over budsjett, som kommentert over.

Det er ikkje lagt spesielle budsjettepremiss av kommunestyret (jf kommunelova paragraf 14-7). Opphaveleg budsjett og revidert budsjett for 2021 var balansert ut utan bruk av eller overføring til disposisjonsfond.

Som beskrive over har sektorane og sentraladministrasjonen samla sett eit stort meirforbruk i forhold til budsjettet. Fleire postar på finansområdet har gått Hareid kommune sin veg, og gjer at vi likevel kan overføre kr 8,8 millionar til disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet utgjer, etter avsettinga i 2021 kr 12,4 millionar.

## 4.3 Rekneskapsskjema drift

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphaveleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
<b>Generelle driftsinntekter</b>				
Rammetilskot	-186 580 836	-181 021 491	-174 216 000	-185 065 565
Inntekts- og formuesskatt	-147 452 840	-138 121 000	-138 121 000	-129 501 685
Eigedomsskatt	-9 425 535	-9 598 000	-9 598 000	-9 166 146
Andre generelle driftsinntekter	-10 681 178	-10 995 000	-15 202 000	-12 207 895
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-354 140 389</b>	<b>-339 735 491</b>	<b>-337 137 000</b>	<b>-335 941 291</b>
Netto driftsutgifter				
Sum bevillingar til drift, netto	327 038 338	315 069 482	311 273 194	315 480 610
Avskrivningar	22 566 350	15 091 000	15 091 000	18 138 734
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>349 604 688</b>	<b>330 160 482</b>	<b>326 364 194</b>	<b>333 619 344</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-4 535 701</b>	<b>-9 575 009</b>	<b>-10 772 806</b>	<b>-2 321 947</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>				
Renteinntekter	-754 832	-693 071	-693 071	-909 391
Utbytte	-3 136 355	-2 601 300	-2 601 300	-2 965 173
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0
Renteutgifter	5 567 732	8 319 056	8 665 575	9 306 643
Avdrag på lån	19 355 117	20 160 834	20 160 834	17 155 412
Netto finansutgifter	21 031 662	25 135 519	25 135 519	22 587 490
Motpost avskrivningar	-22 566 350	-15 091 000	-14 236 000	-18 138 734

<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-6 070 389</b>	<b>-25 255</b>	<b>-318 542</b>	<b>2 126 809</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>				
Overføring til investering	0	0	0	470 625
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 721 482	25 255	368 542	6 152 563
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	8 791 871	0	0	-7 471 419
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	-1 278 578
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>6 070 389</b>	<b>25 745</b>	<b>368 542</b>	<b>-2 126 809</b>
Framført til dekning seinare år (meirforbruk)	0	50 000	50 000	0

## 4.4 Rekneskapsskjema drift – fordelt på område og avdeling

### 4.4.1 Per område

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphaveleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
<b>Frå bevillingsoversikt:</b>				
Til fordeling drift	327 038 338	315 069 482	311 273 194	315 480 610
<b>Netto driftsutgifter per område</b>				
Politisk styring og kontroll	2 552 426	2 728 432	2 728 432	2 411 278
Sentraladministrasjon	24 363 924	22 697 534	22 800 448	21 084 296
Læring og kultur	151 315 096	153 025 654	149 638 699	143 338 549
Velferd	128 671 464	109 307 826	109 307 826	111 351 333
Samfunnsutvikling	35 333 886	36 045 999	37 545 999	32 083 540
Finans	-15 198 458	-8 735 963	-7 189 454	1 765 280
<b>Netto for alle områder</b>	<b>327 038 338</b>	<b>315 069 482</b>	<b>311 273 194</b>	<b>315 480 610</b>

### 4.4.2 Per avdeling

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphaveleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
<b>Frå bevillingsoversikt:</b>				
Til fordeling drift	327 038 338	315 069 482	311 273 194	315 480 610
<b>Netto driftsutgifter per avdeling</b>				
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 552 426	2 728 432	2 728 432	2 411 278
RÄDMANNSKONTOR	2 769 562	3 258 734	3 258 734	2 885 164
ØKONOMIAVDELING	4 425 225	4 175 330	4 175 330	3 666 022
PERSONAL OG ORGANISASJON	3 446 974	3 331 277	3 331 277	3 347 516
PLAN, BYGGEAK OG GEODATA	2 729 456	3 813 247	3 813 247	2 844 847
SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT	3 828 762	5 287 136	5 287 136	4 835 287
IKT-AVDELING	68 433	68 000	170 914	575 325
NAV-KOMMUNE	9 824 968	6 577 057	6 577 057	5 774 982
BRANN OG FEIING	6 136 763	6 206 934	6 206 934	5 941 950
OPPVEKSTKONTOR	28 698 880	29 675 351	30 868 505	32 234 848



BIGSET SKULE	9 951 896	10 471 812	10 917 460	8 927 771
HAREID SKULE	28 199 583	25 618 337	26 618 337	25 355 662
HJØRUNGAVÅG SKULE	9 047 318	9 118 433	9 263 433	9 005 872
HAREID UNGDOMSKULE	25 163 657	25 170 061	24 870 061	25 449 223
HAREID MUSIKK OG KULTURSKULE	2 827 219	1 934 715	2 124 715	1 907 367
RESSURSSENTERET	5 820 016	7 732 432	8 144 541	4 660 098
BIGSET BARNEHAGE	9 284 726	9 624 787	10 020 634	8 727 221
HAREID BARNEHAGE	4 390 383	3 996 293	4 196 293	4 012 810
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	9 134 752	9 649 695	9 734 940	7 976 144
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	28 621 072	22 924 603	22 924 603	22 422 443
BARNEVERNTENESTE	14 741 144	15 750 223	12 879 780	15 081 532
VELFERDSKONTOR	7 697 967	6 698 177	6 531 644	5 028 941
BUEINING	9 838 239	9 875 435	8 909 497	9 336 727
SKJERMA EINING	12 049 010	9 642 307	9 642 307	11 278 381
KORTTIDSEINING	14 680 547	12 747 599	10 747 599	12 343 953
KJØKEN	3 775 266	3 726 478	3 726 478	3 952 042
HEIMETENESTE EINING 1	17 572 549	15 989 732	15 989 732	15 741 195
HEIMETENESTE EINING 2	6 267 106	4 749 078	4 749 078	6 401 791
BU- OG HABILITERING	28 169 709	22 954 417	17 954 417	24 845 860
KULTURKONTOR	775 204	600 098	890 298	1 133 931
NÆRINGSTILTAK	3 307 160	338 850	338 850	-868 310
BIBLIOTEK	2 327 161	2 591 622	2 591 622	1 467 780
KULTURTILTAK	953 158	1 091 795	1 091 795	844 621
TRUSSAMFUNN	3 983 470	4 259 127	4 259 127	4 480 930
SAMFUNN	2 832 211	4 170 793	4 170 793	3 325 252
KOMMUNALTEKNIKK	7 770 735	7 753 649	7 253 649	5 886 025
SJØLVKOST	-5 276 125	-3 947 565	-3 947 565	-4 644 801
KOMMUNAL EIGEDOM	13 850 217	13 450 964	15 450 964	15 117 647
FINANS	-15 198 458	-8 735 963	-7 189 454	1 765 280
<b>Netto for alle avdelinger</b>	<b>327 038 338</b>	<b>315 069 482</b>	<b>311 273 194</b>	<b>315 480 610</b>

## 4.5 Økonomisk oversikt investering

### 4.5.1 Rekneskapsskjema investering

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphaveleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
<b>Investeringsutgift</b>				
Investeringar i varige driftsmiddel	145 523 324	173 562 229	222 800 000	174 552 425
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	1 204 077	300 000	0	1 332 549
Utlån av eigne middel	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgift</b>	<b>146 727 401</b>	<b>173 862 229</b>	<b>222 800 000</b>	<b>175 884 974</b>
<b>Investeringsinntekt</b>				



Kompensasjon for meirverdiavgift	-20 689 268	-25 272 229	-28 810 000	-24 087 043
Tilskot frå andre	-4 398 746	-4 400 000	0	-663 142
Sal av varige driftsmiddel	-254 048	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0
Bruk av lån	-120 181 261	-144 190 000	-193 990 000	-149 352 362
<b>Sum investeringsinntekt</b>	<b>-145 523 323</b>	<b>-177 862 229</b>	<b>-226 800 000</b>	<b>-174 102 546</b>
<b>Vidareutlån</b>				
Vidareutlån	540 000	0	0	700 000
Bruk av lån til vidareutlån	-540 000	0	0	-700 000
Avdrag på lån til vidareutlån	1 271 435	0	0	1 125 541
Mottekne avdrag på vidareutlån	-1 769 462	0	0	-1 563 109
<b>Netto utgift vidareutlån</b>	<b>-498 027</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-437 568</b>
<b>Overføring frå drift og netto avsettingar</b>				
Overføring frå drift	0	0	0	-470 625
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	498 027	0	0	437 568
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0	-1 299 076
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>498 027</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1 332 134</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)</b>	<b>1 204 077</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>12 727</b>
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
<b>Overføring til fordeling (§ 5-5, andre ledd)</b>				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	146 727 401	0	222 800 000	175 884 974
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>146 727 401</b>	<b>0</b>	<b>222 800 000</b>	<b>175 884 974</b>

## 4.5.2 Rekneskapsskjema investering – fordelt på prosjekt

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphavelig budsjett 2021	Rekneskap 2020
Frå bevillingsoversikt:				
Investeringar til fordeling (netto)	146 727 401	173 862 229	222 800 000	175 884 974
Fordeling på prosjekt				
Valavlukke og urner (2021)	140 100	0	0	0
Hareid Fastlandsamband	0	0	0	50 000
Teodolittkikkert	288 936	300 000	250 000	0
Utskifting av pc til nytt ERP-system	194 125	0	0	0
WIFI Sjukeheimen for velferdsteknologi	95 229	0	0	0
Digitalisering av GBNR-arkiv	883 363	1 000 000	0	57 750



Ymse grunnkjøp	393 012	0	0	516 421
Tomtesalg	88 825	0	0	0
Holstadfeltet - grunnkjøp	0	0	7 000 000	1 508 904
Utkjøp av legepraksis	0	0	0	336 000
Kjøp av legeliste	363 450	300 000	0	0
Sjukeheimen - velferdsteknologi	228 431	0	0	67 844
Hadartun - Signalanlegg	8 215 386	8 250 000	0	0
Diverse inventar Hadartun	850 417	1 000 000	1 000 000	0
Bibliotek, diverse løysingar	661 778	700 000	700 000	0
Flyfotografering	0	0	0	130 420
Utbygging og utstyr til brannstasjonen	1 043 587	6 000 000	6 000 000	484 800
Avløp Sentrum	0	0	0	1 527 673
Avløp til Nesset	0	100 000	2 500 000	0
Raffelneset - Opprydding og tilrettelegging - Del av firkantavtale	328 229	220 130	0	0
Fiberutbygging Almestranda, Ulset, Kvammen og Hjørungneset	0	0	4 000 000	0
Kjøp av eideom Kvennavegen 49	1 696 022	1 500 000	0	0
Kaldholdemninga - Utbetring	0	400 000	0	0
Utvikling av eideom - Godsterminalen	36 438	8 000 000	0	0
Fylling ved Dimo AS	100 807	0	0	0
Vatn til Nesset	0	100 000	2 500 000	0
Avløp Røyset - 1. byggetrinn	0	0	0	1 199 658
Vassforsyning Røyset 1. byggesteg	0	0	0	67 394
Rundkøyring Holstad - innleiane (6514-2008)	507 675	300 000	1 000 000	21 569
Avløp Kyrkjegata og Jets	2 687 991	3 250 000	3 250 000	2 448 179
Redskapsberar	0	0	0	875 000
Miljøprosjekt Kjøpmannsgata Bedehuset - Parken	279 721	600 000	100 000	618 952
Vatn - Nytt inntak Hammarstøylvatnet	0	0	0	3 495 994
Godsterminalen, opprusting kai	1 966 570	2 000 000	10 000 000	578 123
Almetunnelen	0	0	0	128 901
Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset	6 372 999	6 000 000	8 000 000	4 682 379
Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata	0	0	0	4 883 095
Fliskuttar	155 375	160 000	0	0
Indredalen	172 204	500 000	0	0
Gangveg / plastring indre hamn	2 228 253	2 000 000	0	751 013
Søre moloarm Brandal hamn	100 000	100 000	0	0
Avløp - Renseanlegg Raffelneset	652 055	100 000	10 000 000	340 706
Lyspakke veg, utskifting til LED i gatelys	641 124	500 000	500 000	0
Toalett ved Nessetelva	312 359	400 000	1 200 000	0
Effektiviseringstiltak og bossbøtter	0	0	0	357 208
Fotballhall	0	0	0	19 947 898
Gartharbil 2020	0	0	0	814 386
Tusenårspllassen - utvikling av rekreasjonsområde	590 326	400 000	3 000 000	136 623
Anløp - Bytte lyktestolper moloer	705 903	1 200 000	1 200 000	0
Båt og Brygge	365 416	0	0	715 500
Kai Tusenårsplassen	221 600	0	1 000 000	0
Flytebrygge Alme	0	0	400 000	0
Vatn - Kyrkjegata og Jets (inkl. fotballhall)	2 532 378	3 250 000	3 250 000	2 626 935
Vatn - sentrumsnettverk	0	0	0	1 196 451
Vatn - legge om leidning frå vassbehandlingsanlegget	0	0	1 000 000	0
Vatn - Omlegging av vassledningar ved Helsehuset	1 329 092	3 750 000	3 750 000	1 959 906
Vatn - Bytte PLS vassbehandlingsanlegg	79 654	100 000	1 000 000	0
Vatn - Nødvatn - tankar	27 500	100 000	600 000	0



Vatn - Pumpestasjon sentrum	0	100 000	4 000 000	0
Innkjøp av ny vaktbil	733 359	800 000	0	0
Utkjøp av UN37504 Ford Transit Connect	0	0	0	120 000
Avløp - Avskjæringsgrøft Ytre Hareid	101 270	200 000	2 500 000	56 315
Avløp - Omlegging ved Helsehuset	1 592 759	5 000 000	5 000 000	3 298 247
Sikring av Gjerdeelva egenandel til NVE	1 200 529	1 300 000	1 000 000	0
Avløp - Sjøledninger Raffelneset	42 757	100 000	7 000 000	194 956
Avløp - separere fellesledning Hareidselva	0	0	1 500 000	54 920
Avløp - Ovrasanden	1 640	0	5 000 000	121 116
Avløp - Bakkeveien	774 800	1 000 000	500 000	0
Bustdfeltet Plassane	3 100 000	8 000 000	0	0
Holstadfeltet - bygging kanal	26 943	0	9 000 000	36 445
Pålhaugen - bustadområde infrastruktur	3 942 610	4 000 000	4 000 000	2 616 044
Pålhaugen - omsorgsbustader / avlasting	573 212	750 000	18 750 000	282 632
Utbyggingsområde Sidegreiner Røyset	6 706 659	4 000 000	4 000 000	645 923
KL-marka prosjektering og utbygging VA	278 391	300 000	3 000 000	0
Utbyggingområde Indre Hareid - Plassane	0	0	0	2 300 000
Fornyng vassleidningsnett	255 448	600 000	600 000	84 222
Fornyng kloakknett	297 247	1 200 000	1 200 000	132 676
Fremste Teigane med Justeringsrett	58 962	0	0	58 962
Luftvegspoliklinikk (brakkemodular) koronatiltak	0	0	0	984 477
Renovering leilighet Rasmusmarka 8	156 471	0	0	437 538
Bustad Reina 9 gnr. 44. bnr 4	2 151 085	2 151 085	0	0
Forprosjekt innovasjonssenter, omsorgsb. ny barnehage m.v.	230 215	200 000	1 000 000	0
Lys sjukeheim, branntiltak	1 640 000	1 600 000	1 000 000	0
Tuftepark	156 898	0	0	670 628
Helsehus - nytt bygg	55 843 422	59 500 000	34 000 000	97 773 337
Hareid barnehage - brannalarmanlegg og lede- rømningslys	0	0	0	272 015
Innkjøp av bilar	3 015 348	3 000 000	0	0
Syverplassen barnehage - brannalarmanlegg og lede- og rømningslys	0	0	0	225 703
Helsehuset - inventar til psykolog, barnevern m.m.	1 088 530	2 500 000	2 500 000	0
Møblering bibliotek	1 455 576	1 500 000	1 500 000	0
Parkering på tak Coop - midlar ovf til Helsehus	0	0	4 000 000	0
Tomt Helsehuset - midlar ovf til Helsehus	0	0	11 000 000	0
Disp. midlar for uforutsette og akutte behov samt avslutning av vedtekne prosjekt	499 667	1 107 514	5 000 000	0
Hareidhallen - Vaskerobot	0	0	0	486 250
Hareidhalen - vassboren varme	454 500	0	0	0
Trapp, heis og uteområde ved Helsehuset - midlar ovf til Helsehus	0	0	4 000 000	0
Hjørungavåg skule, skulekjøken, led-lys, røykdeteksjon og himling	3 631 356	4 000 000	4 000 000	0
EL-bil ladbar Heimetenesta - Hareid sjukeheim	256 250	260 000	0	0
Brannvarslingsanlegg - Hareid Ungdomsskule	482 883	483 000	0	0
ILOQ Låssystem - Utleigebustadar	542 934	545 000	0	0
Kjøp av snøfresar og hengar	0	141 000	0	0
Rehabilitering av fasade - Hareid sjukeheim	0	695 000	0	0
Rehabilitering av fasade - Hareid barneskule	0	307 000	0	0
Kjøp av videokonferanseutstyr 4 kontor rådhuset	205 995	150 000	0	0
Renovering av tak hovudinngang - Hareid kyrkje	276 243	155 000	0	0
Luftfuktingsanlegg - Hareid kyrkje	190 000	182 500	0	0
Brannsikringspakke - Utleigebustadar	0	270 000	0	0
Utvendig solskjerming - Hareid barneskule	499 950	500 000	0	0
Solskjerming vinterhage og møterom - Hareid sjukeheim	250 600	250 000	0	0



Konvertering ledbelysning - Hareid skule	1 017 536	1 000 000	0	0
Ny heis - Hareid sjukeheim	1 246 875	1 250 000	0	0
Nytt kjøl og fryseanlegg kjøken - Hareid sjukeheim	375 000	375 000	0	0
Renovering fasade - Hareid barnehage	314 612	325 000	0	0
Ny ventilasjon - Hareid sjukeheim	648 707	635 000	0	0
Hareid rådhus - rehabilitering inklusive opsjon på taket	6 315 313	6 250 000	6 250 000	2 207 835
Vedlikeholdspakke jf. vedlikeholdsplan	692 970	600 000	4 300 000	4 757 638
Bigset barnehage - brannalarmanlegg og lede-rømningslys	0	0	0	215 160
Alle føremålsbygg - digitalisering av teikningar	0	0	0	476 914
Hareid skule - belysning uteområde	0	0	0	132 556
Hareid ungdomsskule - Støydemping og himling	0	0	0	782 019
Hjørungavåg skule - drenering	0	0	0	1 138 964
Hareid kyrkje - varmeanlegg, golv og sprinkleranlegg	69 374	0	0	1 479 932
Hareid Kyrkje - Inngangsparti med universell utforming	5 072	0	0	16 765
Ombygging kyrkjelydhuset	4 950 475	4 000 000	4 000 000	352 555
Egenkapitaltilskot	840 627	0	0	946 549
<b>Sum fordelt</b>	<b>146 727 401</b>	<b>173 862 229</b>	<b>222 800 000</b>	<b>175 884 974</b>



# 5 NØKKELTAL OG UTVIKLINGSTREKK

## 5.1 Økonomisk utvikling og stilling

Hareid kommune har stor investeringsaktivitet og lånegjelda har auka vesentleg dei siste åra. Lånegjelda utgjer ved årsskiftet 148 prosent av sum driftsinntekter, noko som er over tilrådde verdiar, men likevel innafor det vedtekne finansielle måltalet. I fylgje dei finansielle måltala skal gjelda reduserast, som prosent av brutto driftsinntekter, frå 2025.

I 2021 viser ei samla drift av sentraladministrasjonen og sektorane eit meirforbruk, medan finansområdet har store postar som slår veldig gunstig ut, og som gjer at rekneskapen samla sett viser eit mindreforbruk. På grunn av dei store ekstra inntektene på finansområdet kan det gjerast avsetting til disposisjonsfondet.

Den underliggende drifta er for kostbar, og kommunen jobbar kontinuerleg med omstettingsprosjekt for å få betre samsvar mellom inntekter og kostnader. Eit meirforbruk i drifta av kommunen svekkjer den økonomiske handleevna over tid.

## 5.2 Utvikling av realverdiar av viktige økonomiske parameter

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunal deflator % endring	2,70	2,30	2,60	2,80	1,70	3,00
Kommunal deflator indeksendring	5,09	4,88	4,58	5,06	3,21	3,27
Kommunal deflator (indeks)	172,25	176,21	180,80	185,86	192,23	195,50
FASTE 2020 1000 KRONER						
Driftsinntekter eks. renter	449 258	466 816	462 524	461 183	476 218	479 641
Driftsutgifter eks. renter og avdrag	428 324	462 697	464 103	458 735	473 713	474 719
Skatteinntekter	137 391	135 311	136 059	139 088	133 737	147 453
Eigedomsskatt	7 055	7 448	7 542	9 337	9 466	9 426
Rammetilskudd	172 141	175 999	178 378	182 756	191 118	186 581
Skatt+rammetilskudd	316 587	318 758	321 979	331 180	334 320	343 460
Sektorinntekter	125 498	136 073	136 661	115 086	129 291	136 182
Statstilskot flyktningar	14 576	15 101	15 158	14 918	12 607	5 492
Kalkulatoriske avskr. og renter	17 008	16 450	16 379	16 229	18 732	22 566
Bruttoresultat	20 933	4 119	-1 578	-2 448	2 506	4 922
Nettoresultat	18 751	3 256	-2 367	1 003	2 196	6 070
Netto renter og avdrag	19 189	17 313	17 168	19 680	23 433	21 418

## 5.3 Utvikling av dekningsgrader i prosent av brutto utgifter eks. renter

---

NØKELTAL i %	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Skattedekningsgrad	33,7	30,9	30,9	32,4	33,0	31,1
Rammetilskuddsgrad	40,2	38	38,4	39,8	39,3	39,3
Skatt+ rammetilskudd	73,9	68,9	69,4	72,2	72,4	70,4
Sektorinntektsgrad	29,3	29,4	29,4	25,1	28,7	26,9
Flyktninginntektsgrad	3,4	3,3	3,3	3,3	1,2	1,2
Kalk. avskr. og rentedekningsgrad	4	3,6	3,5	3,5	4,8	4,7
Bruttoresultatgrad	4,7	0,9	-0,3	-0,5	1,0	1,0
Nettoresultatgrad	4,2	1,7	-0,5	-0,2	1,3	1,3
Netto renter og avdrag	4,3	3,7	3,7	4,3	4,5	5,3

- Skattedekningsgraden viser kor stor del av driftsutgiftene som vert dekt av skatteinntektene.
- Rammetilskotsgraden viser kor stor del av driftsutgiftene som vert dekt av rammetilskot.
- Skatte- og rammetilskotsgraden viser kor stor del av driftsutgiftene som vert dekt av dei driftsuavhengige inntektene.
- Sektorinntektsgraden viser kor stor del etatane sjølv dekkjer av driftsutgiftene gjennom dei driftsavhengige inntektene.
- Bruttoresultatgraden viser kor mykje som er til disposisjon av inntektene til å dekke renter og avdrag, avsetningar, egenhandel kapitalrekneskap m.m. Motpost avskrivningar kjem i tillegg på inntektssida.
- Nettoresultatgrad er handlefridomen etter at renter og avdrag er betalt. Positive tal betyr at driftsutgiftene er større enn driftsinntektene.
- Lina for «netto renter og avdrag» viser kor stor del desse utgiftene utgjer i høve til driftsinntektene.

## 5.3 Utvikling av lånegjeld eks. pensjonsforpliktingar

---

I millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Lånegjeld i løpende priser	331,4	345,9	381,6	507,0	636,0	760,5
endring frå året før	3,8	14,5	35,7	125,4	129,0	124,5



## 5.4 Utvikling av lønskostnader

### 5.4.1 Lønsutvikling i faste 2021-kroner fordelt på art

(tal i tusen kroner)

LØNSKOSTNADAR HEILE KOMMUNEN	2016	2017	2018	2019	2020	2021
010-019 Fastløn	159 004	173 380	174 175	175 655	179 052	181 803
020-029 Vikar	32 865	29 723	25 017	22 965	25 717	25 262
030-039 Ekstrahjelp	4 702	3 704	3 572	2 922	3 672	4 040
040-049 Overtid	2 449	2 916	2 848	3 212	2 928	3 169
050-069 Annen løn og trekkpl. godtgjersler	4 043	4 918	3 932	4 283	4 042	4 437
070-079 Løn reinhold	5 935	5 629	5 688	5 348	5 847	6 153
080-088 Godtgjersle folkevalde	1 749	1 507	1 458	1 510	1 499	1 553
089 Introduksjonsløn flyktninger	2 882	4 719	4 821	4 738	4 956	2 897
090-094 Pensjonsinnskot og koll. ulykke/gr.liv	25 733	26 453	28 360	27 423	29 154	24 023
099 Arbeidsgjeveravgift	31 436	33 094	32 676	32 850	33 591	33 055
SUM	270 797	286 043	282 547	280 905	290 459	286 392
Årlig lønsauke i %	2,7	2,4	2,8	4,1	1,7	2,8
Indeks	142,1	145,5	149,6	155,7	158,4	162,8

### 5.4.2 Lønsutvikling i faste 2021-kroner for det einskilde området

(tal i mill. kroner)

	2018	2019	2020	2021
Sentraladministrasjonen	13,7	14,0	14,2	17,9
Læring og kultur	118,5	116,5	114,8	120,3
Velferd	123,1	121,6	123,9	122,0
Samfunnsutvikling	28,0	28,8	27,9	33,9

Tala for 2021 er ikke direkte samanliknbare med tidlegare år fordi der er resultateiningar som har skifta sektor, mellom anna er Nav-kommune flytt frå Velferd til Sentraladministrasjonen.

## 5.5 Likestilling

Hareid kommune skal aktivt arbeide for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Eit samfunn der vi ikkje diskriminerer er ein føresetnad for likestilling og like moglegheiter. Kvinner og menn skal ha like moglegheiter til utdanning, arbeid, kulturell og fagleg utvikling.

### 5.5.1 Kjønnsbalanse

17 prosent av arbeidstakarane i kommunen er menn, og 83 prosent er kvinner. Status har vore uendra siste åra. Vi ligg under landssnittet, der menn i kommunal sektor utgjer 25 prosent av arbeidsstokken.

Sektor	Tal		Prosent	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	356	73	83	17
Sentraladministrasjon	10	7	59	41
Oppvekst	146	24	86	14
Skuleadministrasjon	1	1	50	50
Grunnskule	83	19	81	19
Barnehagar	55	0	100	0
SFO	3	0	100	0
Øvrig oppvekst	4	4	50	50
Helse/sosial	171	20	90	10
Administrasjon	8	2	80	20
Alm. helsevern	11	0	100	0
Somatisk sjukeheim	72	2	97	3
PU	35	9	80	20
Heimehjelp/-sjukepleie	28	3	90	10
Sosialhjelp	9	2	82	18
Andre verksemder	8	2	80	18
Kultur	2	0	100	0
Teknisk sektor	26	22	54	46
Ymse	1	0	100	0

PAI-registeret 01.12.2021

Sektor	Tal		Prosent	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	335	68	83	17
Sentraladministrasjon	9	8	53	47
Oppvekst	141	24	85	15
Skuleadministrasjon	1	1	50	50
Grunnskule	86	19	82	18
Barnehagar	48	0	100	0
SFO	3	0	100	0
Øvrig oppvekst	3	4	43	57
Helse/sosial	153	16	91	9
Administrasjon	9	1	90	10
Alm. helsevern	9	0	100	0

Somatisk sjukeheim	61	1	98	2
PU	33	7	83	18
Heimehjelp/-sjukepleie	29	4	88	12
Sosialhjelp	4	1	80	20
Andre verksemder	8	2	80	20
Kultur	3	2	60	40
Teknisk sektor	28	18	61	39
Ymse	1	0	100	0

PAI-registeret 01.12.2020

Sektor	Tal	Prosent		
	Kvinner		Menn	Kvinner
I ALT	331	68	83	17
Sentraladministrasjon	10	7	59	41
Oppvekst	142	26	85	15
Skuleadministrasjon	3	2	60	40
Grunnskule	86	18	83	17
Barnehagar	50	3	94	6
Øvrig oppvekst	3	3	50	50
Helse/sosial	151	17	90	10
Administrasjon	9	2	82	18
Alm. helsevern	9	0	100	0
Somatisk sjukeheim	55	1	98	2
PU	31	8	79	21
Heimehjelp/-sjukepleie	31	3	91	9
Sosialhjelp	5	2	71	29
Andre verksemder	11	1	100	0
Kultur	4	0	100	0
Teknisk sektor	24	17	59	41
Ymse	0	1	0	100

PAI-registeret 01.12.2019

## 5.5.2 Deltid

34 prosent menn, og 54 prosent av kvinnene er deltidstilsette i Ha- Reid kommune. Det er ein liten reduksjon i deltidsarbeid blant kvinner frå året 2020 og til 2021 (frå 59 til 54 prosent). Utfordringa er størst i sektor for velferd og i barnehagane. Vi finn også flest kvinnelege arbeidstakrar der, og det er vanskeleg å rekruttere menn til desse yrka.

	Kjønn	2019		2020		2021	
Stillingsstorleik per tilsett		Antal	Prosent	Antal	Prosent	Antal	Prosent
0 – 24,9	Kvinner og menn	16	3,9	15	3,6	12	2,7
	Kvinner	12	3,6	12	3,5	8	2,2
	Menn	4	5,6	3	4,3	4	5,3
25 – 49,9	Kvinner og menn	23	5,7	29	7,0	28	6,4
	Kvinner	19	5,7	22	6,4	22	6,1
	Menn	4	5,6	7	10,0	6	7,9



50 – 74,9	Kvinner og menn	78	19,2	73	17,6	76	17,4
	Kvinner	78	19,2	73	17,6	65	18,0
	Menn	13	18,3	9	12,9	11	14,5
75 – 99,99	Kvinner og menn	108	26,6	109	26,3	106	24,2
	Kvinner	104	31,0	104	30,2	101	27,9
	Menn	4	5,6	5	7,1	5	6,6
100%	Kvinner og menn	181	44,66	188	45,4	216	49,3
	Kvinner	135	40,3	142	41,3	166	45,9
	Menn	46	64,8	46	65,7	50	65,8

PAl-registered 01.12.2021

### 5.5.3 Likeløn

Hareid kommune skal arbeide aktivt med å rette opp i lønsforskjellar som kan vere av diskriminerande art. Menn har ei høgare månadsforteneste og grunnløn enn kvinner. Det er sannsynleg at yrkesval ligg til grunn for denne forskjellen, samt deltidsarbeid som er mest utbreidd blant kvinner. Dette kan vi sjå av stillingskoder i tabellen under. Stillingsgruppe er inndeling etter utdanningslengde, og der kjem kvinner best ut.

I månadsforteneste kan også tillegg for overtid, vaktordningar med meir ha tyding, samt at kvinner og menn kan ta ulike val og prioriteringar i yrkes- og familieliv.

#### Lønsforhold justert for ulike faktorar

Gjennomsnittleg forteneste per månadsverk, og gjennomsnittleg grunnløn per månadsverk for kvinner i prosent av løna til menn.

Justert for	Årstal	2019			2020		2021	
		Kvinners månadsforteneste i prosent av menns	Kvinners grunnløn i prosent av menns	Kvinners månadsforteneste i prosent av menns	Kvinners grunnløn i prosent av menns	Kvinners månadsforteneste i prosent av menns	Kvinners grunnløn i prosent av menns	
Ujustert	96,1	93,1	95,0	91,9	95,3	91,2		
Alder	96,1	93,1	95,0	91,9	95,3	91,2		
Stillingsgruppe	101,2	99,4	103,2	101,7	103,1	100,3		
Stillingskode	100,1	99,5	101,4	101,4	101,1	99,7		
Utdanning	100,1	99,2	100,8	100,9	100,0	98,7		

Tala uttrykker kva løna til kvinner som del av løna til menn ville ha vore dersom kvinner og menn hadde hatt same årsverksfordeling innafor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode kan vere eit mål på kjønnsforskjellen i løn, sidan tala i stor grad vert haldne utanfor den delen av lønsforskjellen som skuldast ulike yrkesval.

Kjønn	Månads- forteneste 2021	Grunnløn 2021	Endring i månads- forteneste 2019-2020	Endring i grunnløn 2020-2021	Tilsette 2021	Årsverk 2021	Endring i årsverk 2020-2021
Kvinner og menn	45.080	42.083	3,1%	2,6%	438	362	7,8%
Kvinner	44.687	41.375	3,1%	2,4%	362	298	7,5%
Menn	46.908	45.379	2,9%	3,3%	76	64	9,4%

PAI-registeret 01.12.2021

Kjønn	Månads- forteneste 2020	Grunnløn 2020	Endring i månads- forteneste 2019-2020	Endring i grunnløn 2019-2020	Tilsette 2020	Årsverk 2020	Endring i årsverk 2019-2020
Kvinner og menn	43.737	41.007	1,5%	1,5%	414	336	2,5%
Kvinner	43.342	40.390	1,3%	1,4%	344	277	3,2%
Menn	45.607	43.926	2,4%	2,6%	70	59	-0,6%

PAI-registeret 01.12.2021

## 5.5.4 Rekruttering

I 2021 vart det utlyst 45 stillingsannonser med anten ei eller fleire ledige stillingar. Av 384 kvinner og 130 menn søkte på jobbane. 89 kvinner og 16 menn vart tilsett.

23,17 prosent kvinner, og 12,30 prosent av menn som søkte fekk tilbod om jobb.





# 6 ARBEIDSMILJØ OG HMS

---

## 6.1 Status

---

Alle bedrifter skal utføre internkontroll og systematisk HMS-arbeid. Arbeidsgjever, arbeidstakar, tillitsvald, verneombod, bedriftshelseteneste og arbeidsmiljøutval har alle roller i HMS-arbeidet. Alle områder skal ha eigne HMS-system som er tilpassa drifta og risikoforholda. Dette skal utarbeidast på sektor-/einingsnivå i tillegg til det som er overordna for kommunen. Arbeidstilsynet gjennomfører tilsyn. Overordna retningsliner ligg i kvalitetshandboka i det elektro-niske internkontrollsystemet Compilo. Med unntak av barnehage-sektoren ligg kommunen på etterskot når det gjeld gjennomføring av systematisk internkontroll. Dette skyldast manglende kapasitet grunna vakanse, stillingsreduksjon og prioritering av pandemirela-erte oppgåver.

Arbeidsmiljø er knytt til korleis vi organiserer, planlegg og gjennomfører arbeidet. Alle arbeidsplassar er ulike, og har ulike arbeidsmiljøutfordringar. Stilling for hovudverneombod bør aukast for å få betre flyt i dette arbeidet.

## 6.2 Bedriftshelseteneste

---

Hareid kommune har avtale med Avonova om å yte bedriftshelsetenester til kommunen. Dei møter fast i arbeidsmiljøutvalet, og saman legg vi årlege handlingsplanar for kva som skal utførast av planlagde og systematiske oppdrag gjennom året.

I 2021 har bedriftshelsetenesta mellom anna ytt tenester innan byggeprosjekt i AMU, start av pilot-prosjekt for å sikre og etablere godt HMS-system med kartleggingar og risikovurderingar og systematisk sjukefråværsarbeid. Det er gjennomført arbeidshelsekon-troller ved kommunalteknikk og VAR og i Syverplassen barnehage.

Bedriftshelsetenesta har i 2021 ytt mest tenester innan systematisk HMS-arbeid.

Arbeidshelse	Vaksiner	Helsekontrollar	Krisehandte-ring	Psykososialt organisatorisk arbeid	Sjukefråvær	Syste-matisk HMS-arbeid
14,6%	2,8%	19,1%	13,1%	1,2%	3,1%	46,2%

## 6.3 Arbeidsmiljøutval

---

Arbeidsmiljøutvalet har hatt to møter i 2021. Utvalet vekslar årleg

mellom å ha leiar og sekretær frå arbeidsgivar- og arbeidstakarsida. Oppgåvene til utvalet er fastsett i Arbeidsmiljølova.

Utvalet hadde slik samansetting i 2021:

Arbeidsgivarsida:		Arbeidstakarsida:	
Kariann Bigseth	sekretær	Endre Johan Ose	Hovudverneombod
Trude Kristin Dalen	medlem	Margrethe Longva	Delta
Siw Olsen	leiar	Kjellbjørn Åsmo	Fagforbundet
Ragnhild Velsvik Berge	vara	Øyvind Vassbotn	Nito
Avonova	Møterett		
Ordførar	Møterett		

## 6.4 IA-utval

Hareid kommune oppretta mot slutten av året eit IA-utval ((inkluderande arbeidsliv) samansett av deltararar frå NAV lokalt, NAV arbeidslivssenter, leiargruppa til kommunedirektøren, hovudverneombod og leiar i fellestillitsmannsutvalet. Utvalet skal møtast regelmessig gjennom året med om lag fire møtepunkt. Arbeidsområdet er mellom anna utvikling i sjukefråværet, tiltak som er/skal settast i verk, nyhende frå partane og vernetenesta, støtteordningar, gode historier m.m. Prioriterte områder for arbeid med sjukefråvær er sjukeheim og barnehagar, og det gjennom sentralt bestemte bran-sjeprogram.

Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) gjeld no i heile arbeidslivet. IA-avtalen vart inngått første gong i 2001 mellom partane i arbeidslivet, staten som arbeidsgjevar og regjeringa. Den er fornya fleire gongar, seinast 1.1.2019. Hovudmålet i avtalen er at sjukefråværsprosenten i løpet av fireårsperioden 2019–2022 skal reduserast med 10 prosent samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018, og at fråfallet frå arbeidslivet skal reduserast. I Hareid var sjukefråværet i 2018 på 6,84 prosent, og i 2021 hadde årsgjennomsnittet auka til 8,65 prosent. Av dei tilsette som var tilknytt pensjonsordninga i KLP auka uføredelen frå 24 til 25 tilsette frå 2018 til 2021. Tilsvarande oversikt frå Statens pensjonskasse har vi ikkje. Lokalt har vi til no ikkje nådd målsettinga om å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet.

## 6.5 Yrkesskader

Det er registrert inn ei yrkesskade til NAV i 2021.

## 6.6 Sjukefråvær

Fråværet (lege- og eigenmeldt) i kommunen var i 2021 på 8,65 prosent. Langtidsfråværet var 6,44 og korttidsfråværet på 2,21 pro-

sent. Tala er noko usikre på grunn av skifte i datasystem, og der fråvær og sjukelønsrefusjonar er noko delt i dei to systema kring årsskiftet.

Vi ser at det legemelde sjukefråværet var registrert i SSB kvartalsvis med høvesvis 9,0, 7,8, 6,4 og 8,8 prosent. Det er sannsynleg at det reelle og totale sjukefråværet var høgare enn 8,64. Vi veit at pandemien har ført til høgare sjukefråvær.

Det vart starta opp eitt prosjekt i 2021 innan sjukefråværsarbeid i sektor for velferd. Tenestene vart ytt av NAV arbeidslivssenter og NAV lokalt, og i tråd med IA-bransjeprogram for sjukeheimar.

<b>2021</b>			
Sektor	Totalt fråv. %	Korttidsfråvær %	Langtidsfråvær %
Sentraladministrasjon	3,72	1,38	2,34
Læring og kultur	6,85	2,02	4,83
Velferd	11,75	2,85	8,90
Samfunnsutvikling	8,16	1,49	6,67
Heile kommunen	8,65	2,21	6,44

<b>2020</b>			
Sektor	Totalt fråv. %	Korttidsfråvær %	Langtidsfråvær %
Sentraladministrasjon	3,67	1,27	2,40
Læring og kultur	6,92	2,05	4,87
Velferd	11,34	2,53	8,81
Samfunnsutvikling	5,72	1,63	4,09
Heile kommunen	8,16	2,12	6,04



# SEKTORDEL



# 7 SENTRALADMINISTRA-SJONEN

---

Leiar: Kommunedirektør Ragnhild Velsvik Berge

## 7.1 Sektorskildring

---

### Sentraladministrasjonen består av:

Servicetorg og politisk sekretariat:	Anne Karette Mork vikar i deler av stillinga for Helga Bøe
Økonomi:	Bjørnar Haddal
Personal- og organisasjon:	Trude Kristin Dalen

Avdelingane tar hand om dei sentrale stab- og støttetenestene i kommunen og bidrar såleis med administrative tenester til dei tenevesteproduserande sektorane i kommunen. Hareid er vertskommune for Hareid, Ulstein og Sande sitt felles NAV-kontor (NAV HUS), og dette er forankra direkte under kommunedirektør.

Sentraladministrasjonen har ansvar for å ivareta arkivtenester, politisk sekretariat, servicetorg, informasjon, inter- og intranettsider, personvern, internkontroll, budsjett, økonomistyring, rekneskap, internrevision, skatt og innkrevjing, lønsarbeid, HMS-arbeid, inkluderande arbeidsliv, permisjonar, tilsettingar, pensjonsordningar, fråvær, ivareta kommunen sitt arbeidsgivaransvar, samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, kompetanseutvikling, personforsikring, tildeling av butilsot og startlån med mykje meir.

Sentraladministrasjonen har i 2021 til tross for koronapandemi, beredskap, kriseleiing, redusert bemanning på leiarsida, auke i oppgåver, heimekontor og nedstenging av rådhuset levert godt. Dette skuldast i all hovudsak svært dedikerte, dyktige medarbeidarar som tek ansvar og syter for at jobben vert gjort til tross for vanskelige arbeidstilhøve.

## 7.2 Oversyn faste årsverk

---

Per 31.12.2021	2020	2021
Resultateining	2020	2021
Ordførarkontor	1	1
Hovudverneombod	0,05	0,05
Rådmannskontoret	2	1
Økonomiavdelinga	4,9	4,9
Personal og organisasjon	3	3
Servicetorg og politisk sekretariat	5	5
IKT	1*	0
Totalt	16,95	14,95

\* Ei stilling knytt til digitalisering, samt etablering og drift av velferdsteknologi, vart flytta frå sektor for velferd til sentraladministrasjonen i 2020. I 2021 vart denne flytta vidare til sektor for samfunnsutvikling og øyremerka til å jobbe med drift av velferdsteknologi og hjelpemiddel opp mot sektor for velferd. Oppgåvene knytt til digitalisering og etablering av velferdsteknologi vart omfordelt i sentraladministrasjonen, men det er klart at ressursane står ikkje i samsvar med oppgåvene når det gjeld drift og utvikling innanfor IKT-området.

## 7.3 Ressursinnsats

<b>Sektorrekneskap (eks. avskrivingar)</b>				
Tal i kroner	R2021	B2021	Avvik	%
Driftsutgifter	42 068 420	43 022 178	953 758	97,8 %
Driftsinntekter	-18 359 249	-17 596 212	763 037	104,3 %
Nettoutgifter	23 709 171	25 425 966	1 716 795	93,2 %

<b>Avdelingsrekneskap politisk styring og kontroll (eks. avskr.)</b>				
Tal i 1000 kroner	R2021	B2021	Avvik	%
Driftsutgifter	2 633	2 763	130	95,3 %
Driftsinntekter	-81	-34	47	238,2 %
Nettoutgifter	2 552	2 729	177	93,5 %

<b>Ressursane vart fordelt slik – (Nettoutgifter i 1000kr)</b>	
RÅDMANNSKONTOR	2 770
ØKONOMIAVDELING	4 425
PERSONAL OG ORGANISASJON	3 447
SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT	3 829
IKT-AVDELING	68
NAV_KOMMUNE	6 618
SENTRALADMINISTRASJONEN	23 709

<b>Ressursane vart fordelt slik (Nettoutgifter i 1000 kroner)</b>	
ORDFØRARKONTOR	1 365
KOMMUNESTYRE	219
FORMANNSKAP	104
LEVEKÅRSUTVAL	84
NÆRINGS- OG MILJØUTVAL	92
ANDRE POLITISKE UTVAL	-
STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	90
STØNAD TIL POLITISKE PARTI	50
REGIONRÄDSSAMARBEID	108
KONTROLLUTVAL	372
ELDRERÄD	47
RÄD FOR FUNKSJONSHEMMA	21
VILT- OG INNLANDSFISKENEMND	-
TILLEGSLØYVINGAR	-
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 552

### Avviksoversyn – netttotal i 1000kr

Eining	R2021	B2021	Avvik	avvik i prosent
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2552	2729	177	93,5 %
RÅDMANNSKONTOR	2770	3259	489	85,0 %
ØKONOMIAVDELING	4425	4175	-250	106,0 %
PERSONAL OG ORGANISASJON	3447	3331	-116	103,5 %
SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT	3829	5287	1458	72,4 %
IKT-AVDELING	68	68	0	100,0 %
NAV_KMUNE	6618	6577	-41	100,6 %
SENTRALADMINISTRASJONEN	23709	25426	1717	93,2 %

### Avviksoversyn politisk styring og kontroll – netttotal

Ansvar	R2021	B2021	Avvik	avvik i prosent
ORDFØRARKONTOR	1365	1177	-188	116,0 %
KOMMUNESTYRE	219	293	74	74,7 %
FORMANNSKAP	104	188	84	55,3 %
LEVEKÅRSUTVAL	84	69	-15	121,7 %
NÆRINGS- OG MILJØUTVAL	92	63	-29	146,0 %
ANDRE POLITISKE UTVAL	0	8	8	0,0 %
STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	90	306	216	29,4 %
STØNAD TIL POLITISKE PARTI	50	50	0	100,0 %
REGIONRÅDSSAMARBEID	108	96	-12	112,5 %
KONTROLLUTVAL	372	408	36	91,2 %
ELDRERÅD	47	27	-20	174,1 %
RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA	21	30	9	70,0 %
VILT- OG INNLANDSFISKENEMND	0	14	14	0,0 %
TILLEGLSLØVYNGAR	0	0	0	
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2552	2729	177	93,5 %

### 7.3.1 Økonomisk avviksanalyse

#### Rådmannskontoret

Rådmannskontoret har eit mindreforbruk på nærmere kr 500.000. Assisterande kommunedirektør gjekk over i anna stilling og vart ikkje erstatta. Lågare personalkostnader og refusjonar utgjer ein stor del av mindreforbruket.

#### Digitalisering og kontrakt, IKT

Resultateininga har kostnader i tråd med budsjettet for 2021.

#### Økonomiaavdelinga

Økonomiaavdelinga har eit meirforbruk på kr 250.000. Ein stor del av meirforbruket består av honorar i samband med gjeldsforvalting. Honoraret veks i tråd med auken i lånegjelda, men har ikkje vore tilstrekkeleg justert opp i budsjettet.

#### Servicetorg og politisk sekretariat

Eininga hadde i 2021 eit samla budsjett på 3 703 516,-. Rekneska-



pen syner 3 161 348,-, eit mindreforbruk på 542 167,-. Grunnen til mindreforbruket er at leiar har vore inn som konstituert kommunalsjef i velferd i 2021.

## Personal og organisasjon

Økonomisk gjekk eininga ut med eit lite meirforbruk.

## 7.4 Målloppnåing

---

Rådmannskontoret. Kommunedirektøren var tilbake i stillinga frå påske. Assisterande kommunedirektør gjekk over i anna stilling utanfor kommunen i løpet av sommaren. Som eit sparetiltak vart stillinga ikkje erstatta, og i budsjettarbeidet fann ein ikkje rom for vidareføring. Drift må prioriterast framfor utviklingsarbeid, så det har vore stillstand på viktig arbeid med internkontroll og prosjekt LOSEN 2025. Her er for därleg kapasitet på sakshandsaming. Samstundes med endringar i toppleiinga har kommunalsjefane for begge dei to store sektorane vore langtidssjukmeldte, og dette gir redusert kontinuitet og framdrift i toppleiargruppa.

Leiarutviklingsprogrammet vart avslutta våren 21. Pandemien sette sitt preg på samlingane, og utbyttet vart noko redusert då nett-møter ikkje er den beste plattforma for dette. Men samla sett vart det ei god evaluering av deltarane, og nytt leiarutviklingsprogram må planleggast inn i budsjettet for neste år.

IKT. Vi vert stadig meir digitale samstundes som behovet for datatryggleik og personvern er på raskt stigande kurve. Det er ein fordel at vi kan støtte oss på eit interkommunalt IT-selskap, men behovet for ein eigen IKT-ressurs er etter kvart prekært og noko vi må finne rom for i budsjettet.

Servicetorg og politisk sekretariat yter tenester gitt innanfor rammen av forvaltningslova, arkivlova, offentleglova m.fl. og etter interne reglement. Leiar for servicetorget har mange sentrale oppgåver for kommunen og det har vore krevjande at ho har vore fråverande i stillinga for å vere konstituert kommunalsjef for velferd. Men dyktige medarbeidarar har stått på for å sikre drifta.

Avdelinga også dette året hatt ei ekstra utfordring knytt til beredskap og kriseleiing, då avdelinga har ansvar for informasjon og sekretariatsfunksjonen.

## Personal- og organisasjon

Avdelinga har i 2021 arbeidd mykje med å få innført nytt HRM-sys-

tem. Det vart ved anbod inngått avtale med Visma om nytt økonomi og HRM-system frå 2022. Visma er eit større og meir omfattande system enn det vi har hatt før, og med høg grad av digitaliserte oppgåver. Sjukefråværet var på 0,52 prosent.

Sektorane gir uttrykk for behov for meir tid til leiarstøtte.

Økonomiavdelinga har rekneskapsføring av Hareid kommune og Hareid sokn og budsjettarbeid som sine hovudoppgåver. Ei sentral målsetting er å vere ferdig med rekneskapsavslutninga i tide, slik at godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga skjer innan fristen, som er juni i påfølgande år. Sameleis er det ei prioritert oppgåve at budsjettvedtaket for neste år og økonomiplanen skal vere godkjent innan fristen som er desember i året forut for budsjettåret. Det vert derfor jobba med å involvere fleire og få betre kontroll på viktige prosessar.

Det vart bestemt at kommunen skal innføre nytt ERP system (Enterprise Resource Planning system) frå 01.01.2022. Førebuingane til dette starta hausten 2021. Innføring av nytt system er ei stor endring og har vore tid- og arbeidskrevjande for økonomiavdelinga.

#### 7.4.1 Lesartal på nett, sosiale medium, nyheitsbrev

2021 var eit bra år for kommunen på nett.

##### Nettside

Vi har hatt ein formidabel vekst i lesartala på nett siste året. Talet på sidevisningar blei 458.042. Det er ein auke på 35 prosent samanlikna med 2020 (339.259)

Vi auka også i 2020, så dette er ein fin trend. I 2020 skuldast auka i stor grad koronapandemien. Dette er heilt klart «godt» stoff som mange er interessert i. Både nye reglar/tiltak og rapportar om smitte blir godt lese.

Ved årsskiftet 2020/21 var det eit mål at lesartala skulle ligge på over 30.000 i månaden. Det klarte vi alle månadar bortsett frå oktober. I 2021 blei det publisert om lag 300 artiklar på nettsida, ein auke på 100 frå 2021. Hovudtyngda av artiklane blir produsert av kommunikasjonsansvarleg, men alle sektorar bidreg med stoff – både tekst og bilete.

##### Facebook

Facebook er den definitivt viktigaste drivaren av trafikk til nettsidene. Ein artikkel som er publisert her får minst ti gonger høgare trafikk enn ein artikkel som ikkje er lagt ut. Facebook-sida vår har vekse med om lag 10 prosent – frå rett under 3000 «likarar» til no 3330. Det er nesten éin ny følgjar til dagen. Eit større publikum gjer

at postane våre når fleire kvar gong vi legg ut noko. Eit gjennomsnittleg Facebook-innlegg frå oss når no om lag 2000 personar. I snitt vil ein plass mellom 5-10 prosent av dei som ser innlegget, alt etter stofftype, klikke på det og lese det som er posta.

## Nyheitsbrev

Det har også blitt sendt ut fleire nyheitsbrev (30) samanlikna med 2020 (25). Nyheitsbrevet har også hatt fleire abonnentar. Sjølv om publisering på Facebook er den viktigaste drivaren av lesartal, får nyheitsbrevet ein stadig større del av kaka. I 2022 er målet å sende ut nyheitsbrev kvar veke. Vi har også fått over 100 nye abonnentar i 2021. Totalt har vi 615 stykk – i tillegg til alle tilsette og folkevalde.

Nyheitbreva blir opna av ein plass mellom 60-70 prosent av abonnentane. Om lag 40 prosent av desse klikkar seg vidare inn på nettsida vår. Opningsraten er langt over det som er vanleg i «nyheitsbrev-bransjen» (40 prosent). Det same gjeld klikkrate (6 prosent). Vi har også svært lite fråfall. Det tyder på at dei som abонnerer set pris på stoffet og nyheitsbrevet.

## Intranett

Vi har fått nytt intranett. Det er meir tiltalande enn det førre, og lettare for alle å publisere. Vi har ikkje samanlikningstal, men ei utfordring vi ser på intranettet er at dei tilsette ikkje er like flinke til å lese stoffet som blir publisert. Det er ei noko vi må sjå nærmare på i 2022.

# 7.5 Tilstandsvurdering

---

## 7.5.1 Tenestene

### Servicetorg og politisk sekretariat

Det har som i fjar vore mykje bruk av heimekontor, og store delar av året har rådhuset vore stengt. Eininga har hatt lågt sjukefråvær.

Digitalisering av gards- og bruksnummerarkiv går sin gang, men har vorte litt forseinka på grunn av pandemien. Det nærmar seg no slutten av dette store prosjektet.

### Oppgradering til websak+

Eit nytt og framtidssretta grensesnitt til kommunen sitt sak- arkivsystem er på plass. Tilsvarande modular for Møte, Arbeidsflyt og Arkiv blir implementert framover (Møte+ implementert mars 2022). Det vart gjennomført digital opplæring for alle tilsette både i personvern og i websak+. På grunn av satsing på digital opplæring vil eininga spare tid på dette framover.

### Integrasjon til sak- arkivsystemet



Skulesystemet har fått integrasjon mot sak- arkivsystemet slik produserte dokument blir arkivert digitalt.

## Stortings- og sametingsval

I forkant var det stor usikkerheit rundt kor mykje pandemien ville prege valgjennomføringa. For å sikre god flyt, lite kø og gode smittevernrutinar, blei førehandsrøystinga og valting i Hareid krins flytta til det gamle biblioteket. Dette lokalet sto tomt.

Det blei også lagt stor vekt på oppmodinga om å førehandsrøyste. Det førte til at 64 prosent av alle røyster i Hareid kommune kom inn som førehandsrøyster. Normalen er i overkant av 25 prosent.

Flytinga til gamlebiblioteket gjorde at vi måtte hente inn eksterne ressursar til å vere valfunksjonærar. Her nytta vi pensjonistar som allereie satt i røystestyra og frivillige frå Hareid sanitetslag. Pensjonistane fekk ordinær løn, medan dei frivillige donerte si godtgjersle til saniteten. Dette samarbeidet kan vere noko å spele på til neste val.

Alt i alt blei valet gjennomført på ein god måte. På grunn av pandemien var det ikkje lagt opp til fysiske valmedarbeidarsamlingar i regi av Valdirektoratet i år. Her sparte vi store summar, slik at vi hadde eit underforbruk, trass ein del innleige av eksterne valfunksjonærar. I budsjettet var det også lagt opp til utgifter til røystemateriell. Mesteparten av denne posten blir dekka av staten.

## Personal og organisasjon

I all hovudsak er tenesta heimla i lov- og avtaleverk. Året 2021 var eit mellomoppgjer, og med det kom også dei såkalla lokale pottforhandlingane. I underkant av 30 lokale forhandlingar inklusive dei årlege vart gjennomført, og innafor de økonomiske rammene som var fastsett. Vi forhandla med 13 fagforeiningar, og etter fem ulike forhandlingsbestemmelser. Hausten var prega av svært stor og ekstra arbeidsinnsats. Drifta elles gjekk som normalt med ordinært løns- og HR-arbeid.

## Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har stabile tilsette og lågt sjukefråvær. Avdelinga har stort arbeidspress grunna førebuing til nytt ERP-system og stor investerings-aktivitet i kommunen. Årsavslutninga vart noko sein av det same, men i det store og heile vart oppgåvene løyst tilfredsstillande i 2021 .

### 7.5.2 Læring og utvikling

Tilsette i Sentraladministrasjonen tek kurs knytt til ulike fagområder og tilsette deltek i interkommunale faggrupper og nettverk. For dette året har det vore lite kursaktivitet anna enn det som er knytt til innføring av nytt dataverktøy.

Her er stort potensiale for meir aktivt bruk av avvikssystemet.



Meldte avvik i servicetorget:				
Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	0			
Organisasjon	0			
Teneste/brukar	1	1		

Avviket gjaldt dokument sendt til tidlegare part i saka. Det er lukka og berørte parter og datatilsynet er varsla. Vi har ikkje hatt skriftlege klagesaker eller tilsyn 2021.

### 7.5.3 Arbeidsmiljø

Det er godt arbeidsmiljø og lavt sjukefråvær, men fleire opplever å ha stått i høgt arbeidspress over tid. Dette er ein kombinasjon av ekstra arbeidsoppgåver knytt til pandemi, men også manglende ressursar til å utføre oppgåver innanfor sakshandsaming generelt, og fagområda HMS, internkontroll og IKT spesielt.

### 7.5.4 Særskilte tiltak

#### Sentraladministrasjonen

Leiarutviklingsprogrammet vart fullført for å syte for naudsynt påfyll til leiarane i kommunen i eit ekstraordinært år.

Nytt HR og økonomisystem. Innføring av nye datasystem er tidskrevjande og har bunde opp mykje ressursar. Det kostar, men vi ser fram mot stor nytteverdi og eit mykje enklare system for oversikt og datafangst.

Tidslinje for budsjett og økonomioppfølging. Det har vore jobba mykje med å lage gode rutinar som skal nå ut til alle. Ei styrking av kontrollerfunksjonen er til stor nytte både for kommunedirektør, økonomileiar og dei øvrige leiarane.





# 8 SEKTOR FOR LÆRING OG KULTUR

---

Konstituert kommunalsjef: Cecilie Bjørlykke

## 8.1 Sektorskildring

---

Sektor for oppvekst femnar om tenestene bibliotek, kulturskule, vaksenopplæring, flyktning, grunnskule og barnehage.

Hareid kommune har bibliotek, kulturskule, ressurssenter, tre kommunale barneskular, ein ungdomsskule og tre kommunale barnehagar, med einingsleiarar som har eit sjølvstendig fag-personal- og økonomiansvar. Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef.

Hareid kommune har tilsyns- og rettleiingsansvar for privat barnehage i kommunen, samt ansvar for å gjere vedtak og finansiere spesialpedagogiske tiltak i privat barnehage og privat grunnskule.

## 8.2 Utviklinga i faste årsverk i rekneskapsåret

---

Resultateining	2020	2021
Oppvekstkontoret	2,8	2,38
Ressurssenteret	9,46	9,46
Hareid ungdomsskule	27,76	27,76
Hareid skule	33,66	33,66
Bigset skule	13,93	13,93
Hjørungavåg skule	11,09	11,09
Musikk og kulturskulen	4,13	4,13
Syverplassen barnehage	15,3	15,3
Bigset barnehage	14,3	14,3
Hareid barnehage	5,7	5,7
Spes ped barnahage	1,4	1,4
Styrka barnehage	3,32	3,32
Lærling	1,08	1,08
Bibliotek	1,55	1,55
Kulturkontor	1	0,83
<b>Totalt</b>	<b>166,68</b>	<b>166,1</b>

Reduksjon på oppvekstkontoret er rådgjevarstilling som har vore vakant sidan 01.08.21

Reduksjon kulturkontor er kulturkonsulentstilling som har vore vakant sidan 01.10.21

Begge desse har stått vakant som innsparingstiltak.

## 8.3 Ressursinnsats

Sektorrekneskap			
Tal i kroner	R2021	B2021	Avvik
Driftsutgifter	179 572 138	175 290 411	-4 281 727
Driftsinntekter	-28 257 042	-22 264 757	5 992 285
Nettoutgifter	151 315 096	153 025 654	1 710 558

Avviksoversyn - netttotal i 1000 kroner			
Eining	R2021	B2021	Avvik
Avdeling	Beløp	Revidert budsjett	Restbeløp
Oppvekstkontor	28699	29675	976
Bigset skule	9952	10472	520
Hareid skule	28200	25618	-2582
Hjørungavåg skule	9047	9118	71
Hareid ungdomsskule	25164	25170	6
Hareid musikk- og kulturskule	2827	1935	-892
Ressurssenteret	5820	7732	1912
Bigset barnehage	9285	9625	340
Hareid barnehage	4390	3996	-394
Syverplassen barnehage	9135	9650	515
Barnevernteneste	14741	15750	1009
Kulturkontor	775	600	-175
Bibliotek	2327	2592	265
Kulturtiltak	953	1092	139
Sum Læring og kultur	151315	153025	1710

### 8.3.1 Økonomisk avviksanalyse

Sektoren hadde i 2021 eit mindreforbruk på 1 684 090 Dette er eit resultat av at alle har jobba hardt for å redusere utgiftene, og som er eit bidrag for å få kommunen ut av det økonomiske uføret vi er i. Meirinntekta på om lag 5 868 118 kroner gjeld koronatilskot, tilskot til vidareutdanning av lærarar, tilskot til læringsmiljøsatsing i skule og barnehage, tilskot til sårbare barn, tilskot til språkopplæring, tilskot til lærebøker, eit godt positivt resultat i drifta på Ressurssenteret, samt auka foreldrebetaling i kommunal barnehage.

#### Barnehage

På grunn av koronapandemien har det vore eit ekstra utfordrande år for tilsette i barnehagane. Styrarane saman med dei andre tilsette har, ved mykje ekstraarbeid som vikarar, klart å halde drifta i gang. Dette har vore viktig for å trygge kvardagen til barna. Utgifte til vikarar er ført som koronarelatert fråvær. Trass i ei stor auke i vedtak om nedsett foreldrebetaling, har barnehageområdet klart å halde seg innanfor dei budsjetterte rammene.

I dei kommunale barnehagane er der no fleire barn enn tidlegare. 150 barn er rapportert per 15.12.21.

## **Skule**

På skuleområdet har også koronapandemien vore ekstra utfordrande. Det har vore mykje sjukefråvær. I tillegg hadde vi ei tragisk hending på tampen av året som har kravd mykje både av menneskelege og økonomiske ressursar. Det har gjennom heile året vore stram drift, og det har vore lagt vekt på å yte nødvendige tenester innan gitt budsjettramme. Sjølv med nye læreplanar har det ikkje vore rom for større innkjøp av nye lærermiddel. Både Hjørungavåg og Bigset skule har spart gjennom at rektor har teke vikartimar, og at dei slår saman klasser ved sjukdom.

## **Ressurssenteret**

Totalt har Ressurssenteret med ansvar 2730 Vaksenopplæring, 2750 Flyktningkontor og 2760 Busetting 2021: 7 flyktingar vart busette av 11 vedtekne plassar, 2 av dei busette var vaksne. 2 kom som familiesameinte, ein av desse var vaksen.

Introduksjonsprogrammet 2021: 14 deltakarar hadde introduksjonsprogram i løpet av 2021 og av desse var det 6 som avslutta programmet dette året.

## **Biblioteket**

Samla sett eit mindreforbruk, trass eit meirforbruk av ekstravakter for å stette opningstider, samt halde drifta i gang med berre 1,5 faste stillingsheimlar. For få tilsette til å ha god formidling av litteratur til dei ulike aldersgruppene

## **Hareid musikk- og kultuskule**

Musikk- og kulturskulen hadde eit negativt avvik på kr 914.000 i 2021. Dette skuldast kutt i ramma ei tid tilbake og auke i utgifter til SSIKT .

## **8.4 Einingane med mål/ målloppnåing**

---

### **Hareid musikk- og kulturskule**

Skulen har som mål å gi elevane høve til å utvikle sin musikalske og kunstnariske kompetanse i høve den enkelte sin føresetnad.

Hausten 2021 hadde skulen 261 elevplassar fordelt på disiplinane:  
Piano, song, gitar,

keyboard, tverrfløyte, violin, messing og treblåseinstrument, visuell kunst, klassisk og jazzballett. Vi har også aspirantopplæring og dirigentteneste til fleire av skulekorpsa i kommunen.

Eit av områda vi har vektlagd i 2021 har vore oppstart av korps i skulen i samarbeid med dei tre skulekorpsa. Dette er no godt i gang. Elles held vi fram med samarbeid/kontakt med heimen og vurdering for læring. Dette vert det jobba med gjennom heile året.



## Biblioteket

Gamlebiblioteket hadde ope for publikum berre januar månad, før nybiblioteket opna 21. mai i Helsehuset. Ved nyopning auka betjente opningstider frå 33 til 41 timer pr. veke. Dette for å gjere det nye biblioteket godt tilgjengeleg, då meirope løysing ikkje kunne i setjast i verk grunna bruk av inngangsparti til smittekllinik. Veldig positivt med nytt bibliotek, men samla areal skulle ha vore større for å kunne tilby betre tenester for born og ungdom og ikkje minst meir hylle -og utstillingsplass for bøker. Det har vore krevjande med svært mange ungdomar innom biblioteket etter skuletid. Etter kvart kom ei løysing med hjelp av frivillige på plass. Auke i besøks- og utlånstal, men ikkje den auka i besøk som forventa og spekulasjon i om det kan ha med bruken av biblioteket av ungdomar. To utlånsautomatar gjer fokus på anna arbeid betre, men mange brukarar vender seg likevel til personalet for utlån. Lånekort på mobil også mogleg. Trass korona, fokus på smittevern og restriksjonar på arrangement, var dei fleste klasser og barnehagar innom nybiblioteket og 15 arrangement i regi av biblioteket eller i samarbeid med andre vart halde + månadlege eventyrstunder for barnehaga-ne. Deltaking på Sommarles gjekk ned.

Ny nettstad for biblioteket, denne gongen under kommunen, lansert i august. Hacking av bibliotekprogrammet utgjorde eit stort problem med tap av data.

Utskriftsløysing for publikum kom ikkje på plass. Personalet brukar for mykje tid til å hjelpe publikum med utskrift og kopiering.

## Ressurssenteret.

Ressurssenteret stettar tenestene vaksenopplæring og busetjing og kvalifisering av flyktningar etter introduksjonslova og opplæringslova (§4a1 og 4a2). Målet er å kvalifisere flyktningar til arbeid eller vidare utdanning i tett samarbeid med andre kommunale eininger, Nav, privat næringsliv og andre utdanningsinstitusjonar. Dei deltek og i satsingar etter Kvalitetsplanen til sektoren, samt nasjonale mål med endringar i introduksjonslova og opplæringslova.

Ressurssenteret buset og kvalifiserer flyktningar, etter introduksjonslova (før 2021) og integreringslova (ny lov for dei som kjem i 2021), og driv alt av vaksenopplæring.

Det inkluderer og grunnskule for vaksne etter opplæringslova §4a1 og 4a2.

Ressurssenteret hadde i 2021 totalt 73 deltakarar på vår, og 50 på hausten i norsk og samfunnuskunnskap etter introduksjonslova.

I grunnskule for vaksne var det 41 elevar. Hareid har etter avtale gitt grunnskuleopplæring til Ulstein, Herøy og Sande sidan 1997. Giske kom til i 2018.

Busetting 2021: 7 flyktningar vart busette av 10 vedtekne plassar, 3 av dei busette var vaksne.

Introduksjonsprogrammet 2021: 14 deltakarar hadde introduksjonsprogram i løpet av 2021 og av desse var det 6 som avslutta programmet dette året.

## **Ungdomsrådet**

Ungdomsrådet har 6-8 møter i året, inkludert eit felles interkommunalt møte med andre ungdomsråd i regionen og eit fast møte med kommunedirektør og andre folkevalde i året. Interkommunale møter har vore avlyst og mange av møta har vore gjennomført digitalt i 2021 på grunn av covid-pandemien. I 2020 fekk ungdomsrådet møte- og talerett i alle dei andre folkevalde organa, inkludert kommunestyret.

Det har vore få arrangement i 2021.

## **Ungdomsklubben**

Ungdomsklubben, eit tilbod til unge i alderen 13-18 år har vore stengt sidan slutten av februar i 2020. Vi var nær ei opning igjen rett før sommaren 2021, men vart råka av vasslekkasje. Dette førte til at ungdomsklubben ikkje vart opna som planlagt. Hausten har gått med til arbeid på lokalet, og planlegging av å kunne opne i gamle lokala til biblioteket.

## **UKM (ung kultur møtes)**

I regi av UKM var der ingen aktivitet i 2021. Kjem sterkare att i år, der kulturskulen sine arrangement sommarkonsert, danseoppvisning og kunstutstilling skal vere arena for utvelging av dei som skal representere Hareid under fylkesmönstringa. Denne skal arrangerast i veke 41.

## **Den kulturelle spaserstokk**

I 2021 arrangerte eldrerådet i samarbeid med spaserstokken buss til Giske kyrkje med omvisning der, pluss innlagt stopp på Alnes, Bryggekafeen der dei fekk servert middag.

På hausten september vart det arrangert eldrefest på Hadartun.

## **Den kulturelle skulesekken**

For barn og unge som får kulturelle opplevelingar i grunnskuleperioden. Svingande grad av arrangement og avlyste arrangement på grunn av pandemien.

## **Barnehage**

I den årlege nasjonale meldinga for barnehagane per 15.12.2021, rapporterte dei kommunale barnehagane at bemanninga er i samsvar med krav sett i barnehagelova.

Ingen av barnehagane har tilsette med på dispensasjon frå kravet om utdanning. Døme: Ved ei avdeling for barn under tre år er det per 14 barn, 4,7 årsverk. Av desse to årsverk med barnehagelærarar, for barn over to år, for ei avdeling med 18 barn over tre år blir det tre årsverk, av desse to årsverk barnehagelærarar og eitt årsverk med assistent. Styrar kjem i tillegg til desse stillingane.

Barnehage	Tal barn	Barneha-gelærarar	Fagarb./assistentar	Sum
Bigset	63	7,20	8,40	15,60
Hareid	24	3,20	2,80	6,00
Syverplassen	63	7,30	7,00	14,30

Etter barnehagelova, har barn fødd innan utgangen av november, rett til barnehageplass året etter frå den månaden barnet fyller eitt år. Barnehagedrifta må vere fleksibel og

tilsette har fått endra/auka stillingane sine gjennom barnehageåret. Barnetalet i barnehagane aukar fram mot sommaren, nedgang tidleg på hausten og auke mot slutten av året.

Til saman 150 born i dei kommunale barnehagane. Med 134 born ved Gnist barnehagar Holstad (no Norlandia Holstad Barnehage), var der på teljedatoen 15.12.21, 284 born i barnehagane i Hareid.

Vi satsar på kvalitet i barnehagane, kan vi framleis melde om auke i barnetalet i dei kommunale barnehagane.

Fleire barn i kommunal barnehage fører til lågare stykkprissats ved utrekning av tilskot til privat barnehage.

Dei kommunale barnehagane gjennomførte for andre gong Udir sin foreldreundersøking i 2021. Av 141 foreldre/føresette i Hareid kommune har heile 119 svart på undersøkinga, det gir ein svarprosent på 84,4%.

Nasjonal svarprosent i 2020 var 70,2.

Beste score er 5.

Tema	Bigset bhg	Hareid bhg	Syverplas-sen bhg	Nasjonalt gj.snitt
Total «tilfredshet»	4,5	4,8	4,5	4,4
Bringing og henting	4,3	4,8	4,5	4,4
Barnet si utvikling:				
Tal barn per tilsett	4,6	4,7	4,7	4,6
Informasjon	4,0	4,5	4,3	4,2
Barnet sin trivsel				
Medverknad for barn og foreldre, foreldremøte	4,2	4,6	4,4	4,2

Barnehagane har utforma ein plan for å arbeide med resultata av undersøkinga. Tar utgangspunkt i dei lågaste scora og arbeider med desse.

Satsingsområde i 2021 har framleis vore vaksenrolla med vekt på autoritativ leiing/mobbeåtfurd. I løpet av 2021 tok vi med oss den autoritative vaksne eit steg vidare til å arbeide med profesjonsrolla til alle som arbeider i barnehagane.

Styrarane er har det overordna ansvaret for å formidle innhaldet av satsingane til dei tilsette, kunnskapen skal kome barna til gode. Saman med resten av kollegiet har styrarane lagt ned ein stor innsats. I dei kommunale barnehagane er det jobba med å halde kostnadane nede ved sjukefråvær og ferieavvikling. Resultatet er innsparing og mindreforbruk.

«Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune, Læring og om-sorg» og nasjonale satsingar legg føringar for dei kommunale barnehagane sine satsingsområde.

Arbeid med «Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver» er inkludert i dei lokale og nasjonale satsingane i kommunen.

Barnehagane har og saman med skulane gjennom heile 2020 vore med i Utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderende barnehage- og skolemiljø». I denne satsinga vert det jobba med verdiar, autoritative vaksne og vaksenrolla i barnehagen. Satsinga vil halde fram til desember 2021. Dette er og ei vidareføring av arbeidet som PPT har drive, med kompetanseheving i barnehagane.

Det er mellomarbeid mellom barnehage/skule mellom samlingane. På grunn av koronapandemien har det frå mars 2020 berre vore digitale samlingar.

Gjennom desse satsingane vart det i 2021 jobba med:

- Vaksenrolla
- Trygt miljø
- Tverrfagleg samarbeid

## Styrka barnehage

Spesialpedagogisk hjelp vert gitt etter Barnehagelova § 31. Kommunen har ansvar for rettleiing av personalet og gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp for dei barna som er gitt rett til dette.

Kommunen er ansvarleg for spesialpedagogisk hjelp i private og kommunale barnehagar. I Hareid kommune jobbar vi medvite med å redusere behovet for spesialpedagogisk hjelp ved å sette inn støtte for dei barna som har behov for tilrettelegging utover det ordinære tilbodet i barnehagen.

Etter endringar i barnehagelova har barn med funksjonshemmning rett til enkeltvedtak om ressursar etter barnehagelova § 37. Desse midlane kan barnehagane/føresette søke kommunen om.

Kommunen har plikt til å legge til rette for eit individuelt barnehage-tilbod til barn både i kommunale og private barnehagar. Tildelinga skal skje ved enkeltvedtak med klagerett.

## Grunnskule

Området vi har lagt vekt på innanfor utviklingsarbeidet

### Tidleg innsats

Dette er satsingsområde både nasjonalt og lokalt. Kommunane får øyremerkte midlar til å styrke læringsmiljøet for kvar einskild elev. Satsinga skal synast att gjennom høgare lærartettleik. På skuleområdet har vi ei eiga gruppe som har representantar frå både lærar og rektornivået og alle skulane, som møtast nokre gongar i året for å arbeide kollektivt med planar vi har innanfor området. Her presenterer kvar skule korleis dei har arbeida der målet er kollektiv læring på tvers av skular, men også å følgje opp målsetjingar vi har i kommunale planar.

### Støttande team på barnehage og skule:

Kommunen er med i eit statleg pilotprosjekt og har nytta midlar til å drifte eit «Støttande team». Teamet har hatt tre tilsette i som i tillegg til stillingar i vår sektor og sektor for Velferd, driv med oppsøkande og støttande tiltak i barnehagar, skular og i heimar. Teamet kan støtte ei avdeling i barnehagen eller ei klasse på skulen for å snu negativ utvikling. Det kan vere på system eller individnivå, men eit barn er alltid ein del av eit system. Heimen kan også søkje støtte i teamet. Teamet har brei kompetanse samla på organisasjonsutvikling, barnehage-skulemiljø, psykisk helse, spesialpedagogikk og traumebevist omsorg. Dette teamet er ein del av satsinga Kompetanseløft, spesialpedagogikk, og ein inkluderande praksis som vi vil utvikle vidare.

### Kompetanseløft, spesialpedagogikk og ein inkluderande praksis

Hareid kommune er nasjonal pilot i saman med 12 andre kommunar/ kommunenesamarbeid i denne satsinga. Satsinga er knytt til stortingsmelding 6, og laget rundt barnet. Vi har vore gjennom ei kompetansekartlegging i samarbeid med Høgskulen i Volda. Koronaviruset og effekten av dette utbrotet har gjort til at vi framleis er i gong med analysen av undersøkinga. Vi vil då finne ut: kva område vi treng vi å byggje kompetanse i? Svært mange av Statped sine oppgåver skal nærare barnet, og kommunen, saman med PPT, skal meistre desse områda. Høgskulen i Volda er tett på oss i dette arbeidet, og satsinga er organisert gjennom eit partnerskap mellom statsforvaltar, høgskule og kommune.

### IBSM: Inkluderande barnehage og skulemiljø

Skulane har saman med barnhagane og PPT, vore med i 4. pulje i Utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderende barnehage- og skolemiljø». Rapport for vart sendt til Utdanningsdirektoratet i februar 2021. Med den kunnskapen barnehagane og skulane har fått i dei to åra vi har vore med, vil vi fortsetje med det viktige arbeidet med å lage gode barnehage- og skolemiljø, samt bruke kunnskapen til tett tiltak i saker der barn ikkje vert inkluderte/vert mobba. Det jobba vidare med verdiar i rammeplan og fagfornyinga, autoritative vaksne, vaksenrolla, eit trygt miljø og profesjons-



rolla på alle nivå i barnehage og skule. For å utvikle eit godt miljø i Hareid for alle, er det og viktig å få med heimane og dei frivillige organisasjonane. IBSM og Kompetanseløft-satsinga går saman, og kjem til å vere i fokus vidare. Arbeid med inkludering og laget rundt barnet er nødvendig å legge vekt på over mange år for å få til den nødvendige utviklinga og endringa over tid. Kvar barnehage og skule har også si ressursgruppe og eigen implementeringsplan ut frå den overordna planen for satsinga.

## IKT i skulen

Alle skulane har 1:1 med Ipad og Chromebook. Vi har systematisk arbeidt med implementering og vaksenrolla i arbeid med nye læremiddel i skulen. Vi har arbeidd med ein overordna digitaliseringsplan for skulane i Hareid som skal implementerast og samskapast i det profesjonelle læringsfellesskapet i skulane dei neste to åra. Vi er no komen i ei fase der dei første Ipad-ane og CB begynner å bli gamle, og vi står i ei utskifting dei neste åra som vi må ruste oss økonomisk til. Fagfornyinga krev også at skulane har økonomi til programmeringsutstyr og kompetanse til innovativ læring som vi må ruste oss til.

## Fagfornyinga

Skulane i Hareid til liks med resten av Skule-Noreg har nytta året til arbeid med fagfornyinga/ nye læreplanar. I samarbeid med Sjus-tjerna, i den desentraliserte kompetanseutviklinga, har vi budd oss på fornyinga av dei nye læreplanane gjennom dialogkonferanse og mellomarbeid i samarbeid med lærarane Ørsta kommune, og Høg-skulen i Volda. Det er planlagt liknande samlingar også for neste skuleår. Å implementere og skape endring tek tid.

## 8.5 Årsmelding for einingane

Tal henta frå skuleporten 2021, Udir

Elevundersøkingar på 7. og 10. trinn.

Skala 1-5: Høg verdi betyr positivt resultat. Beste gjennomsnittsverdi er 5.

Nasjonale prøver på 5. og 8. og 9. trinn

Diagrammet viser gjennomsnitt av eleven sine skalapoeng, usikkerheit knytt til gjennomsnittet og intervallet der 60 prosent av elevarne er.

### 8.5.1 Årsmelding Bigset skule

98 elevar

Bigset skule har hausten 2021 hatt tilsett 9,10 årsverk lærarar, 4,10 årsverk fagarbeidrarar/assistentar og ein rektor i 100 prosent stilting.



Dei blir gjennomført regelmessige personalmøter kvar veke, og dei tilsette har gjennomført naudsynt HMS opplæring.

Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette.

Bigset skule (ansvar 2010) hadde i 2021 eit samla sjukefråver på 3,29 prosent, noko som er godt innanfor målet på 4 prosent.

Bigset skule SFO (2011) hadde i 2021 eit samla sjukefråvær på 16,22 prosent. Dette er langt over målet på 4 prosent. Fråveret er i all hovudsak knytt til usikkerheit rundt covid-19. Det blir fortløpende vurdert tiltak som kan bidra til å redusere fråveret.

## Økonomi

Bigset skule (ansvar 2010) har gjort naudsynte nedskjeringar/ innsparingar, og hadde eit underforbruk på 394 769 kroner i budsjetåret 2021.

Bigset skule SFO (ansvar 2011) hadde eit overforbruk på 78 150 kroner i budsjettåret 2021.

## Læringsmiljø

Bigset skule gjennomfører Utdanningsdirektoratet si elevundersøking og foreldreundersøkinga i desember 2021. I tillegg gjennomfører elevane ei ikkje anonym spørjeundersøking om læringsmiljøet, i mars og september (Spekter digital).

Offentlege tal frå Udir si elevundersøking (7.trinn):

Indeks	Snitt
Trivsel	4,2
Støtte fra lærerne	4,7
Støtte hjemmefra	4,0
Faglig utfordring	3,7
Vurdering for læring	3,9
Læringskultur	3,9
Mestring	3,7
Motivasjon	3,5
Elevdemokrati og medvirkning	3,8
Felles regler	4,4
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	-
Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	-

Spørsmål	Andel
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	0,0%
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene?	0,0%
Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftere	-
<b>Andel elever som oppgir at de i en eller annen kombinasjon er mobbet av medelever, digitalt mobbet av noen på skolen eller mobbet av voksne på skolen 2-3 ganger i måneden eller</b>	-

Generelle trekk frå elevundersøkinga 2021:

- Stabile resultat over fleire år, på nær sagt alle Indeksane.
- Trend siste åra: God trivsel, låge mobbetal
- Relativt låg motivasjon for skule og skullearbeid
- Elevane opplever lærarane som støttande, og interessert i elevane si utvikling og læring (ligg langt høgare enn til dømes fylkessnittet)
- Godt samsvar mellom foreldreundersøkinga og elevundersøkinga

### Nasjonale prøver:

Bigset skule hadde ein nedgang i resultata på nasjonale prøver, og har dei siste tre åra hatt svært låge resultat. For 2021 oppnår vi berre 45 skalapoeng i engelsk, 45 skalapoeng i lesing og 42 skalapoeng i rekning (snitt på landsnivå er 50). Det må leggast til at det er relativt høge tal for usikkerheit grunna låge elevtal på trinnet.

Vi er usikre på kva den store nedgangen på resultata i NP skuldast, men har erfart at elevane generelt er svært usikre i denne prøvesituasjonen. Vi ser at på andre standardiserte kartleggingar som vi gjennomfører, er resultata til elevane meir aldersadekvate og innanfor normalen. Vi har difor ikkje lagt altfor stor vekt på resultata frå NP, men har analysert dei i kollegiet, og sett inn relevante tiltak.

## 8.5.2 Årsmelding Hjørungavåg skule

87 elevar

### Måloppnåing

**Økonomi:** Mål: Drifte med budsjett i balanse og pedagogisk forsvarleg drift.

Hjørungavåg skule har hausten 2021 hatt tilsett 8,00 årsverk lærarar, 3,20 årsverk fagarbeidar/assistent. Rektoransvaret hausten 2021 vart utført av rektor/assisterande rektor på Hareid skule.

### Økonomi

Hjørungavåg skule hadde mindreforbruk på drift på om lag 650.000 – som svarer til 8 prosent. Dette skuldast underbudsjettet sjukelønsrefusjon og pensjonskompensasjon. Hjørungavåg skule har for tida lite elevar med særskilde behov, noko som gjer budsjettet føreseieleg. I tillegg har skulen i delar av året hatt ei løysing med deling av rektorfunksjonen med Hareid skule som har gitt eit positivt utslag på fastlønn på rundt 100 000 kroner.

### Nasjonale prøver

Hjørungavåg skule har dei siste åra hatt eit fallande resultat på nasjonale prøver og er ikkje på det nivå ein skulle ynske på desse prøvene og ligg under snitt av landet i alle fag. Skulen har mange elevar på meistringsnivå 2, over nasjonalt nivå og nokre på meistringsnivå 1, som også er på nasjonalt nivå. Svært få elevar scorar på meistringsnivå 3, som er det høgaste, noko som gjer at snittet for skulen vert lågt.



## Elevundersøkinga:

Hjørungavåg skule (Høst 2021)	
Trivsel	4,3
Støtte frå lærarane	4,5
Støtte frå heimen	4,2
Vurdering for læring	3,9
Læringskultur	3,9
Meistring	3,9
Motivasjon	3,6
Elevdemokrati og medverknad	4
Felles reglar	4,5
Mobbing	4,8
Innsats	4,2
Faglege utfordringar	3,8

Resultat på elevundersøkinga viser ein stabil trend, men gledeleg er det å sjå at når det gjeld mobbing tala dei tre siste åra ein positiv trend og elevane seier det har blitt mindre av det.

Mindre kjekt er det å sjå at i løpet av dei tre siste åra har elevane blitt mindre og mindre motivert for skullearbeid. Ein svært stor del av dei uttrykker at koronatida og fråvær frå skule har påverka dei negativt, det kan sjølv sagt vere ein faktor for at motivasjonen søkk, men det er nok ikkje mogleg å stadfeste og gjeld nok uansett ikkje alle.

### 8.5.3 Årsmelding Hareid skule

255 elevar, 22 årsverk lærar, 2 årsverk adm.,

9 årsverk fagarb/ass., 5 årsverk helse knytt til skule og SFO.

#### Måloppnåing:

Økonomi:Mål: Drifte med budsjett i balanse og pedagogisk forsvarleg drift.

Hareid skule har eit meirforbruk rundt 3 prosent, som svarer til 900.000. Viktigaste grunn er innsparing på drift som vart lagt til skulen og som skulen ikkje greier imøtekome. Rundt 150 000 av dette vert refundert frå KLP-forsikring. Vi har endå utgifter knytt til oppgradering etter brannen. Rundt 200 000 av meirforbruket er knytt til ekstra kostnader knytt til korona. Vi jobbar jamleg med gode, kreative og kvalitetsmessige pedagogiske organiseringar for å imøtekome dei økonomiske utfordringane og dei lovbestemte krava til opplæring i grunnskulelova. Hareid skule har elevar med store og varierande behov som gjer at det er vanskeleg, truleg umogleg, å halde budsjettet om kravet til fordeling av lærarressurs i den ordinære opplæringa skal følgje lovverket.

#### Nasjonale prøver 2021:

Mål: Resultat på eller over nasjonalt nivå. Færre elevar på

meistringsnivå 1 og fleire på 2 og 3.

Resultat:			
Mestringsnivå %:	1	2	3
Lesing	30,2	62,8	7,0
Rekning	21,4	61,9	16,7
Engelsk	22,7	45,5	31,8

Nasjonale prøver i engelsk måler kompetanse mål i læreplanen for engelsk knytt til leseforståing, vokabular og grammatikk.

Nasjonale prøver i lesing måler i kva grad elevane meistrar lesing som grunnleggande ferdighet i alle fag. Prøva er ikkje ei prøve i norskfaget, men ei prøve som viser om elevane har den grunnleggende ferdigheita i lesing som er nødvendig for å nå kompetanse-måla i alle fag.

Nasjonale prøver i rekning måler i kva grad elevane meistarrekning som grunnleggande ferdighet i alle fag. Som i norskfaget er ikkje dette ei prøve i reknefaget åleine.

I faga rekning og engelsk ligg vi på nasjonalt nivå eller litt over. På lesing ligg Hareid skule like under nasjonal score. Vi ser ei lita og jamn betring av resultata dei siste åra. Det systematiske arbeidet tek tid ser vi, men har gitt resultat!

I det pedagogiske arbeidet i klasseromet har vi hatt og har fortsatt vekt på tilpassa opplæring. Leiing er tett på alle trinn og nyttar kvalitetsindikatorane som hjelpemiddel for å finne elevane sin ståstad, som igjen vert utgangspunkt for å tilpasse opplæringa til den enkelte elev i høve til nivå og metode.

## Elevundersøkinga 2021

Mål: Resultat på eller over nasjonalt nivå.

Hareid skule (Høst 2021)	
Trivsel	4,4
Støtte frå lærarane	4,7
Støtte frå heimen	4,4
Vurdering for læring	4
Læringskultur	4,1
Meistring	4
Motivasjon	3,8
Elevdemokrati og medverknad	3,8
Felles reglar	4,5
Mobbing	4,9
Innsats	4,2
Faglig utfordringer	3,9

Elevane trivst svært godt og scorar skulen sin på nasjonalt nivå eller høgare på alle indikatorar bortsett frå motivasjon, der ligg dei rett under den nasjonale scoren. Gledeleg er det også å sjå at tala for mobbing er gode og det er svært lite mobbing på alle trinn.



Trenden dei siste tre åra er at Hareid skule har same eller betre resultat på alle måleindeksane som vist i tabellen over. Vidare mål for arbeidet må vere å stå i det systematiske arbeidet med førebygging og tiltak og gå for at tala for neste år viser endå ein liten auke.

## 8.5.4 Årsmelding Hareid ungdomsskule

176 (vår) og 188 (haust) elevar fordelt på 9 klassar

### Måloppnåing

Økonomi

Det var for 2021 generelt budsjettet for minimalt av driftskostnader. Økonomisk gjekk eininga i balanse ved nyttår. Mindreforbruk i høve til det som var budsjettet for innkjøp av inventar/utstyr, sørvisavtalar og straum, gjorde at ein balanse sett opp i mot ein auke når det gjeld kjøp frå andre kommunar, og auke av kostnad i høve til naudsynt IT-utstyr, var mogleg.

### Nasjonale prøver 2021

Resultat nasjonale prøver 8. steg er eigentleg barneskulane sine tal etter sju års skulegang (prøven vert gjennomført i september ved oppstart 8.-klasse i ungdomsskulen).

Resultatet bør ligge på 50 skalapoeng – noko som er eit gjennomsnittleg, aldersadekvat nivå for 8. klasse.

Resultat nasjonale prøver 9. steg måler progresjonen frå 8. klasse til 9. klasse. Resultata vert verdifulle når dei kan nyttast til å måle framgang/tilbakegang – både som gruppe og individuelt. Slik kan ein vurdere om undervisninga har vore retta godt nok opp i mot målgruppa.

Hareid ungdomsskule sine resultat for 9. steg syner ein god progresjon frå åttande til niande klasse:

I lesing: Forbetring med 4 skalapoeng - som i snitt utgjer nøyaktig eit skuleår progresjon.

I rekning: Forbetring med 3 skalapoeng – som i snitt utgjer knapt eit skuleår progresjon.



## Resultat 8.steg:

	2021-22									
	Engelsk			Lesing			Regning			
	8. årstrinn			8. årstrinn			8. årstrinn			
	Alle eierformer			Alle eierformer			Alle eierformer			
	Begge kjønn			Begge kjønn			Begge kjønn			
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	
- Hele landet	50	0.1	61 561	50	0.1	61 538	50	0.1	61 689	
- Møre og Romsdal	49	0.3	3 091	49	0.3	3 083	49	0.3	3 088	
+ Hareid	49	2.0	76	47	1.7	76	48	1.9	74	

### Symbolforklaring

- \* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ✗ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.

## Resultat 9.steg:

	2021-22						
	Lesing			Regning			
	9. årstrinn			9. årstrinn			
	Alle eierformer			Alle eierformer			
	Begge kjønn			Begge kjønn			
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	
- Hele landet	53	0.1	59 296	53	0.1	59 270	
- Møre og Romsdal	53	0.3	3 053	53	0.3	3 068	
+ Hareid	49	2.7	51	49	3.0	48	

### Symbolforklaring

- \* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ✗ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.



## Resultat 8.steg (20/21):

2020-21									
Engelsk					Lesing			Regning	
8. årstrinn					8. årstrinn			8. årstrinn	
Alle eierformer					Alle eierformer			Alle eierformer	
Begge kjønn					Begge kjønn			Begge kjønn	
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt
- Hele landet	50	0.1	60 005	50	0.1	60 222	50	0.1	60 291
- More og Romsdal	50	0.3	3 098	49	0.3	3 101	49	0.3	3 128
+ Hareid	48	2.6	54	45	2.5	54	46	2.4	54


### Symbolforklaring

- \* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ✗ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.

## Elevundersøkinga 2021

Elevundersøkinga er obligatorisk på 10. steg, men vert gjennomført på alle tre stega.

Tabellen syner resultatet for 10.steg. Resultatet vert målt i verdiane 0-5, der 5 er høgste/beste resultat. For 10. steg er trivsel, fagleg utfordring og lite mobbing, dei områda med høgast skår.




Som tabellen syner nedanfor, ligg resultatet av kartlegginga på 10.steg jamt med eller like under fylkes- og nasjonalt resultat.



## Elevundersøkelsen

Hareid ungdomsskule (Høst 2021) - 10. trinn      Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (Høst 2021) - 10. trinn      Nasjonalt (Høst 2021) - 10. trinn



## 8.5.5 Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2021

Ulstein er vertskommune for den interkommunale PP - tenesta og samarbeidskommunane er Hareid, Volda og Ørsta. Samarbeidet vart etablert 1/8 – 2017. PPT har eit samarbeidsorgan, der kommunalsjefane og seksjonsleiarane for barnehage og skule utgjer samansettinga i samarbeidsorganet saman med ein representant for dei tilsette. Oppvekstsjef i Volda er leiar for samarbeidsorganet.

### Organisering og stillinger

PPT er organisert med leiar, 3 teamkoordinatorar, administrativ konsulent, rådgjevarar og merkantil. Tenesta er inndelt i tre team, førskuleteam, barneskuleteam, team for ungdomsskule, vidaregåande skule og voksenopplæring. PPT har til saman 18,55 stillinger, der 2,5 stillinger går til Fylkeskommunen. I 2021 hadde PPT til saman 78 einingar å yte teneste til. Fylket med dei vidaregåande skulane (VGO) har si eiga årsmelding.

### Fordeling etter elev- og barnetal

Ressursane er fordelt på elev - og barnetal (GSI i 2020/2021) frå dei fire kommunane. Dette kjem fram i tabell 1. Det som er angitt i % er ressursfordeling per kommune.

Elevtal frå GSI (skule og barnehage)	Henta frå GSI (år 2020/2021)	%
Ulstein	1 559	25,40 %
Hareid	900	14,66 %
Ørsta	1 923	31,32 %
Volda	1 757	28,62 %
Sum	6 139	100 %

Kostnadene for interkommunalt PPT i 2021 kjem fram i tabell 2. Tabellen syner og korleis kostnadane vert fordelt mellom dei fire samarbeidskommunane.



## Kostnadar interkommunalt PPT 2021

Lønn	15 575 928
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	754 997
Husleige/vask av lokalar	1 148 961
<u>Refusjonar (sjukeløn/fødselspengar/OU-midlar/tilskot )</u>	<u>-403 163</u>
Totale løns- og driftskostnadar	17 076 723
Administrasjonskostnad	50 000
<b>Total kostnad</b>	<b>17 126 723</b>
 Grunnlag for fordeling til fylkeskommune	17 126 723
Fordelt til fylkeskommune (2,5 stilling av 18,55 årsverk)	2 308 184
 Grunnlag for fordeling av kostnadane mellom kommunane	14 818 539
 <b>Kostnad 2021 fordelt på deltakarkommunane</b>	
 Ulstein (25,40%)	3 763 170
Hareid (14,66%)	2 172 452
Ørsta (31,32%)	4 641 807
Volda (28,62%)	4 241 110

### Mål for PPT og oppvekstsektoren

Det er eit mål at PPT til ein kvar tid skal arbeide etter gjeldande lover og forskrifter. Ein må og sikre at ein held tritt og arbeider etter politiske føringar, korleis dette skal utøvast i praksis må skje i nært samarbeid med leiinga i dei fire samarbeidskommunane.

Etter lova skal PPT hjelpe skule og barnehage med følgjande:

1. Kompetanseheving – dette er eit avgrensa og konkret arbeid. Kompetanseheving kan til dømes vere lesekurs eller kompetanseheving rundt tilpassa opplæring for elevar med ADHD.
2. Organisasjonsutvikling – er eit endringsarbeid, som gjerne går over fleire år og som krev initierings-, implementerings- og viderføringsfase. Dette arbeidet omfatta kunnskap og kompetanseheving til fleire eller alle i ein organisasjon eller i ei kommune.
3. Sakkunnig vurdering – PPT har 25 ulike paragrafer i lova som dei skal skrive sakkunnige vurderingar på. I tillegg til dette skriv PPT sakkunnige uttalar t.d i samband med dysleksi. Den største delen av arbeidet når det gjeld sakkunnig vurdering er § 5-1 i Opplæringslova Spesialundervisning og § 31 i Barnehagelova som omhandlar spesialpedagogisk hjelp. Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp vert tilrådd der eleven/ barnet ikkje har



tilfredstillande utbytte av det ordinære, inkluderande, tilpassa og likeverdige tilbodet.

Dei seinare åra har PPT sett ein aukande etterspørsel etter å skrive sakkunnig vurdering etter § 2-1 fjerde ledd i opplæringslova, heilt eller delvis fritak for opplæringsplikta.

Det er eit mål at oppvekstsektoren skal arbeide meir med langsigting, felles utviklings - og endringsarbeid i tråd med overordna føringar og behov som er tilpassa den enkelte kommune eller eining. Målet i barnehage - og skulesektoren er å styrke det ordinære tilpassa, likeverdige og inkluderande tilbodet for heile mangfaldet. Det å sjå menneske som subjekt, ha fokus på ressurs - og mestringsperspektivet, løfte fram sterke sider og utviklingsmulighetene til både organisasjon og det enkelte menneske er viktig med tanke på å utvikle menneske sin eigen verdi, sjølvverd og som likeverdig medborgar. Overordna føringar peikar og på at PPT i enno større grad skal bistå barnehagar og skular med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Barnekonvensjonen og barnet/elevens sitt beste står sentralt i alt vi gjer.

### Leveranse av PP - teneste

Dei øvrige tabellane i årsmeldinga syner ei oversikt over søknad om bistand som kjem på bistandsskjema til PPT frå skule og barnehage/ heim. I tillegg peikar meldinga på status og tiltak som er sett i verk for å nå mål for arbeidet.

Tabell 3 og 4 syner:

Personsaker som er arbeid med sakkunnig vurdering/ uttale – aktive personsaker, nye saker, saker utan sakshandsamar, tal på arbeida sakkunnige vurderingar og tal på avslutta saker fordelt på kommune.

Kompetanseheving/ organisasjonsutvikling syner tal på tiltaksmøte, aktive systemsaker, kompetanseheving, organisasjonsutvikling, avslutta saker og nye systemsaker.

Tabell 3 syner tal frå 2019, 2020 og 2021. Ein tar med dei føregåande åra for å samanlikne tala, slik at ein kan sjå endringar og utvikling siste åra.

Tabell 4 syner personsaker fordelt på kommune.



Tabell 3

		Ulstein			Hareid			Volda			Ørsta			Totalt 2019	Totalt 2020	Totalt 2021
		2019	2020	2021	2019	2020	2021	2019	2020	2021	2019	2020	2021			
Personsaker	Aktive personsaker pr. 31.12	95	45	40	60	35	23	97	61	57	73	49	51	325	190	171
	Nye saker	32	25	50	16	21	37	44	44	81	42	43	93	134	133	261
	Saker u/sakshandssamar pr. 31.12	4	0	0	2	0	5	7	0	5	2	0	1	15	0	11
	Sakkunnigvurdering	90	50	52	32	33	26	82	72	73	81	59	94	285	214	245
	Avslutta saker	107	74	68	58	47	44	74	75	89	105	62	104	344	258	305
Komp-heving/ Organisasjonsutv.	Tiltaksmøte	18	32	35	14	19	30	17	48	39	30	60	75	79	139	179
	Aktive systemsaker pr. 31.12	9	11	13	3	13	14	2	25	33	3	7	9	17	57	69
	Kompetanseheving	1	3	6	1	12	11	1	25	32	3	7	7	6	48	56
	Org utvikling	7	8	7	2	1	3	1	0	1	0	0	2	10	9	13
	Avslutta systemsaker	2	3	12	2	3	11	1	4	11	2	13	24	7	23	58
	Nye systemsaker	12	3	9	4	14	12	0	28	33	3	12	11	19	57	65

Det som er spesielt viktig å merke seg at her er den kraftige auken når det gjeld talet på nye personsaker, i alle fire kommunane. I tillegg til dette har også aktive systemsaker økt noko i alle kommunane. Når det gjeld talet på utarbeidde sakkunnige vurderinger, hold dette seg nokså stabilt i Ulstein, Hareid og Volda, medan Ørsta kommune merka seg spesielt ut med ein auke på heile 94 sakkunnige vurderinger i 2021 mot 59 i 2020. Den svake auken i systemsaker, kan handle om at skular og barnehagar etterspør meir hjelp på kompetanseheving og organisasjonsutvikling enn tidlegare. Noko som er i tråd med målsettingane retninga for i PPT. Det kan også synet betre forståing og kunnskap om PPT sitt mandat. Tiltaksmøta er i stor grad på individnivå, det må vere ei framtidig målsetting å endre tiltaksmøta meir over på organisasjonsnivået.


Årsakene til den store auken er samansett, slik vi ser det så heng det saman med samfunnsutviklinga, økonomi, meir utfordringar med stress, psykiske lidinger hjå barn unge og familiær. I tillegg til dette ser vi ringverknader for skular, barnehagar og hjelpeapparatet etter korona. Det vert viktig å analysere årsaken til denne sterke auken som omhandlar søknad om bistand, samt avklare forventningar mellom kva rolle og ansvar som skal gjelde mellom skule, barnehage og PPT. Dette er ei viktig oppgåve for leiinga i kommunane, samt det å vidareutvikle kommunen sitt forsvarlige system § 13-10 i Opplæringslova.

Trass denne sterke auken i talet på saker, så har PPT greidd å halde seg innanfor fristane når det gjeld å utarbeide sakkunnige vurderinger, men mot slutten av året såg vi at det blei svært utfordrande å halde fristane. Vi såg også at dette førte til at det blei utfordrande å få kapasitet til å arbeide godt nok med systemsakerne. Det vert viktig å sjå på prioritering av PPT sine oppgåver opp i mot ressursane PPT har til disposisjon. Målet er meir arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Kompetanseheving som PPT har bistått einingane med er mellom anna langvarige og komplekse mobbesaker, høgt fråvær, systemperspektivet, tankevirus, klasseleiing/ relasjonsleiing, Ross Greene – PGS, lesekurs,



kurs i ADHD og tilpassa opplæring, korleis lukkast med fasane i endringsarbeid, ASK – alternativ og supplerande kommunikasjon. I tillegg syner det og kompetanseheving på det authoritative perspektiv, sjå menneske som subjekt/ aktør og verdisyn.

Tabell 4



### Tiltak i denne perioden for å nå mål i arbeidet

Målet for PPT er å arbeide i tråd med lovkrava og kvalitetskriteria for PPT. Vi har hatt spesielt fokus på å arbeide med tiltak både internt i PPT og saman med leiarnivået i dei fire kommunane for å vidareutvikle gode system og kvalitet i arbeidet. Når det gjeld internt arbeid, så har PPT hatt stort fokus på følgjande tiltak:

- Sakshandsamingstid – Hovudregelen er å lever sakkunnig vurdering innan ca 3. mnd. Vi har hatt stort fokus på å lage rutinar i alle fasane i arbeid med sakkunnig vurdering, frå vi får inn søknad og dokumentasjon frå einingane, sjølv utgreiingsfasen og avsluttings – og vidareføringsfasen. PPT har hatt stort fokus på å effektivisere sakshandsaminga, med kvalitet i alle ledd.
- Mal for sakkunnig vurdering med rettleiar – PPT har laga ny mal for grunnskule som er heilt oppdatert etter lova. Vi har lagt stor vekt på eleven og føresette sin medverknad. Vi har også hatt stort fokus på realistiske mål, samt kva muligheter skulen har for å gi tilfredstillande, likeverdig og opplæring i det ordinære tilbodet. Rettleiaren som ligg ved malen skal hjelpe rådgjevarane i å utforme innhaldet i sakkunnig vurdering.
- Tiltaksmøte – Flytskjema som er ein del av kommunen sitt forsvarlige system etter § 13 – 10 i Opplæringslova, vert nytta i alle tiltaksmøter. PPT har hatt stort fokus på å vidareutvikle kvaliteten på tiltaksmøte saman med einingane. Alle skal vere godt budde til møte, med mellom anna å gjere eit grundig forarbeid. Målet er og å heve kvaliteten i det ordinære tilbodet, avklare lovverk, ansvar, roller og forventningar mellom barnehage, skule og PPT. Tiltaksmøte er enkelt å få i stand ved at barnehage eller skule tek direkte kontakt med teamkoordinator på det aktuelle teamet i PPT, PPT kjem då inn i løpet av 14 dagar. Flytskjema

har medført meir bevisstheit om kva lova krev i det ordinære tilbodet. Gjennom samarbeid, tiltak og god dialog har mange saker enda i at skulen eller barnehagen finn løysingar i det ordinære tilbodet. PPT ser at einingane etter kvart har eit større fokus på systemet rundt eit individ. PPT greier å påverke til at einingane ber om noko meir bistand på kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

■ PPT har vore med i kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ei ordning i regi av Udir. Skule, barnehage og PPT i Hareid har vore igjennom ei kartlegging av kompetanse. Formålet er å kartlegge kommunen sin samla kompetanse. Resultat frå undersøkinga skal brukast til å få innsikt i kompetansebehov, slik at ein kan sikre at kommunar har nødvendig kompetanse og tverrfagleg samarbeid i «laget til barna», til raskt å kunne gi eit inkluderande læringsmiljø og dekke behovet for særskilt tilrettelegging hjå barn og unge. Kartlegging av behov og kompetanseutvikling er basert på samarbeid mellom aktørane i «laget til barna/elevane» og universitet- og høgskulesektoren. Resultata frå kartlegginga vil og danne grunnlag for forsking, slik at det i neste omgang kan brukast i lærarutdanningane. Kompetanseområde som kom fram hjå PPT var mellom anna meir kunnskap og kompetanse på organisasjonsutvikling, samt det å drive utviklingsarbeid, ASK, språk og kommunikasjon, innagerande åtferd, inkludering og relasjonsleiring. Dette skal PPT bruke som utgangspunkt for strategiplan intern på PPT, samt å vidareutvikle kommunen sitt forsvarlige system §13-10 i opplæringslova.

Det å ha gode tiltaksmøte, effektiv sakshandsaming, utarbeide plan og avklare/avslutte sakkunnig vurdering er og viktig med tanke på å komme i posisjon til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Andre viktige tiltak for å nå mål for arbeidet er at PPT deltek på kompetanseheving, organisasjonsutvikling og samarbeidsarena utanom det som kjem fram i statestatistikken. Dette er møter eller samarbeidsfora som PPT deltek i ved dei ulike kommunane på ulike nivå i oppvekstsektoren. Desse fora er viktige for mellom anna å få til tilpassa opplæring, inkludering, samarbeid, felles forståing av lovverk, roller og ansvarsfordeling, meir felles forståing av systemperspektivet og vaksenrolla, haldningsendring og fylje overordna føringar for å nå målsettingane for arbeidet i oppvekstsektoren. Felles for alle kommunane er mellom anna møter i samarbeidsorganet, eigarmøter og møte med politikarane.

Her er ei oversikt på faste samarbeidsarena PPT deltek på i dei ulike kommunane. Det er viktig å merke seg at PPT har varierande deltaking i desse viktige samarbeidsfora. Rektormøte og styrarmøte er avgjerande for PPT å delta i for å kunne utvikle gode system og arbeidsmåtar til det beste for barn og unge. Det same gjeld for PPT si deltaking i ulike utviklingsarbeid som går føre seg på overordna nivå i samarbeidskommunane. Desse samarbeidsarena har gjort til at det vert etablert meir felles forståing for kva som er administrasjonen, barnehage, skule og PPT sine ulike roller og lovpålagte oppgåver.

Ulstein:

- Tverrfaglige samhandlingsmøter på overordna nivå
- Rektormøter og styrarmøter

- Arbeidsmøter
- Fast møte med vaksenopplæringa
- Det vart gjennomført tilsyn på fôrskuleområdet/ spesialpedagogisk hjelp i Ulstein kommune 2021 av Statsforvaltinga. Til-synet viste at PPT stetta lova på området, men det vart peika på eit par forbettingsområder som omhandla mellom anna ei enno tydeligare framheving av barnet sitt beste i dei sakkunnige vurderingane, samt meir synleggjering av korleis PPT vekta føresette si stemme i sakkunnighetsarbeidet. Dette arbeidet fekk vi godkjenning på då vi sende inn tiltak til Statsforvaltninga.

Hareid:

- Tverrfaglige samhandlingsmøter på overordna nivå
- Rektormøter og styrarmøter
- Tverrfagleg samarbeid i alle skular og barnehagar
- Kompetanseløftet i regi av Udir
- Fast møte med vaksenopplæringa

Volda:

- Rektormøter og styrarmøter
- Ressursteam
- Fast møte med vaksenopplæringa
- Tverrfaglig samhandlingsgruppe (TSG) i alle skular og barnehagar

Hausten 2021 gjennomførte Volda kommune ei bruker undersøking av PPT. Etter at undersøkinga var gjennomført blei Ulstein kommune bedt om å gi svar til Volda kommune på ei rekke områder. Alle samarbeidskommunane fekk høve til å kome med sine kommentarar og innspel på det foreløpige svaret, som Ulstein kommune hadde utarbeida til Volda kommune. Ulstein kommune tok så stilling til i kva grad dei tok innspela frå samarbeidsorganet med i det endelige svaret til Volda kommune. Saka vart vidare tatt opp i kommunestyret i Volda den 17/2 – 22. Kommunalsjef for oppvekst Gry Nordal og leiari for PPT Ingrid Evebø Haug var inviterte til møte for å orientere om PPT, samt svare på spørsmål.

Ørsta:

- Tverrfaglige samhandlingsmøter på overordna nivå
- Rektormøter
- Fast møte med vaksenopplæringa
- Det vart gjennomført tilsyn på fôrskuleområdet/ spesialpedagogisk hjelp i 2021 av Statsforvaltinga.

## Konklusjon og vegen vidare

Det å lage forsvarlige system i kommunane etter § 13-10 i opplæringslova er tidskrevjande. Endring tar tid, ein ser større grad av felles forståing av PPT sitt mandat, spesielt på leiarnivå.

Statistikken viser at det er ein sterk auke i søknad om bistand frå PPT på personsaker/ sakkunnig vurdering. Det er og ein svak auke

i søknad om bistand som handlar om kompetanseheving og organisasjonsutvikling. PPT har totalt 261 nye personsaker i 2021 mot 133 i 2020.

Når det gjeld saker som omhandlar kompetanseheving og organisasjonsutvikling syner statistikken noko auke. Det er verd å merke seg at 179 av desse sakene er tiltaksmøter, dei resterande omhandlar anna type kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Det er og verd å merke seg at vi no er med på alle rektermøter i samarbeidskommunane, dette er systemsaker som ikkje er tatt med i statistikken. Når det gjeld styrermøte er vi fast med i Ulstein, Hareid og Volda.

Tiltak som PPT har sett i verk med å fylgje lova og kvalitetskriteria for PPT, har ført til ein tydeligare praksis som til dømes rolleavklaring, avklare ansvarsområder, tiltaksmøter, sakshandsamingstid og avslutting av saker. Dette har gjort til at PPT og oppvekstsekturen er meir i posisjon til å nå måla for arbeidet. PPT er blitt tydeligare og meir faglig kompetent. PPT er og meir tilgjengelege og medverkar til heilskap og samanheng. PPT kjem tidlegare inn og arbeidar meir førebyggande, noko som er i tråd med kvalitetskriteria for PPT. Det er tydlegare forventningar, klarare rollefordeling og saksgang, frå tiltaksmøte, søker om bistand, utarbeiding av utgreiingsplan og avslutting av personsak. Dette medfører at barn og elevar får tidlegare hjelp.

Når det gjeld andre tiltak og arena for samarbeid vil det vere viktig for PPT å fortsatt delta i kommunane sine overordna satsingar og utviklingsarbeid. Dette er avgjerande for å nå målsettingar for arbeidet rundt barn og unge. Målet er å inkludere mangfaldet av barn og elevar i fellesskapen. Det å utøve og finne eleven sine styrkar, mogelegheiter og behov står sentralt saman med Barnekonvensjonen. Målet er å styrke det allmennpedagogiske tilbodet slik at fleire elevar og barn får utbyte av opplæringa utan spesialpedagogiske tiltak. Det å snu fokus frå vanske med individ og over på kompetanseheving eller organisasjonsutvikling til dei tilsette i ein organisasjon vil ta tid. Dette føreset fagleg kompetanse, kunnskap om lovverk, tydelege og realistiske forventningar til PPT, barnehagane og skulane sitt arbeid og rolleavklaring mellom overordna nivå barnehage/skulen og PPT. Dette vil krevje kulturendring, haldningsendring, kunnskap og kompetanse på fleire nivå hjå alle samarbeidspartar.

Skal ein nå måla, så må ein samarbeide på fleire nivå, arbeide langsiktig og strategisk med utvikling og tiltak må prøvast ut over tid. På denne måten kan vi saman kome i enno betre posisjon i skule og barnehage til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

## 8.5.6 Årsmelding for interkommunal barneversteneste 2021

### Aktivitet og resultat i 2021

Førebuing til barneversreforma som vert sett i verk i 2022 har vore viktig i 2021 og prega tenesta sitt arbeid på fleire måtar. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Vi har også på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjekt-ansvar for eit prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vert overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Reforma er også ei oppvekst-reform der det vert eit auka fokus på samhandling for å kome tidleg inn. Tenesta tek medansvar for denne mellom anna ved å ta del i ulike møtefora med fokus på samhandling i våre kommunar og ved å delta i BTI/BTS prosessen i kvar kommune.

Koronapandemien har også prega barnevernstenesta sitt arbeid. Tenesta har møtt barn og familiær i heile koronaperioden i samsvar med dei smittevernråda som har vore gjeldande. Det har vore utfordrande å drive barnevernstenesta med heimekontor og utan å kunne møte kvarandre fysisk. Ein har teke i bruk digitale møte til faglege samlingar og personalmøte. Ein har også sikra ordningar der ein har trygge klientsamtalar digitalt.

Tenesta har hatt ei massiv meldingsauke i pandemietida. Etter å ha fått orientering om dette, sette eigarkommunane raskt inn tiltak i form av ekstra personalressurs. I 2021 har kapasiteten til tiltakstamet blitt utfordra når saker som er ferdig undersøkt vert overført til tiltaksfasa. Det er knytt spaning til korleis pandemien og konsekvensane for barn og unge vil prega tida framover.

Tenesta har vore i nemnd og rett med fire saker for Hareid i 2021. Det er mottatt 152 bekymringsmeldingar vedkomande born frå Hareid i 2021. Ved årsskiftet var det 64 barn som mottok tiltak frå barnevernstenesta, 11 av desse budde i fosterheim og 1 på institusjon.

### Økonomi

Tenesta har i stor gått vekk i frå å kjøpe tiltak frå private aktørar og nyttar kompenserande tiltak i mindre grad enn tidlegare. Ein nyttar i staden eige familieteam. Dette er medverkande årsaker til at utgiftene har gått ned på tiltak i heim. Institusjonstiltak var avslutta før planen og dette førte til mindreforbruk på tiltak utanfor heimen.

### Sjukefråvær

Eit samla sjukefråvær på 8,97 prosent er ein nedgang i forhold til tidlegare år. Det vert lagt stor vekt på å følgje opp sjukemeldte og å finne gode løysningar for den enkelte.



HAREID KOMMUNE	Budsjett 2021	Rekneskap 3.12.2021	Årsprognose 2021, 30.11.2021	Prognose minus rekneskap
<b>Funksjon</b>				
<b>F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter</b>	3 595 847	3 960 654	3 686 302	-274 352
<b>F251 Tiltak i familien</b>	1 531 413	1 093 448	1 231 413	137 965
<b>F252 Tiltak utanfor familien</b>	11 692 163	9 366 484	10 464 163	1 097 679
<b>Samla kostnad</b>	<b>16 819 423</b>	<b>14 420 586</b>	<b>15 381 878</b>	<b>961 292</b>

## Tilstandsvurdering

*Tenestene:* I alle delar av sektoren vert det gjort eit svært godt arbeid innafor læring og kultur, med stadig krav til strammare ressursbruk. Sektoren er stor og mangfaldig, men sektoren arbeider godt kollektivt og viser stort samhald og samskaping på alle områder. Det har vi sett gjennom år med blant anna pandemi og andre utfordringar som har ramma sektoren.

*Læring og utvikling:* Både Ressurssenteret, kulturskulen, barnehage og skule er med i ulike utviklingsprogram både lokalt, regionalt, og nasjonalt. Barnehage og skule er med i den store satsinga Inkluderande barnehage- og skolemiljø og er pilotar på kompetanseløft for spesialundervisning og inkluderande praksis. Sektoren deltok med foredrag, i lag med Høgskulen i Volda på Statpedkonferansen i haust. Her fekk vi vise noko av det vi jobbar med i samband med utviklingsarbeid.

*Arbeidsmiljø:* Det blir gjennomført årlege medarbeidarsamtalar på alle nivå. I tillegg har kommunalsjef utviklings- og oppfølgingssamtalar med mellomleiarane. Det som kjem fram av behov for endring blir handsama i sektoren, eller med hjelp av sentraladministrasjonen, etter faste prosedyrar.

*Særskilte tiltak:* Det blir arbeid kontinuerleg for å finne mindre ressurskrevjande måtar å arbeide på for å imøtekome krav til sparing. Med stor innsats på alle nivå så har vi lykkast så langt.

## 8.5.7 Årsmelding for NAV Hareid-Ulstein-Sande

Arsverk	Tilsette		
34,8	35		
Netto resultat	2019	2020	2021
Rekneskap	4,5	4,94	4,14
Budsjett	3,84	3,84	4,09
Avvik	-0,66	-1,1	-0,05
Sjukefråvær i %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	3,7	3,3	8,7



Dette gjer vi for å nå måla: :

- Tilby tilrettelagde kvalifiseringstiltak til dei som treng det for å kome i arbeid
- Styrke kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga.
- Styrke samarbeidet med næringslivet ytterlegare

*Leiar:  
Alexander Måseidvåg*

### Aktivitet og resultat i 2021

NAV Hareid-Ulstein-Sande gjennomførte i starten av 2021 samlokalisering til nye lokale i Helsehuset på Hareid.

Kontoret har hatt stor aktivitet og levert gode og tilgjengelege tjenester i eit år som også har vore prega av pandemien.

NAV Hareid-Ulstein-Sande deltok som eitt av 4 kontor på Mulighetskonferansen som ein nasjonal konferanse i NAV. Her presenterte vi korleis vi jobbar med marknadsarbeidet som er eit satsingsområde for kontoret. I andre halvdel av året gjennomførte vi ein omorganiseringsprosess der strukturen vart endra frå 3 team med teamkoordinatorar til 2 avdelingar med avdelingsleiarar.

Samarbeidet med Mafoss og avdeling for inkludering og mangfold i Ulstein kommune om kvalifiseringsløp til industrimekanikar og helsefagarbeidar er vidareført. I tillegg jobbar vi med å få til nye læreløp i samarbeid med andre delar av næringslivet.

Vi har gjennom året jobba aktivt for å utvikle tenestene til brukarane. Vi har mellom anna utvikla eit gruppetilbod for ungdom som står utanfor utdanning eller arbeid.

Prosjektperioden for IPS vart avslutta og er IPS er no vidareført i kommunane Hareid, Ulstein, Sande, Herøy og Vanylven.

### Økonomi

NAV landa omtrent på budsjett på økonomisk sosialhjelp med eit overforbruk på 0,05 mill. Dette er ein nedgang på 0,8 mill. i høve året før. Kontoret har jobba målretta med satsing på tiltak for dei som står lengst unna arbeidsmarknaden. Dette kan vere med på å forklare nedgangen i utbetalingane.

### Sjukefråvær

Sjukefråværet var 2,6 prosent for statleg tilsette og 19,1 prosent for kommunalt tilsette for 2021.

Samla sett var sjukefråværet på 8,7 prosent.

# 9 SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

---

Kommunalsjef: Kai-Rune Bjørke

## 9.1 Sektorskildring

---

### Plan Byggesak og Geodata

Eininga består av fire økonomiske ansvarsområde. Desse er plan, byggesak, geodata og beredskap. Eininga har fem årsverk, og utfører eit vidt spekter av oppgåver. Hovudsakleg driv eininga med handsaming av private planforslag, overordna planlegging som til dømes kommuneplan og planstrategi, dele-saker, byggesaker og dispensasjonar, planlegging og oppfølging knytt til kommunal beredskap, oppmåling og sakshandsaming etter matrikkel-lova, GIS (geografiske informasjonssystem) – forvaltning og drift av kartbasar, tildeling av adresser samt føring i matrikkel, eigarseksjonering, sakshandsaming etter motorferdsel-lova, sal av egedomsdata, beredskapsplanlegging med meir.

Arbeidsoppgåvene som hører til eininga genererer også ein stor del av besøk frå kundar (innbyggjarar og profesjonelle aktørar), noko som fører til at mykje av arbeidskvarden vert nytta til rådgjeving og rettleiing både per telefon eller ved fysiske besøk på rådhuset. Eininga hjelper også internt i organisasjonen med rettleiing, rådgjeving eller opplæring innan dei fagområda vi har ansvar for.

### Brannvern

Oppgåvene her vert ivareteke gjennom samarbeid med Ulstein. Vi syner til eiga årsmelding for dette ansvaret.

### Trussamfunn

Dette gjeld i hovudsak Den norske kyrkja i Hareid, sidan ansvaret for andre trus- og livssynsamfunn no vert overført frå kommune til stat. Kommunen sitt ansvar med omsyn til kyrkje og gravplass vert i hovudsak finansiert av kommunen, medan det praktiske og administrative ansvaret for same, vert ivareteke av Hareid sokn. Vi syner her til eiga årsmelding.

### Samfunn

Denne eininga inneholder ansvara:

6500 – Samfunnskontoret (sektoradministrasjonen med kommunalsjef og rådgjevar ligg her)

6522 – Hamn (tenestested for kommunal hamnadministrasjon / hamnesjef m.m. )



6550 – Anløp (tenestested for administrasjon av sjølvkostområdet i hamna)

8011 – Landbrukskontoret (Hareid sin del av budsjettet for det interkommunale landbrukskontoret er plassert her. Vertskommunen er Herøy)

8013 – Distriktsveterinær (Hareid kommune m/fl. har avtale med privat veterinærklinikks om kommunal tenesteyting på området. Hareid kommune sin del av budsjettet er plassert her)

6500-Samfunnkontoret var ved inngangen til 2021 oppsett med 3,3 årsverk, derunder 1,8 årsverk for rådgjevar og 0,5 årsverk for folkehelsekoordinator. Sistnemte fekk i løpet av 2021 anna organisatorisk tilknyting. Rådgjevarressursen vart vidare redusert med 0,4 årsverk ved inngangen til 2022 då 0,4 årsverk av nemnte ressurs vart sett inn som hamnadministrativ ressurs / hamnesjef. Ved utgangen av året vart den samla rådgjevarressursen (oppriinneleg 1,8) ytterlegare redusert med eit heilt årsverk, då tilsett med sistnemte årsverk vart tilsett som leiar i ei nyopprettet resultateining. For tida er såleis samla ressurs i 6501 – Samfunn redusert frå 3,3 årsverk til 1,8 årsverk, no beståande av eitt heilt årsverk som komunalssjef, 0,4 årsverk som rådgjevar og 0,4 årsverk som hamnesjef. Samla sett er arbeidsmengda ikkje redusert i denne resultateininga og det er usikkert kor lenge det er forsvarleg å oppretthalde ei så låg bemanning.

Samfunnkontoret har ansvar for alt grunnerverv, diverse sakshandsaming, offentlege anskaffingar, overordna juridiske problemstillingar, samt det meste som har med privatrettslege tilhøve for kommunen.

I tillegg inneholder eininga ansvara distriktsveterinær og landbrukskontoret. Desse tenestene vert utført av høvesvis ei privat veterinarerende samt Herøy kommune.

I 2021 vart ansvaret for «Anlaup / farlei» overført til 6501 – Samfunn. Ansvarsområdet er eit sjølvkostområde og skal i hovudsak ha ansvaret for den kommunale delen av farleia. Eininger er lokal hamnemynde etter hamn- og farvasslova.

I 2021 vart også ansvaret for «Hamn» overført til 6501 – Samfunn. Dette ansvarsområdet har ein kommersiell profil og dekker drift, vedlikehald og utvikling av alle hamnene i Hareid kommune. Ansvarsområdet er og ansvarleg for ISPS terrorsikring. «International Ship and Port Facility Security Code» er vedteken av FN sin sjøfartsorganisasjon for å betre tryggleiken for skip i internasjonale farvatn

Oppsummert er ressurssituasjonen endra slik:

Rådgjevar 1 har fått ansvar for budsjettansvara hamn og farled og mynde som hamnesjef. Ressursen vart fordelt med 0,4 årsverk som hamnesjef og 0,4 årsverk som rådgjevar.

Det vart hausten 2021 gjort grep for å opprette ny eining for Næring kultur og busetting, med Rådgjevar 2 som ny leiar. Formelt vart dette vedteke organisatorisk og økonomisk i budsjettvedtaket for 2022.

## Kommunalteknikk

Eining kommunalteknikk og VAR har følgjande ansvarsområde:

- Vatn
- Avløp
- Slam og renovasjon
- Vegeigar og vegmynde
- Park og grønt
- Idrettsanlegg
- Gatelys
- Forureining og forureiningsmynde
- Utbyggingsområde

Eininga består av 13,5 stillingsheimlar, inkludert einingsleiar som har fag-, økonomi- og personalansvar. Eininga har 12 tilsette fordelt med 7 tilsette på uteavdelinga og 5,5 tilsette inne på rådhuset.

Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef for samfunnsutvikling.

Eininga v/einingsleiar har også ansvar for teknisk vakt som er på vakt alle dagar heile året for å sikre infrastrukturen i Hareid kommune. Det er fem personar som går i teknisk vakt i fem-delt turnus. Eininga har produksjon og aktivitet heile døgnet.

## Sjølvkostområdet

Sjølvkostområdet omfattar vatn, avløp, forureining.

Eininga har i tillegg mange bygningar som ein sjølv har ansvaret for drift og vedlikehald av.

## Kommunal eigedom

Eininga har, i tråd med tildelte budsjett, ansvar for å forvalte, drifte, vedlikehalde og utvikle kommunale eigedomar på ein slik måte at dei til ei kvar tid innfrir gjeldande regelverk, beheld eller aukar sin verdi. I tillegg har eininga ansvar for å drive fram ulike byggesprosjekt i kommunen.

Kommunens totale egedomsverksem vert ivaretatt av egedomsavdelinga, som forvaltar over 50 000 m<sup>2</sup> bygningsmasse, herunder nærmere 70 bustadar. I tillegg til dette kjem utomhusareal kring formålsbygga, leikeplassar med meir.

Kommunens egedomsportefølje er mangfoldig og består av:

- 5 stk skular - 3 barneskular, 1 ungdomskule og 1 musikk- og kulturskule
- 5 stk idrettshallar - 2 idrettshallar og 3 gymnastikksalar
- 5 stk Institusjonslokaler – Sjukeheim, Hjellebakken, Helse-senter Hadartun
- 3 stk førskulelokaler
- 1 stk symjehall
- 1 stk fotballhall
- 1 stk brannstasjon
- 2 stk næringsbygg – Helsehuset og Myrtunet
- Lagerlokale
- Kommunale bustadar 24 stk. Hadartun 33 stk, Hjellebakken

9 stk. Innleigde bustadar 7 stk.

- Offentlege toalett

## Næringsstiltak

Eininga omfattar ansvara næringsfondet og Vekst i Hareid.

Næringsfondet er eit forvaltningsansvar knytt til midlar som i hovudsak vert tilført kommunen av departementet / fylkeskommunen. Midlane vert forvalta ut frå eit bunde fond og representerer korkje inntekter eller kostnader for kommunen.

Vekst i Hareid er eit treparts-samarbeid mellom Hareid kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune samt Hareid Næringsforum. Finansieringa er gjort gjennom dei same partane, der det i utgangspunktet er sett ei kostnadsfordeling som inneberer at fylkeskommunen står for 50 prosent av kostnadane og kommunen og Hareid Næringsforum deler på dei resterande 50 prosent.

## 9.2 Utviklinga i faste årsverk

Per 31.12. i rekneskapsåret

<b>Eining</b>	<b>Årsverk 31.12.2020</b>	<b>Årsverk 31.12.2021</b>
Kommunalsjef	1,00	1,00
Rådgjevar 1	0,80	0,80
Rådgjevar 2	1,00	1,00
Folkehelsekoordinator	0,50	0
<i>Sum adm. sektor</i>	<i>3,30</i>	<i>2,80</i>
Veg	1,20	1,25
Park-og grønt	1,00	1,05
Anløp	0,20	0,20
Vatn	5,90	7,00
Avløp	3,20	4,05
Prosjektleiing sjølvkost	2,00	2,00
<i>Sum Kommunalteknikk og VAR</i>	<i>13,5</i>	<i>15,55</i>
Eigedomskontor	0	1,00
Prosjektleiing	0	1,00
FDV-bygningar	3,00	7,87
Vedlikehald	4,82	0
Utleige	0	1,00
Reinhald	11,58	12,36
<i>Sum Kommunal Eigedom FDV</i>	<i>18,9</i>	<i>23,23</i>
Plan	2,00	2,00
Byggesak	1,00	1,00
Geodata	2,00	2,00
<i>Sum Plan, Byggesak og Geodata</i>	<i>5,00</i>	<i>5,00</i>
<b>Samla årsverk</b>	<b>37,70</b>	<b>41,58</b>



## 9.3 Ressursinnsats

Sektorrekneskap (eks. finans)				
Tal i tusen kroner	R2021	B2021	Avvik	%
Driftsutgifter	80 071	74831	5 240	93,4
Driftsinntekter	-45 668	-38 785	-6 883	117,7
Nettoutgifter	34 403	36 046	1 643	95,4

Ressursane vart fordelt slik – (Bruttoutgifter i 1000kr)				
Avviksoversyn – netttotal				
Eining	R2021	B2021	Avvik	
BRANNVERN	6137	6207	70	
KOMMUNAL EIGEDOM	12806	13451	645	
KOMMUNAL TEKNIKK	7771	7754	-17	
NÆRINGSTILTAK	3307	339	-2968	
PLAN, BYGGE-SAK OG GEO-DATA	2714	3813	1099	
SAMFUNN	2833	4171	1388	
SJØLVKOSTOM-RÅDE	-5149	-3948	1201	
TRUSAMFUNN	3983	4259	276	
SAMFUNNSUTVIKLING	34402	36046	1694	

Tabellen er ført etter forskriftsmessige standarar. Skal ein finne sektoren sitt reelle resultat, må ein sjå til føringane som er gjord i høve fondsavsetning. I praksis vil dette seie at ansvara Næringsstiltak og Sjølvkost er nulla ut mot fond.

Forskriftmessig underforbruk:	Kr. 1694
+Korr. Næringsstiltak:	Kr. 2968
- Kor. Sjølvkost:	Kr. 1201
Reell botnline/underforbruket for sektoren vert dermed slik:	Kr. 3461

### 9.3.1 Økonomisk avviksanalyse

#### Brannvern

Vi har gjennom året hatt samordningsmøte og vi har fått meir struktur i samarbeidet. Dette har gjort at vi også har fått eit kunnskap om fordeling av kostnader rundt sjølve drifta av brannvernet opp mot drift av brannstasjonen. Rekneskapen for 2021 syner eit lite mindreforbruk.

#### Kommunalteknikk

Eininga har ansvar som knyt seg til ordinær drift i tillegg til ansvar på sjølvkostområdet.

På sjølvkostområdet kan vi berre ta betalt for «nødvendige utgif-

ter». Sjølvkostprinsippet set forbod mot at kommunen kan tene pengar på tenestene. Vi kan berre ta betalt for det tenestene faktisk kostar å drifta. Eventuelle overskot innanfor sjølvkostområda skal avsetjast til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år må nyttast innanfor ei femårsperiode. Dette er i tråd med generasjonsprinsippet som slår fast at ein generasjon brukarar ikkje skal subsidiere neste generasjon, eller omvendt.

## Drift

Eininga har heile året hatt fråvær av einingsleiar. Konstituert leiar har vore på plass heile året med eit skifte av konstituert leiar på hausten 2021. Eininga har mange investeringsprosjekt som tek opp mykje ressursar. Delar av driftspersonalet har brukta stor kapasitet på investeringsprosjekt, noko som i neste runde går sterkt ut over drifta og det ein har kapasitet til å utføre der.

I fyrste kvartal har vi mellom anna lagt vekt på å starte opp og sikre framdrift i investeringsprosjekta. Forseinking i rammeavtale rådgjevingsteneste kommunalteknikk (innkjøpssamareid Ålesund) har ført til meir arbeid med å starte opp prosjekta, då vi må lyse ut konkurransar både for prosjektering og utføring.

Ein uvanleg snørik vinter har ført til at vi har brukta mykje ressursar på handtering av førespurnadar og tilbakemeldingar om brøyting, brøyting i eigenregi, brøyteskadar med meir. Dette har også ført til eit overforbruk på vinterdrift. Den snørike vinteren har også ført til forseinkingar i fleire investeringsprosjekt.

Då ressursbruken mellom anna har vist seg å føre til utfordringar med å halde tilfredsstillande kvalitet på drift, starta vi også i fyrste kvartal arbeidet med å omorganisere uteavdelinga. Målet med omorganiseringa var å best utnytte alle ressursar eininga har, samt å fordele arbeidspress og ansvar ved å dele dei ulike ansvarsområda mellom fagkoordinatorar. Dette arbeidet har vi fortsett med i både andre og tredje kvartal. Ny driftsleiar/fagkoordinator vatn var på plass i april 2021 og har ut året vore i full gang med opplæring ved å arbeie parallelt med driftsleiar vatn som trappar ned mot pensjon.

I fjerde kvartal har vi lagt vekt på å sikre framdrift i og sluttføring av investeringsprosjekta samt arbeide fram ei god inndeling, systematisering og generell oppbygging av struktur kring dei ulike roller og arbeidsoppgåver i avdelinga. Vi er i fjerde kvartal i mål med arbeidsskildringar samt funksjonsskildringar for fagkoordinatorane, kartlegging av kompetanse samt behov for å betre kompetanse på dei ulike fagfelta som vidare er i tråd med dei endra ansvarsområda mellom fagkoordinatorane. Fagkoordinatorane sine ansvarsområder er no inndelt i følgjande:

- veg og gatelys,
- vatn,
- avløp,
- park, grønt og idrettsanlegg

Ein tilsett har gått av med pensjon og ny fagarbeidar var på plass i desember.

## Sjølvkostområde

**Sjølvkostområde vatn:** Sjølvkostområdet for vatn fekk eit negativt resultat i 2021 på kroner 263 913.

Sjølvkostfondet for vatn har ein positiv saldo på kroner 1 498 473.

**Sjølvkostområde avløp:** Avløp har eit sjølvkostfond som pr. 31.12.21 har ein saldo på kr. 1 231 218. Avløp fekk eit positivt resultat i 2021 på kroner 1 149 953.

**Sjølvkostområde slamtøming:** Søre Sunnmøre Reinhaldsverk er driftsansvarleg for tøming av septiktankar i Hareid kommune.

**Sjølvkostområde renovasjon:** Søre Sunnmøre Reinhaldsverk er driftsansvarleg for renovasjonsordninga i Hareid.

## Plan, byggesak og geodata

Eininga hadde i 2021 eit mindreforbruk på 1 099 000 kroner netto. Alle ansvarsområder hadde positive avvik. Hovudsakleg stammar avviket frå ein kombinasjon av sjukefråvær, permisjon og vakanse. I tillegg ser vi at pandemien har gitt utslag på mindre innsparinger knytt til reise, kurs og konferansar samt kjøp av tenester og utstyr. Grunna vakanse og sjukefråvær har vi heller ikkje greidd å nytte dei budsjetterte utgiftene til kjøp av tenester. Ein større del av eininga skal vere finansiert av gebyrinntekter. Gebyrinntektene i 2021 har vore litt mindre enn budsjettert, slik som dei føregåande åra også. Det har vore eit tydeleg mønster at vi for eininga har for høgt budsjetterte gebyrinntekter ut i frå saksmengd, men i 2021 kunne vi truleg fått inn budsjetterte inntekter hadde vi hatt mindre sjukefråvær og vakanse. Det har rett og slett ikkje vore nok arbeidskraft til stades til å handsame nok saker. Det som er vanskeleg å vite er om saksmengda i 2021 var eit eingongstilfelle eller ein trend. Dersom det er ein trend er det sjølvsagt gledeleg med meir aktivitet. Men dersom det berre er eit eingongstilfelle og vi i framtidia kjem i ein situasjon der det ikkje ligg føre innsparing knytt til vakanse, permisjon eller sjukefråvær, så vil det kunne bli vanskeleg å halde budsjettet, då størstedelen av eininga sitt forbruk er knytt til løn. Samla sett for eininga fører likevel avviket både i inntekter og utgifter til eit samla positivt avvik for 2021.

## Kommunal eigedom

Eininga hadde i 2021 eit samla positivt resultat.

Eininga har ansatt ny reinhaldar i 100 prosent på reinhald grunna auke i bygningsmassen, samt at nokon av dei som før gjekk på timelister no har fastløn.

Eininga har tilsett ny driftsteknikar i 100 prosent stilling, grunna behov for utføring av servicetenester til brukarane av formålsbygga.

Utleigearansvarleg kom ikkje med i førre års årsmelding, men er teke med her i oppsettet.

Eininga har hatt konstituert leiar sidan 01.07.2021, samt konstituert prosjektleiar frå same tid.

Eininga har også dette året hatt fleire byggeprosjekt, og Helsehuset vart teke i bruk i januar 2021. Helsehuset inneheld Nav, legekontor, fylkestannlegen, helsestasjon og bibliotek. Her har vi fleire



funksjonar under same tak.

Renovering av rådhuset, byggetrinn 2 blei starta opp i år, og vil pågå litt ut i 2022.

Vedlikehaldsplanen/samt strategidokumentet som tidlegare er utarbeidd, gav grunnlag for rette og gode investeringar knytt til både renovering og naudsynt vedlikehald.

Vi har dette året hatt problem med tette avløp på Hareid sjukeheim og Hareidshallen, men her har vi no innført gode rutiner som gjer at vi har kontroll på avløpa. Skjeggkre har også vore ei utfordring på enkelte bygg, men har har vi utført tiltak som gjer at vi har fått ordna dette.

Forvaltningsverktyet Famac gjer også at vi har meir kontroll på avvik og kva som blir utført på dei ulike formålsbygga våre. Drifta av dei ulike bygga har også blitt betre dette året.

Famac bruker vi også inn mot uleige, samt lagring av FDV-dokumentasjon på nye bygg, samt dei eksisterande bygga vi har.

Reinhald har også dette året hatt mykje meir arbeid som fylge av ekstra reinhald i høve pandemien. Trass i dette har reinhald levert upåklagelig reinhald på bygga våre.

Utleige har leigd ut om lag alle kommunale boligar, samt at vi har framleige på nokre større bustadar med plass til større familiar.

### **Trussamfunn**

Ifølgje rekneskapstala som ligg føre, enda drifta i 2021 med eit lite mindreforbruk.

### **Samfunn**

Mindreforbruket er i hovudsak knytt til mellombelse stillingsvakan- sar i ansvar samfunnskontoret.

## **9.4 Måloppnåing**

---

### **9.4.1 Mål som vart nådde**

#### **Kommunalteknikk**

På sjølvkostområdet ser vi at det er naudsynt med store investeringar for å sikre utskifting av eksisterande leidningsnett i den takt som nasjonale mynde krev. Dette har i 2021 vore eit kontinuerleg arbeid som inneber prosjektering og gjennomføring av fleire små og store prosjekt. Det har også vore eit mål å drifta vegnettet på eit meir tilfredstillande måte. Dette har ein kome eit steg vidare på då det er sett i gong kartleggingsarbeid over vegkvalitet i heile kommunen.



## Kommunal eideidom

Fokuset på eideidom dette året har vore sluttføring av helsehuset. Siste aktør var inne til mai/juni, og dette første året med drift har vist at bygget fungerar etter forventningar som vi hadde i utgangspunktet. Dette gjeld først og fremst på drift, men også på funksjon i høve dei ulike aktørane som er på bygget. Bidrag som vi får frå «Batteribygget» gjev økonomisk gevinst i form av låge driftskostnader for oppvarming. Dette gjeld både helsehuset og rådhuset.

Pandemien har også dette året gjeve oss begrensningar på ulike område, men trass i dette har vi greidd å levere på alle felt, både drift og på prosjekt.

Vi har også dette året hatt fleire investeringsprosjekta, dei fleste blei avslutta i 2021, men nokre blei vidareført til 2022. Prosjekta blei utført stort sett innanfor gitte tidsrammer og økonomiske rammer. Prosjekta bidrog også til å få gjort gode investeringar som igjen gjev grunnlag for meir uforutsigbar drift og dermed meir kontroll på driftskostnader fram i tid.

Vi har dette året fått meir kontroll på avvik ved hjelp av forvaltningsverktyet Famac, og vi har også redusert vedlikhaldsetterslepet ved hjelp av gode og rette investeringar. Vi har også dette året fått meir kontroll på tilstand på bygningsmassen vi forvaltar. Vi har forventningar til at vi får vidareføre dette gode arbeidet slik at vi kan få endå meir kontroll på både tilstand og kostnader i framtida.

## Plan, bygesak og geodata

Eit av årets mål er å halde lovsette fristar for sakshandsaming innan bygesak, oppmåling og plan. Dette har ein i stor grad greidd i dei fleste saker sjølv med mykje sjukefråvær særleg i siste halvdel av 2021. I første halvdel av 2021 vart tilnærma alle nye saker handsama innan fristen, og vi har ei handsamingstid i snitt som er betre enn fylkessnittet og landssnittet jamfør KOSTRA-tal for plansakshandsaming. På bygesak ligg vi litt over fylkessnitt og landssnitt, men for 12 vekers-saker er ein fortsett godt innan fristen for gjennomsnittleg sakshandsamingstid. Vidare har eininga delteke i arbeidet med den interkommunale kystsoneplanen og arbeidet med kommuneplanens arealdel har gått sin gang. Digitaliseringa av gard- og bruksnummer-arkivet har gått sin gang i 2021, og nærmare seg snart ferdig. Samla sett er eininga for plan, bygesak og geodata med på å legge til rette for bustad- og næringsutvikling i enda større grad. Einingera er også ein viktig bidragsyter for heilska- peleg samfunnsutvikling.

### 9.4.2 Mål som ikkje vart nådde:

#### Kommunalteknikk

Prosjekta som gjeld vatn og avløp til Nesset, reinseanlegg, sjøledning Raffelneset, Bakkevegen, avskjære vatn ytre Hareid, separering fellesleidning Hareidselva samt omlegging av leidning frå vassbehandlingsanlegget vart forseinka og utsett til neste år, delvis grunna krav om arkeologiske utgravingar og delvis grunna kapasitetsproblem på eininga.

Prosjektet med omlegging av veg, vatn og avløp ved helsehuset



har bunde opp mykje av tid til både prosjektleiar og uteavdelinga og har ført til lite kapasitet til driftsoppgåver.

### **Kommunal eigedom**

I følgje politisk vedtak dette året om å innføre internhusleige, vart det i budsjettarbeidet beslutta at dette måtte utsettast. Budsjettet var frå eininga si side klar for dette, men det blei likevel beslutta å utsette innføring av internhusleige.

### **Plan, byggesak og geodata**

Det har vore gjennomført lite tilsyn på byggesak. Dette er klart grunna ressursmangel, og skal ein greie å halde fristane for sakshandsaming på nye saker som kjem inn vil ein ikkje greie å tid til å drive tilsyn. Det har også vore ei utfordring i 2021 å halde sakshandsamingsfristen i alle saker, særleg på byggesak. Dette grunna sjukefråvær. Arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel har også stått i ro, dels på grunn av prioriteringar og dels på grunn av sjukefråvær.

## **9.5 Tilstandsvurdering**

---

### **9.5.1 Tenestene**

#### **Kommunalteknikk**

Eininga har mange ansvarsområde. Med mange investeringsprosjekt vert det utfordrande å utføre driftsoppgåvene på ein tilfredsstillande måte. Dette har særleg det store prosjektet med omlegging av veg, vatn og avløp rundt det nye helsehuset synleggjort. Dette har gjort at vi ser behovet for å avklare kva type prosjekt vi i stor grad kan gjennomføre i eigenregi og kva prosjekt vi må sette ut for å kunne drifte resten av ansvarsområda som ligg til eininga.

#### **Kommunal eigedom**

Vedlikehaldsetterslepet på dei kommunale formålsbygga har vorte mindre og meir oversiktleg.

Grep som ein har tatt på investeringssida har bidrøge til at dette etterslepet har blitt mindre. Dette gjer også at vi har mindre uforutsette hendingar som igjen gjev effekt på at driftsbudsjettet held seg innanfor ramma som er gjeve.

Det er i budsjettet avsett midlar til å kunne ta uforutsette kostnader, der dei uforutsette kostnadane er av ein slik art at vi kan gjere ei investering/oppgradering. Grunnlaget for dette ligg i tidlegare arbeidd vedlikehaldsplan og vedlikehaldsstrategi, samt brannkonsept som er utført dette året.

Eininga har i dag gode ressursar for å forvalte, drifte og vedlikehalde bygningsmassen, men vi må fortsette med gode val og investeringar/oppgraderingar slik at vi tek vare på både ny og eksisteran-

de bygningsmasse.

Eininga har dette året fått oppretta ansvar på dei ulike bygga for å kartlegge og sjå kostnader på dei ulike bygga. Dette gjev oss eit godt grunnlag for vidare forvaltning og drift, samt sjå kvar vi treng dei ulike ressursane.

## Plan, byggesak og geodata

Eininga jobbar kontinuerleg med å verte betre på dei tenestene vi tilbyr samt måten vi tilbyr dei på. Det er ei utfordring med knappe ressursar. Myndighetsutøving krev kvalitet og god sakshandsaming, som igjen krev tid og ressursar. Det er difor hovudsakleg publikumsretta oppgåver, samt det å halde dei lovpålagde sakhandsamingsfristane i dei ulike sakstypane som vert prioritert. Dette får også eininga gode tilbakemeldingar frå brukarane våre på. Men, i eit langsiktig perspektiv vil dette kunne føre til dårlegare tenester, då vi har få eller ingen ressursar til å drive med oppdatering og digitalisering på reguleringsplanar til dømes, dette skapar meir arbeid for byggesak med til dømes større mengde dispensasjonar enn nødvendig.

Vi har heller ikkje ressursar til å følgje opp lovpålagde oppgåver som tilsyn og ulovlegheitsoppfølging. Det har også vore eit særslig utfordrande år for eininga med tanke på sjukefråvær. Fleire tilsette på eininga har hatt langtidsfråvær, og i ei lita eining med få tilsette får dette store konsekvensar for dei tenestene vi tilbyr. Det har i praksis vore stillstand i byggesakshandsaminga siste halvdel av 2021, noko som påverkar inntektene til kommunen, men også arbeidsbelastninga til dei som er til stades på jobb.

Det ligg mykje godt utviklingsarbeid bak fagområda plan, byggesak og geodata, men når vi berre har tid og ressursar til å drive med dagleg drift og sakshandsaming vert det lite tid til framtidstenking og kompetanseheving. Vi hadde vore tent med å investere tid og ressursar i eininga for å kunne jobbe meir med digitalisering, kvalitetsheving, effektivisering og langsiktig planlegging og strategiar. Dette hadde Hareid kommune fått mykje meir igjen for nokre få år fram i tid, både i form av auka inntekter, men også potensielt i form av auka utvikling og busetting.

Det er også verdt å merke seg at leiar for eininga har rolla som beredskapskoordinator. Etter nok eit heilt år med pandemi og ei pågåande krise har dette vore merkbart for dei ansvarsoppgåvene eininga har. Det har utan tvil vanskeleggjort kvalitetsarbeid med tenestene våre, for ei eining som frå før av har knapt med ressursar. Det er truleg føremålstenleg å vurdere kor vidt det er rett at beredskapsansvar/koordinator skal ligge til ei eining som for det meste driv med sakshandsaming, planlegging og utviklingsarbeid. Ved langvarige eller mange uønska hendingar kan det stagnere utviklinga for Hareid kommune på plannivå.

### 9.5.2 Læring og utvikling

Implementeringa av Visma er omfattande. For at systemet skal vere implementert godt i sektoren, er ein framleis avhengig av god oppfølging frå personalavdelinga og særskilt frå økonomiavdelinga.



ga. Mykje er framleis uavklart og er ein framleis i ukjent farvatn når det gjeld å få utnytta det systemet optimalt.

### 9.5.3 Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore jobba systematisk med oppfølging av arbeidsmiljøet i sektoren. Sektoren har lågt sjukefråvær, men enkelte tilhøve slår ut i statestikken. Sektoren har mange prosjekt og arbeidsoppgåver, som gjev høgt arbeidpress. Likevel er det «opplevde» arbeidsmiljø svært godt.

# 10 SEKTOR FOR VELFERD

---

Helga Bø – konstituert kommunalsjef

## 10.1 Sektorskildring

---

Sektoren har desse einingane: Helse- og koordinerande eining, bu- og habiliteringsteneste, heimeteneste, korttidseining, skjerma eining, bu-eining og kjøkken.

Velferdskontoret har følgjande samansetning: rådgjevar (drift/økonomi), sakshandsamar (tildeling), konsulent og kommuneoverlege.

Sektor for velferd er ein kompetanse- og kvalitetsorganisasjon. Til-tak for å bidra til å utvikle og kvalitetssikre tenestene i velferd:

- Aktiv deltaking i Hareid kommune sitt leiarutviklingsprogram.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom leiing og hovudtillitsvalt og vernetenesta.
- Kompetanseplan for sektoren
- Rammeavtale for turnus
- Sjustjerna-samarbeid, både på overordna og fagleg nivå
- Fagutviklingsdag i turnus
- Samarbeid med Helse Møre og Romsdal
- Kvalitetsforbetringsarbeid (organisering - HMS - pasienttryggleik)
- Fleire omstillingssprosjekt etablert/under etablering

### Omdømebygging, rekruttering og personalsituasjon

Det krev langsiktig planlegging å kunne nytte tilgjengeleg kompetanse og ressursar på den best tenlege måten for organisasjonen. Vi har ei målretta og bevisst haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester. For å kunne rigge Hareid kommune sine tenester for framtida har vi fleire samarbeidsarenaer. Nokre av våre samarbeidspartnarar er: Helse Møre og Romsdal HF (døme: lokalt samhandlingsutval Volda sjukehus), kommunane i sjustjerna, Høgskulen i Volda, NTNU i Ålesund, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Utviklingssenter for sjukeheim og heimeteneste Møre og Romsdal, og Sunnmøre regionsråd si samhandlingsgruppe for helse- og omsorgstenester.

Når sektor for velferd innførte fagutviklingsdag i turnus, så sikra dette at kontinuerleg fagutvikling og kompetanseutvikling når alle i organisasjonen. Det har og ringverknadar på rekruttering av faglært personell, og gir positivt omdøme på Søre Sunnmøre. Det har likevel vore utfordrande å rekruttere sjukepleiarar. I heile 2021

har det vore ledig legeheimel ved Hareid legesenter, og drifta er sikra med vikarar.

## 10.2 Oversyn faste årsverk

pr. 31.12.2021

Resultateining	2020	2021
Helse- og koordinerande eining	14,82	15,42
Velferdskontoret	4,20	5,20
Bueining	13,72	13,72
Skjerma eining	13,47	13,47
Korttidseining	15,38	15,42
Kjøkken	4,29	4,29
Heimeteneste	26,08	24,16
Bu-habiliterings eining	30,38	29,38
<b>Totalt</b>	<b>122,34</b>	<b>121,06</b>

Auken med eitt årsverk for velferdskontoret gjeld stilling som demenskoordinator som vart vedteke oppretta og som mellombels vart lagt til det ansvaret.

For heimeteneste og bu- og habiliteringseininga vart det reduksjon i årsverk som eit innsparingstiltak.

I helse- og koordinerande vart ei vakant stilling (0,6 årsverk) gjort om til fast stilling.

## 10.3 Ressursinnsats

Sektorrekneskap (eks. finans)			
Tal i tusen kroner	R2021	B2021	Avvik
Driftsutgifter	160 483	136 448	-24 035
Driftsinntekter	-32 021	- 27 140	4 881
Nettutgifter	128 462	109 308	-19 154

Ressursane vart fordelt slik (nettutgifter i 1000kr)	
NAV-KMUNNE	5 201
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	18 607
BARNEVERN OG SOSIAKONTOR	16 146
VELFERDSKONTOR	5 790
SKJERMA EINING	10 458
SOMATISK EINING	21 969
KJØKEN	4 305
HEIMETENESTE EINING 1	17 046
HEIMETENESTE EINING 2	5 608
BU- OG HABILITERING	23 743
<b>VELFERD</b>	<b>128 874</b>

Avviksoversyn - netttotal i 1000 kroner			
	R2021	B2021	Avvik
Avdeling	Beløp	Revidert budsjett	Restbeløp
Helse og koordinerande eining	28 621	22 925	-5 696
Velferdskontor	7 698	6 698	-1 000
Bueining	9 838	9 875	37
Skjerma eining	12 049	9 642	-2 407
Korttidseining	14 681	12 748	-1 933
Kjøken	3 775	3 726	-49
Heimeteneste eining 1	17 573	15 990	-1 583
Heimeteneste eining 2	6 267	4 749	-1 518
Bu- og habilitering	28 170	22 954	-5 216
Sum Velferd	128 672	109 307	-19 365

### 10.3.1 Økonomisk avviksanalyse

Sektoren kom rekneskapsmessig i minus på grunn av negativt driftsresultat i fleire av einingane. Det som skil seg ut er legeteneste, skjerma eining og ressurskrevjande brukarar.

For alle einingar gjeld at utgifter knytt til korona ikkje er kompensert fullt ut. Innkjøp av utstyr, koordinering og praktisk arbeid knytt til vaksinering, smittesporing og smitteklintikk mellom anna.

Skjerma eining hadde eit overforbruk som hovudsakleg kan forklara ut frå tre faktorar. Det har vore ein reduksjon i brukarbetalinga (denne vil variere alt etter inntekt til tenestemottakar) sett opp mot det som var lagt inn i budsjettet.

Der er eit avvik når det gjeld refusjon på sjukeløn, det er altså i budsjettet lagt inn meir i refusjon på sjukeløn enn det som i realiteten har kome inn. I tillegg har der vore tidsavgrensa auke i bemanning (helsehjelp) på grunn av utfordrande tenestemottakarar, der behovet til tenestemottakar må takast i vare, andre tenestemottakarar og tilsette si sikkerheit.

Meirforbruk i heimetenesta skuldast auka kostnader ved brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Bu- og habilitering har eit stort negativt driftsresultat. Fleire brukarar har særskilte tiltak som krev 2-til-1 bemanning for å yte naudsynt helsehjelp. Det er vesentleg auke i avlastning og praktisk bistand til barn, ungdom og ung voksen. I tillegg ser vi auke i kostnadene ved brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Årsak til underskot i legetenesta er fyrste driftsår med ny driftsavtale med Hareid legesenter der mellom anna to av legeheimlane er kommunale. Det har heile året vore utfordrande å få tak i fastlege. Vikarbyrå vert alternativet, og det er ei veldig dyr løysing.

Under korttidseininga ligg ansvaret for lærlingar. Sektoren hadde fleire lærlingar enn budsjettert i 2021, fleire var i slutten av læretida og hadde derfor 80 prosent løn, så kostnadene vart ekstra høge. Men på den andre sida vil lærlingar redusere behov for vikar/ekstrahjelp.

Mellombels reduksjon i plassar enten på grunn av omgjering til smitteeining, mindre behov for plassar ei periode eller mellombels stengte plassar har gjort at inntektsgrunnlaget vart svært redusert

på bueininga og korttidseininga. Sektoren fekk også bot for ikkje å klare å ta i mot utskrivingsklare pasientar og dei utgiftene ligg i denne eininga. Innsparinga er noko meir utfordrande å talfeste. Om vi ser på tala frå september til og med desember er det ei innsparing på om lag 100 000 kroner. Grunnen til at det ikkje viser meir på fastløn er at ingen er sagt opp, men at fleire av stillingane er til tilsette som var i sjukepermisjon, fødselspermisjon og liknande. Det vil då igjen vise som inntekt på refusjon, noko som viser eit overskot.

## 10.4 Målloppnåing

---

- Gjennomgang av alle delar av sektoren for å finne optimal/berekraftig drift.
- For å oppretthalde kvalitet og tilbod – vurdere organisatoriske endringar (omstilling)
  - Omsorgstrappa - differensiering av tenestetilboden
  - Bygge og drifte nye bustadar for menneske med nedsett funksjonsevne (Pålhaugen).
- Optimalisere legetenesta i nært samarbeid med Hareid legesenter
- Utarbeide omsorgs-/bustadstrapp for Hareid kommune (strategisk plandokument).
- Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i høve til oppvekstvilkår for barn og unge i Hareid.

2021 har vore eit spennande og utfordrande år for sektoren. Vi har jobba aktiv for å finne moglegheit for å endre organiseringa for å få til ei rimelegare drift. Utvikling og forbetring av tenesteflyt tek tid. Vi må tenke helsefremmande arbeid i alle ledd i sektoren, for å få til dette arbeidet må vi legge om måten vi jobbar på.

Vi har så vidt starta opp med ressurslag, noko som er veldig positivt og som vi etter kvart – om det ved evaluering viser seg positivt – å få bygge ut meir. Ved å ta i bruk ressurslag håpar vi på sikt å ta ned vikarutgifter.

Kvalitetsstandard på teneste er også eit forbettingsarbeid i sektoren. Kvar teneste har eit eige ark som omtalar tenesta. Dette gir den som søker om teneste god oversikt over kva som kan forventast ved mottak av teneste. Målet er å gi teneste på lågast mogleg nivå ut frå behovet den som mottek tenesta har. Standarden vart godkjent på slutten av 2021.

Kompetanseplan og prosess rundt kompetanseheving. Planen vart vedteke i juni 2021 og vil nyttast i prosessen med søknad for kompetanseheving i 2022. Det er laga eige søknadsskjema ut frå kriteria i planen og eit standard svarbrev.

Vi har fått nytt pasientvarslingsanlegg. Anlegget gir oss store moglegheiter for å knytte til velferdsteknologi av ulike slag ikkje berre mot pasient, men også tilsette kan nytte dette som ekstra sikkerheit i pasientsituasjonar.



Det er teke i bruk SvarUt via Gerica, noko som lettar saksbehandlingsflyten. Det vart sett i verk 01.05.22, med mykje etterarbeid og opplæring utover hausten.

Ny helse- og omsorgsplan er på plass. Eit gjennomgåande mål der er tidleg inn i alle livet sine fasar og som bygger på omsorgstrappa med teneste på lågast mogleg nivå som utgangspunkt. Det vert spennande å sjå om vi klarer å nytte kapittel 9 i planen (tiltaksplan) som vi har tenkt. Tiltaksplanen skal vere ein levande plan som følger handlingsprogrammet, kommunen sin økonomi og sektoren si utvikling.

Vi har heile året jobba med bu- og habiliteringseininga for å sjå korleis vi best kan få til ei god organisering av eininga. Behovet for teneste frå eininga har auka mykje dei seinare åra. Det er politisk vedtatt å dele eininga i to, og det praktiske arbeidet knytt til dette er i gang.

Pålhaugen er eit prosjekt som har vorte utsett i fleire år. Omfang og kostnadskalkyle med oppstart av byggeprosjektet i 2022.

### Fagutviklingsdag i turnus

Vi har ei målretta og medvitn haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege tenester. Som eit ledd i dette arbeidet har vi fagutviklingsdagar for turnusarbeidande og tilsette på dag. På grunn av pandemien vart det ikkje gjennomført fagutviklingsdagar på våren i 2021. Hausten 2021 starta dei fleste einingane opp igjen med fagutviklingsdagane. Dagane er viktig for samhald, gjennomgang av rutinar, opplæring med meir.

Kompetanseplan for velferd sine tenester har bakgrunn i sentrale dokument og krav og forventningar om ein lokal plan for å utløse kompetansemidlar frå Statsforvaltaren innafor helse og omsorgstenestene.

# 10.5 Tilstandsvurdering

Oversikt over vedtakstenester 2017 - 2021										
TENESTE	2017 (bru-karar)	VEDTAKSTID (time/døgn)	2018 (bru-karar)	VEDTAKSTID (time/døgn)	2019 (bru-karar)	VEDTAKSTID (time/døgn)	2020 (bru-karar)	VEDTAKSTID (time/døgn)	2021	VEDTAKS-TID (time/døgn)
<b>HEIMETENESTENE</b>										
BPA	6	18 340 t	7	19 376 t	6	18 340 t	6	21 975 t	6	23 760
Heimesjukepleie	197	26 553 t	222	25 160 t	220	27 128 t	232	26 094 t	252	27 399
Heimehjelp	102	4617 t	93	3971 t	88	3778 t	80	3656 t	79	3534
Tryggleiksalarm	106		101		110		116		115	
Matombringning (middag)	82		75		65		81		77	
Rehab. leilegheit	19	897 d	28	618 d	20	492 d	13	287 d	14	403 d
<b>HJELLEBAKKEN</b>										
Avlastning (Hjellebakken)	10	24.203 t	10	29 485 t	10	30 136 t	12	37 708 t	13	38 665 t
Praktisk bistand/opplæring	19	52.939 t	25	52 824 t	26	64 127 t	28	57 203 t	29	51 195 t
Sanzibar	11	7409 t	10	7334 t	11	8939 t	12	12 770 t	13	14 198 t
<b>HELSE- OG KOORDINERANDE EINING</b>										
Psykisk helse/rus	125	3125 t	153	3824 t	166	3528 t	206	4270 t	233	5194 t
Dagsenter for eldre	52	9243 t	56	10 731 t	57	11 476 t	45	8932 t	34	6240 t
Felleskapet dagsenter	16	4152 t	16	4969 t	15	4397 t	14	4331 t	10	3102 t
Støttekontakt	38	6684 t	47	6148 t	43	5906 t	38	5996 t	30	4413 t
<b>SJUKEHEIM</b>										
Korttidsopphold totalt	67	2101 d	65	1995 d	60	2325 d	73	2023 d	67	1346 d
Korttids utgreiing/beh							32	683 d	32	693 d
Korttids re-/habilitering							31	1141 d	31	589 d
Korttids anna opphold							10	199 d	4	64 d
Avlastning	5	36 d	2	9 d	1	15 d	2	31 d	5	57 d
Langtidsopphold	67	15 871 d	64	16 643	65	15 485 d	59	14 271 d	55	13 206 d
KAD (Øyeblikkleg hjelp)	23	102 d	21	95 d	15	48 d	18	71 d	26	114 d

Tabellen «Oversikt over vedtakstenester» viser utviklinga av tenesteproduksjonen i sektoren dei siste fem driftsåra.

## 10.5.1 Heimetenestene

Brukaryrt personleg assistanse (BPA). Av desse seks ordningane er to heimehøyrande i bu- og habiliteringseininger. Ei ordning i heimetenestene fekk i 2021 ei auka timetal på tenestene.

**Historikk:** Ei stor eksisterande ordning i heimetenestene har gradvis auka i timetal sidan oppstart i 2016. Dreiling frå ekstern leverandør til kommunal regi medførte mykje meir administrasjonstid for einingsleiar i heimetenestene. Frå 2021 har det vore jobba for å få fleire ordningar over til eksterne leverandørar. Utanom dette er det ytterlegare fem brukarar registrert med teneste 3-BPA utan at det er brukarstyring, men personleg assistanse. Einaste høve vi har til å registrere denne tenesta er via teneste 3 sjølv om det eigentleg vert feil i IPLOS-rapportering.

### Heimesjukepleie

**Historikk:** Auke med 55 tenestemottakarar får 2017 til 2021, men vedtakstid per brukar har i gjennomsnitt minska. Svak auke i tal på tenestemottakarar og vedtakstimar frå 2020 til 2021. Velferdsteknologi vil til ei viss grad kunne erstatte oppgåver som i dag krev bemanning.

### **Praktisk bistand (Heimehjelp)**

Talet på mottakarar av heimehjelp gått ned frå 102 til 79 i åra 2017 - 2021. Det skuldast både fleire dødsfall og fleire mottakarar som har fått institusjonsplass, men og at fleire nyttar seg av privat vaskehjelp, noko som gjerne er billigare enn kommunal.

### **Tryggleiksalarm**

Ein ser auke i tal på alarmar frå 106 i 2017 til 115 i 2021.

**Historikk:** Alle alarmar vart skifta ut frå analoge til digitale i 2019.

### **Matombering**

**Historikk:** Lite endring i tal på middagar i åra 2017 – 2021.

### **Rehabiliteringsleilegheit**

Auke med éin opphald frå 2020 til 2021, men meir auke i liggedøgn. Skuldast få med lengre opphald til dømes i påvente av ledig omsorgsbustad.

**Historikk:** I 2018 vart leilegheit nr. 2 ved Hadartun teke i bruk til korttidsutleige for å take i vare pasientfly samt utsette behov for permanent sjukeheimslass.

## **10.5.2 Bu- og habiliteringstenesta**

(Hjellebakken)

### **Avlastning utanfor institusjon**

Auke på tre brukarar, men stor auke i vedtakstimar frå 2017 til 2021. Fleire store, tunge saker. Framleis nokon som har innvilga avlastning i heim eller avlastningsheim med betaling etter satsar for besøksheim.

**Historikk:** Må sjåast i samanheng med tenesta praktisk bistand opplæring som og har hatt tilsvarande auke.

### **Praktisk bistand (opplæring daglege gjeremål)**

**Historikk:** Betydeleg auke frå 2017 til 2019. Deretter nedgang. Størst auke i aldersgruppa 0-17 år og 18-49 år. Nedgang kan skuldast både anna rapporteringsrutine frå 2020, revurderinger, avslutta vedtak og teneste omgjort til anna yting. Tenesta omfattar praktisk bistand til fastbuande ved Hjellebakken, barn som er på helgeavlastning samt unge heimebuande som får tenesta i varie-



rande grad ved oppsøkande verksemeld i heimen.

### **Støttekontakt**

Gitt frå bu- og habilitering har vore utan endring i denne treårsperioden. Eit vedtak avslutta i 2021 då tenestemottakar får mykje anna hjelpe og bistand. Alle innkomne søknader no vert handtert i helse- og koordinerande eining.

### **Sanzibar dag-aktivitetstilbod**

Auke på to brukarar i åra 2017 til 2021, men markant auke i vedtakstimar.

## **10.5.3 Helse- og koordinerande eining**

### **Psykisk helse/rus**

Kraftig auke frå 125 i 2017 til 233 tenestemottakarar i 2021. Også betydeleg auke i vedtakstimar. Vi ser meir samansette og komplekse sjukdomsbilete. Mykje rusrelatert og fleire «blandingsbrukarar» som får tenester frå fleire einingar. Gjennomsnittsalder på brukarane går framleis ned.

**Historikk:** Trenden med auke blant yngre (18-49 år) held fram. Snittalder på brukarane har gått ned frå 50 til 42 år sidan 2017. Tala for 2021 sei at snittalder for menn (40 år) er lågare enn kvinner (43 år).

### **Dag-aktivitetstilbod (eldre heimebuande og Fellesskapet)**

Markant nedgang i tal på brukarar og vedtakstimar ved dagsenter for eldre. Fleire brukarar har fått institusjonsplass. Hausten-21 gjort endringar i dagsentertilbodet der det vert skarpt skilje mellom heimebuande og bebuarar ved Hadartun/institusjon og fokus på teneste til demente. Også Fellesskapet dagsenter hadde nedgang i bruk i 2021.

**Historikk:** Frå og med 01.01.20 er det lovpålagt å ha dagtilbod til heimebuande demente.

### **Støttekontakt**

Ytterlegare nedgang i tal på brukarar frå 2019. Talet er no likt med 2017, men vedtakstimane er lågare. Dvs. at dei som får innvilga støttekontakt får færre timer enn før.

**Historikk:** Ein liten nedgang i tal på brukarar frå 2017 til 2019. Ei rimeleg ordning som kan avhjelpe «trykk» på andre og meir omfattande tenester.



## 10.5.4 Sjukeheim

### Korttidsopphald sjukeheim

Det vart bestemt at korttidsopphald frå 2020 skulle nyanserast ut frå type opphold. Dette har sidan 2017 ikkje vore gjort, men vore putta inn i ein «sekkepost» under teneste 20. Tala for 2021 viser markant nedgang i tal på opphold og liggedøgn samanlikna med 2020. Dette skuldast i stor grad at korttidseininga primo 2021 pga. covid-19 vart omgjort til smitteeining og i lengre periodar sto tom.

**Historikk:** Litt nedgang i tal på pasientar frå 2017 til 2019, men periodevis meir avansert sjukepleie mellom anna på grunn av sam-handlingsavtalen innført i 2012 som gjev kommunen døgnbot om ikkje pasienten vert teken imot når dei er meldt utskrivingsklar.

**Avlastning i institusjon:** Har vore lite behov for å bli brukt, men auke frå 2020 til 2021.

### Langtidsopphald sjukeheim

Noko nedgang i tal på pasientar og liggedøgn i 2021.

**Historikk:** Nesten uendra år 2017. Pasientane er i dag langt sjukare når dei får plass.

### KAD (kommunalt akutt døgntilbod):

Uføreseieleg teneste. Vi ser ein nedgang i bruk av tenesta frå 2017 til 2019 og ny oppsving i 2020. I 2021 var det høgste talet på pasientar innlagt på KAD og tal på liggedøgn sidan oppstart registreringsskjema. Dette er ei teneste som er avhengig av at dei lokale legane og helseføretaket nytter tenesta. Det krev meir av den enkelte lege å legge inn lokalt då det må ei viss oppfølging til, kontra å sende pasienten og dermed ansvaret til sjukehuset. Nye legar må informerast om det lokale tilboden, og det må vere jamleg kontakt mellom ansvarleg for plassane og legetenesta slik at tilboden er kjent og vert nytta i tråd med

## 10.5.5 Tilsyn og klage på vedtak

### Tilsyn

Heimetenesta hadde tilsyn frå arbeidstilsynet hausten 2021 og fekk pålegg gjeldande

- rutine for medverknad,
- kartlegge tidspress og psykisk helse,
- samt opplæring i vald og truslar

Tilsynssak frå statsforvaltaren knytt til fleire hendingar hjå ein brukar. Konklusjonen vart at både kommunen og fleire tilsette har brote krav til forsvarlegheit. Tilsynssaka er avslutta.

## Klage

Etterrekningar vart utført innan fristen og hatt ei klagesak som er avslutta.

## Kvalitetsforbettingsarbeid - sjukefråvær

Sektorens kvalitetsforbettingsarbeid bygg på kvalitetssystemet Compilo.

Det har utvikla seg ein god meldekultur i sektoren. Tal på avvik i 2021 er 437 fordelt på alvorsgrad:

- Høg: 20,1 prosent
- Middels: 47,4 prosent og
- Låg: 32,5 prosent

Høg grad er fordelt på to kategoriar: trussel og vald og medikamenthandtering. Det vert arbeidd målretta for å førebygge/redusere begge kategoriar.

Sjukefråværet i held seg høgt også i 2021 (11,75 %) . Det kan skyldast covid-19 der vi ser ein god del meirarbeid for tilsette ved einingane og einingsleiar (manglande nærvær og auka belastning), i tillegg til at tilsette må halde seg heime ved luftvegsplagar. Fagdagar der nærvær har vore eit tema gjekk også ut. Vi ser at det å halde fokus på nærvær og at einingsleiar er til stade på einingane gir reduksjon i sjukefråvær. Vi har i 2021 starta arbeid saman med arbeidslivssenteret for å sette fokus på nærvær og kva som kan gjerast for å betre det.

## 10.6 Årsmelding frå einingane

### 10.6.1 Velferdskontor/stab

(Gunn Marthe V. Pieroth, Unni Bergdal, Inger Anne Moltu, Oddrun Alme Mork, konstituert kommunalsjef Helga Bøe og kommuneoverlege).

Velferdskontoret har ansvar for eigenbetaling for institusjonsopphold, grunnlag for fakturering av tenester som matlevering, praktisk bistand, dagsenter og tryggleksalarmer. Eininga har ansvar for sakshandsaming/vedtak/tildeling av ulike helse- og omsorgstestester, arkiv, post, kontering av faktura, rapportering til Kostra og Iplos, ressurskrevjande tenester samt sørge for bemanning av resepsjonstenesta. I tillegg til logistikkansvar for varelager/sentrallager og koordinering av innkjøp for sektoren.

Effektuering av parkeringsbevis for røryslehemma er også lagt til stabseining fram til og med august månad då gjekk ein tilsett ut

av stillinga si og oppgåva vart teken over av servicetorg og politisk sekretariat. Smittesporingskoordinering, ny oppgåve, smittesporingskoordinator har i samarbeid med einingsleiarane i sektoren samt kommuneoverlege og smittevernlege danna smittesporingsteam.

Prosjekt 50 prosent stilling besøksvert frå november 2020 og ut årst 2021. Dette var eit prosjekt med midlar frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Prosjektet vart avslutta pr. 31.12.2021.

Året 2021 har vore eit annleis driftsår på grunn av covid-19. Det har vore mykje logistikk og koordinering, henting av smittevernurstyr frå nasjonalt lager og oversikt over ekstra utstyr og meirbestillingar. Utfordringane med covid-19 har vore svært omfattande og tidkrevjande for staben.

Sett opp mot måla for sektoren (under punktet for måloppnåing) har eininga ikkje nådd målet om å vere i balanse ved årsslutt. Velferdskontoret hadde eit meirforbruk på vel kr 76 000. Overforbruket kan tilskrivast korona.

Utifrå dei oppgåvane velferdskontoret skal utføre har driftsåret 2021 gått slik:

- Eigenbetalinga – samarbeider med Nav, pasient/pårørande og økonomiavdelinga og er med interkommunalt nettverk for fagområdet. Etterrekningar vart utført innan fristen og ei klagesak som er avslutta.
- Sakshandsaming for alle helse- og omsorgstenester vart gjort etter individuelle vurderingar og gjeldande lovar og reglar.
- Auke av søknadar og meir komplekse saker medførte at ein ikkje greidde å halde alle tidsfristane jamfør forvaltningslova.
- Stabseininga merkar at ressursane til sakshandsaming er knappe. Dette har vore særslig utfordrande i 2021 med mykje ekstraoppgåver knytt til covid-19 med tanke på å overhalde tidsfristar jf. forvaltningslova.
- For 2021 har ein 30-prosent fagressurs tilført for å styrke sakshandsaming. Denne auken var mellombels, tilsett som var på veg tilbake i arbeid etter sjukmeldingsperiode, og vart avslutta rundt årsskiftet 2021.
- Prosjekt aktivitetstilbod og besøksvert til Hareid kommune vart avslutta per 31.12.2021. Der 50-prosent-stilling var lagt til velferdskontoret som besøksvert og aktivitetskoordinator på Hardartun. Resten av prosjekt på 80 prosent vart nytta av andre einingar for å motverke einsemd hos institusjonsbebuarar.
- Alle i eininga har sine spesifikke arbeidsoppgåver, noko som gjer arbeidet svært sårbart ved fråvær.
- Ny helse- og omsorgsplan vart utarbeidd i 2021 og planen godkjent av kommunestyret 10.02.2022.
- All rapportering er overhaldt innan gitte fristar.
- SvarUt – Gerica prosjekt mellom SSIKT og 7stjerna kommune for fullelektronisk arkivssystem vart starta opp våren 2021.

Vi ser at saksbehandling har for lite ressursar i og med den som



sit med dette i sektoren har mange andre oppgåver som også skal stettast. Dette gjer at svarfristane vert utfordrande å halde og det går på kostnad av høvet til å følgje opp saker med hyppigare revurderingsdato.

## 10.6.2 Kjøkken

Einingsleiar Ann Cecilie Garnes Utgård

Kjøkkenet er felles for alle einingane i velferd. Det leverer tenester til alle sektorane i kommunen i form av catering. Kjøkkenet leverer også mat til gravferder og jubileum til bebuarane ved Hadartun. På grunn av covid-19 situasjonen har kjøkenet hatt mindre catering dette året enn vi har til vanleg.

Kjøkkenet har særeigne krav og føreskrifter, samt løpende logistikk og innkjøp som skil seg vesentleg frå tenestene i dei fem einingane i sektoren.

Vi har eit godt utstyr kjøkken, men noko av utstyret byrjar å bli gammalt og utslite, vi må difor rekne med noko utskiftingar i åra framover. I 2021 måtte vi bytte ut den store steikepanna vår.

I 2021 fekk vi tildelt midlar til nye møblar i matsalen. Det er om lag 30 år sidan sist, så dette er eit stort løft for dei som nyttar matsalen.

### Lærling

Kjøkkenet tilsette ny lærling i juli 2021.

Vi kjem til å fortsette å ta inn lærling i åra framover så lenge det er kvalifiserte søkerar. Det er stor nedgang i søkjartalet til dette faget, så det vert svært viktig med rekruttering. Einingsleiar er sensor i institusjonskokkfaget og ser at det vil verte ei utfordring med å rekruttere lærlingar i åra framover, men håpar at denne trenden vil snu.

### Delmål/Utviklingsmål

Kjøkenet har hatt som mål å få på plass eit godt kvalitetssikrings-system. Dette har vi kome godt i gong med, og Matilda heiter programmet vi nyttar til kvalitetssikring. I 2021 har vi jobba med å implementere fleire modular mellom anna oppskrifter, matmerking, bestillingar frå postkjøkena.

På slutten av året har vi fått opplæring i bruk av elektroniske lister for matombering til heimebuande. Dette skal vi ta i bruk i 2022.

### Matglede

Kjøkkenet har også mål om å vere bidragsytar til å opprette arenaer som skaper trivsel og matglede for bebuarane. I 2021 arrangerte vi fylgjande:

- Sommarfest med grilling og allsang
- «Afternoon tea» vart arrangert for første gong. Det vart vel-



dig godt motteke av bebuarane som syns det var spennande med noko nytt.

- Det vart servert heimelaga
- clotted cream,
- lemon curd,
- fine sandwich og
- kaker som vi sette på fine etasjefat som dagsenteret hadde laga av gamle fine porseleksfat.

Frå sølvkanne vart det servert god engelsk te.

Vikebladet/ Vestposten var tilstades så vi fekk god omtale der, og har fått mykje positiv respons.

- Peparkakelandsby skapar god stemning og også i år kom skulane med det dei har laga. Vi er takknemleg for det samarbeidet vi har fått til i lag med barneskulane.
- Julefest. Tradisjonen tru hadde vi julefest med juletallerken, julesong og musikk fyrste veka i desember.

Arrangementa har vore berre for dei som bur på institusjon og leilegheiter på grunn av covid-19 og retningslinjer knytt til det. Kjøkenet samarbeidde med dei tilsette på dagsenteret om desse arrangementa, og det set vi veldig stor pris på. Det er litt ekstra arbeid med slike arrangement, men når vi ser kva dette betyr for alle dei takknemlege bebuarane så gjer vi det gjerne.

### **Reforma «Leve heile livet»**

Eit av satsingsområda i denne reforma er mat og måltid. Kjøkenet har etter denne reforma kom innført lunsj på sjukeheimsavdelingane.

Maten er ikkje næring før den er spist, så det er eit mål for kjøkenet at maten skal vere appetittvekkande, næringsrik og smake godt.

God matomsorg er god medisin.

### **Tilsyn**

Kjøkenet har ikkje hatt tilsyn i 2021.

### **Pluss-samtalar**

I 2021 har det ikkje vore gjennomført pluss-samtalar i eininga.

## **10.6.3 Skjerma eining**

Einingsleiar: Synnøve Nystøyl

Skjerma eining har 16 rom, samt eitt rom for forsterka skjerming til bruk ved behov. Eitt av roma vart etter ønske brukt som dobbeltrom i 2021. Einininga har 20 fast tilsette, og fleire vikarar. Årsverk er 13,46. Ein fast tilsett fekk i 2020 auke i stilling etter krav, ein fast tilsett fekk auka stilling i form



av ressurslag og ein tilsett fekk tilbod om fast stilling gjennom vakanse og ressurslag.

Eininga yter i all hovudsak tenester til personar med demensdiagnosar som har fått langtidsopphald i institusjon. I tillegg kan det utifrå behov og utifrå den totale pasientflyten i sektor for velferd verte innvilga korttidsopphald, avlastningsopphald og dag- eller nattopphald. I 2021 vart det gjeve tilbod i alle kategoriar, med unntak av nattopphald. Demenssjukdomar er ei gruppe hjernesjukdomar som oftast, men ikkje alltid, kjem i høg alder og som fører med seg symptom som tap av hukommelse, sviktande evne til handling, sviktande språkfunksjon, endring av personlegdom og endring av åtferd. Den som får langtidsopphald i eininga har sjukdomsforløp som gjer at tilrettelegging og stabil struktur er nødvendig for å skape gode og trygge dagar. Det ligg i ordet skjerma at personen treng skjerming frå for mange inntrykk og stimuli – for å unngå auka forvirring, uro og angst.

## Pandemien

Denne prega heile året 2021. Ein viss grad av auka korttidsfråvær blant tilsette på grunn av låg terskel for testing/vere vekk frå jobb ved sjølv små symptom hjå seg sjølv eller eigne born. I tillegg ei konstant utfordring i å gjennomføre anbefalte smitteverntiltak, halde seg oppdatert på endringar og informere ut til tilsette og pårørande. Ikkje gjennomført faste møter med pårørande-gruppa dette året pga. pandemi, målet er to slike møter per år. Arrangement for sjukeheim og for avdelinga elles gjennomført i takt med aktuelle restriksjonar. Pandemien har også redusert moglegheita til å gjennomføre personalmøte og fagdagar. Det har vorte gjennomført møter med små grupper for å samarbeide om turnus og aktuelle saker i eininga. Hausten 21 fekk vi gjennomført to fagdagar.

På einigsleiarnivå vart pandemien ei stor og tidkrevjande oppgåve, vaksinering har tatt svært mykje tid gjennom behov for å frigjere vaksinatørar frå einingane, samt organisere vaksinering av eigne tilsette og pasientar. Det er avgjерande med god dialog med kommuneoverlege, smittevernlege, tilsynslege og kriseleninga som er etablert i kommunen – for å ha forsvarleg smittevern. Også behov for tilsett med ansvar for smittevern i institusjonen på fast basis.

Vi har ikkje hatt covid-smitte i eininga i 2021.

## Økonomi

Eininga fekk eit overforbruk på 2,2 millionar. Det er tre hovudfaktorar som forklarer dette:

- Brukarbetalinga enda 628 000 kr lågare enn budsjett,
- Stipulert refusjon på 290 000 kr som enda i 0,
- Overforbruk på løn på 1 270 000 kr.

Brukarbetaling er uføreseieleg, det kjem an på inntekta til den som har langtidsplass, og kor mange pasientar på langtidsplass vi har til ei kvar tid. Ein stipulert fødselspengerefusjon er utanfor eininga

sin kontroll.

Meirforbruk løn på løn skyldast utfordrande åtferd hjå pasientar som gir behov for oppbemanning for å sikre HMS for tilsette og medpasientar. Dette er gjort etter avtale med kommunalsjef. Behovet for ekstrahjelp vert kontinuerleg vurdert. Koronarefusjonen lågare enn utgiftene i eininga.

## Organisasjon

Eininga driv eit godt miljøarbeid tilpassa den enkelte, og har om-sorgsfulle, dedikerte og kunnskapsrike tilsette. Eininga har kommunen sin høgste kompetanse på helsehjelp til personar med demens. I 2021 er kompetanseplanen revidert, og eininga og sektoren sine behov kjem til syne der.

## Utfordringar

Sansehagen har potensiale til å utviklast. Vi har ikkje midlar, og dette må setjast på vent.

Det er etter kvart eit stort tal på demente som bur heime, og som har slitne pårørande. Kommunestyret vedtok i desember at stillinga som demenskoordinator kunne lysast ut, dette vil bidra til oversikt, kjennskap, og å kunne bidra til å gje tilpassa tilbod – også heime. Det er ofte ikkje mogleg å motivere til dagsenterplass eller avlastingsopphold i institusjon då dette er utrygt eller ikkje mogleg å forstå eller akseptere pga. sjukdom. Om vi skal tilpasse nødvendig teneste utifrå behov, er denne stillinga sentral.

Det er få senger tilgjengelege i andrelinjetenesta. Vi må difor ta imot personar også med store utfordringar innanfor demens/psykiatrikategorien, og dette er personellkrevjande. Eininga har låg bemanning samanlikna med andre kommunar i sjustjerna. Det er behov for å auke grunnbemanninga for å sikre HMS og kunne drive førebyggande miljøarbeid. Dei aller fleste avvik som er rapporterte i eininga handlar om uønska åtferd som påverkar HMS. I 2021 var talet melde avvik 107, mot 40 i 2020. 47 prosent av desse i kategorien HMS: vald, truslar og truande åtferd mot tilsette. 49,3 prosent i kategorien teneste/brukar: fall, konflikt mellom pasientar, uro som øydelegg søvn, legemiddelhandtering. 3,7 prosent i kategorien organisasjon/internt.

Vi har fagkoordinator i 20 prosent ved eininga, det er behov for større ressurs for å sikre kontinuitet i pasientoppfølginga. Alderspsykiatrisk avdeling har ambulerande team i kommunen, om lag fire gongar per halvår. I periodar er dette for sjeldan utifrå utfordringar vi står i.

Vi ynskjer tilbod om undervisning/pårørandeskule, det er utfordrande å drive med gjeldande ressursar og pandemi.

Det er stort behov for å ivareta tilsette gjennom undervisning og opplæring i temaet vald og truslar. Det er ei dagleg utfordring, og har høg prioritet.



Vi har på plass nytt pasientsignalanlegg som gir gode fordelar med ulike typar varslingar. Det er enno ikkje optimal wifi-dekning, så delar av varslinga skjer med forseinking.

### Prioriteringar vidare

Grunnbemanninga må aukast i takt med kompleksiteten og utfordringane vi opplev og som synleggjerast i det store talet avvik som vert meldt inn.

Vi prioriterer samarbeid med pårørande, gjennom dialog ein til ein og ved pårørandemøter for skjerma eining. Også samarbeid med pårørandeforeininga.

Vi prioriterer å ta vare på tilsette, jobbe for å hindre og redusere sjukefråvær. Styrke kompetansen og tryggleiken rundt handtering av vald og uønska åtferd.

Vi prioriterer å jobbe for å drive etter budsjett, her under grunna innspel til budsjettrevisjon.

Vi prioriterer også vurderingar gjennom året bemanningsbehov utifrå pasientsituasjonen og aktuelle utfordringar. HMS skal ha fokus. Det var behov for eiga fast stilling som einingsleiar ved skjerma eining, dette er avklart og tilsett frå 01.01.22.

Vi prioriterer utvikling for å møte behova i kommunen og i eininga, og å ha rutinar og system på plass som lettar det dagleg arbeidet, og er i tråd med gjeldande regelverk.

### 10.6.4 Korttidseining

Einingsleiar Monica Småge Skeide (permisjon frå 01.01.2021-12.09.21)

Einingsleiar Hanne Marte G. Sukka var stedfortredar i permisjonen.

Korttidseinininga har 15 plassar + eitt rom til KAD-plass.

Målet er at alle korttidsopphald (rehabilitering, palliasjon, vurdering, KAD) skal skje på korttidsavdelinga ved hjelp av fem senger. I snitt greier vi ikkje meir enn éin-tre senger då behovet for langtidsplassar er stort. Ansvarleg sjukepleiar på korttidsavdelinga tek imot varsel om utskrivingsklar pasient via e-link og avgjer saman med einingsleiar om når pasienten kan takast mot. I dette ligg og vurdering om utskriving til heim er eit alternativ. Pasientar som kjem inn på sjukeheimen er meir hjelpetrengande enn før få år tilbake. Einninga yter også tenester til pasientar som har fått langtidsopphald på institusjon og til dei som har mellombels behov for avlasting.

For å kunne gi best mogleg pleie til pasientane, er det viktig å samarbeide med pårørande. Dei har ofte mykje god og viktig informasjon som vi kan dra nytte av i vårt arbeid. Vi har difor starta arbeidet med innføring av innkomstsamtale med pårørande til dei som er nye på eininga. Pandemien vi har stått i har utfordra desse

møta, men vi har forsøkt å gjennomføre dei over telefon. Alle pasientar som har blitt lagt inn på sjukeheim, har blitt sett i karantene og testa for covid. Dette har også utfordra samspel med både på-rørande og pasientane sjølv.

Eininga må vere rusta for å ta i mot pasientar med svært ulike utfordringar. Det kan vere svært krevjande medisinsk behandling, demente som ikkje lenger klarer å ta vare på seg sjølv, rehabilitering etter operasjon og så vidare. Det er difor naudsynt med høg fagleg kompetanse på eininga.

## Økonomi

Eininga hadde i 2021 eit samla budsjett (etter revidering) på 12 638 423. Rekneskapen syner eit underskot på 1 019 797. Det er fleire årsaker til dette.

- Fram til sommaren var åtte plassar på eininga omgjort til smitteeingi, og etter sommaren var det bestemt at fire rom skulle vere mellombels stengt. Inntektsgrunnlaget vart då svært redusert, brukarbetaling på minus 816 668.
- Kapasitet til å ta imot utskrivingsklare pasientar hausten 2021 var svært redusert, så bot frå helseføretaket utgjer minus 242 849.
- På hausten vart bemanning nedskalert på grunn av fire stengte rom. Vi har likevel eit overforbruk på fastløn på 311 000. På grunn av sjukdom hjå einingsleiar, betalte eininga for 1,5 einingsleiar. Vi skaffa ikkje vikar for to tilsette som var ute i permisjon, men på grunn av høgt sjukefråver, hadde vi likevel mykje vikarbruk, overforbruk på sjukevikar 457 148, og overtid 202 393. Refusjon sjukeløn og fødselspengar på 1 224 840 jamna derfor ut dette.

Rapporterer også på Lærlingar (4027). Budsjettet der var på 2 156 838, rekneskapen viser minus 1 027 865. Vi hadde fleire lærlingar enn budsjettert i 2021, og fleire av dei var i slutten av læretida og hadde derfor 80 prosent løn, så kostnadene vart ekstra høge. Vurderinga som låg bak å ta inn fleire lærlingar, var at vi ser på det som ei investering å utdanne eigne tilsette, og lærlingar minkar også behov for vikar/ekstrahjelp. Det ser ut som det blir vanskelegare dei neste åra å få tilstrekkeleg med lærlingar.

## Organisasjon

Dei tilsette må ha stor fagleg breidde, då dei skal handtere utfordrande pasientkasus, på same tid som dei skal ta seg av pasientar med vedtak på langtidsplass som har eininga som sin heim. Dei tilsette må handtere uføresette utfordringar. Dette krev høg fagleg kompetanse. På eininga har vi 2 sertifiserte personell som er HLR-instruktørar, to sertifiserte personell som er ProAct instruktørar, og har systematisk opplæring til tilsette både i eiga eining og andre einingar. Det er også ynskjeleg å få hygiene- og infeksjonssjukepleiar på sjukeheimen, då vi ser stort behov for det, særlig dei 2 siste åra.

Fråvær av fagutviklingsdagar på grunn av pandemi, har gjort det vanskelegare med internkontroll, gjennomgang av avvik, og internopplæring. Vi har forsøkt å tenke kreativt og nytte digitale arena, men ser at dette må jobbast med vidare.

Tal på avvik i eininga synast i tabellen under:

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	5		1	4 (3 avvik skjedd anna eining)
Organisasjon	4	2	2	
Teneste/brukar	6	3	3	
Sum avvik	15	5	6	4

### Tenesterapport

I oppstarten av Covid19-pandemi, vart det vedteke at eine halvdelen av eininga skulle nyttast som smitteeining, dette i tråd med nasjonale føringar. Det vart lagt ned stor innsats i å gjere om avdelinga til lukka og sikker sone for å kunne ta imot covid-pasientar. Eine pasientrommet vart bygd om til personalgarderobe og det er tilrettelagt for å stenge av enten eitt rom, fire rom, eller åtte rom. I dette arbeidet vart også alle pasientar flytta ut av eininga – anten heim, til leilegheit eller på anna eining. I denne perioden hadde kortidseininga sju pasientrom til disposisjon for langtids- og korttidsopphald utan smitteeininga. Denne ordninga varte til ferien 2021. Tala for 2021 viser derfor markant nedgang i liggedøgn både for korttids- og langtidsopphald. Korttidsopphald minka frå 2 023 døgn i 2020, til 1 346 døgn i 2021. Langtidsopphald minka frå 14 271 døgn i 2020 til 13 206 døgn i 2021.

Etter sommaravviklinga vart det bestemt at vi skulle ha stengt fire rom på eininga for å prøve å ta ned kostnader som er over budsjett i sektor for velferd. Det vart gjort ei konsekvensanalyse på førehand, og dei fleste negative konsekvensar som vart førespeglia, viste seg dessverre å stemme. Å ta ned grunnbemanninga, vart negativt for faglærte, som til dels ønska seg vekk frå eininga. Med lågare grunnbemanning, vart vi mykje meir sårbarer både i høve pasientar som brått har større hjelpebehov, og i høve fråvær frå personale. Det bygde vidare på ein negativ spiral med slitne tilsette, og høgt fråvær. Det hadde dessverre konsekvensar for innbyggjarar i form av at det var svært vanskeleg å få både korttidsopphald og langtidsopphald, og meir hjelp måtte gjevest i heimen. Dette førte til auke i arbeidsoppgåver for heimetenesta, og auka slitasje i høve meir utfordrande å ha nok personell til å handtere ekstra oppgåver, og til dels frustrasjon både frå tilsette og innbyggjarar.

Lågare bemanning og stengte rom førte naturleg nok til mindre kapasitet, og mindre handlingsrom og fleksibilitet ved at bemannin-

ga på to einingar(både bueininga og korttidseininga) vart redusert. Det vart meir flytting på personell,- som igjen vart auka kostnader og slitasje, samt at vi hadde problem med å ta imot utskrivingsklare pasientar og andre innbyggjarar frå heim som hadde behov for korttidsopphald. Her må det også nemnast at i første del av 2021 var det nesten ingen utskrivingsklare frå sjukehus og det var unormalt få med brotskadar og infeksjonar i høve eit normalår.

Viktige hendingar året 2021 vart i stor grad prega av pandemi. Besøksforbod, smittevernrutinar og krevjande dagar for både bebuarar, tilsette, leiar og ikkje minst pårørande. Gleda var difor stor når vi kunne lette på restriksjonar, samt starte med vaksinering.

Eininga har også hatt ei usikker framtid med tanke på føreslått vedtak til budsjett. Tilsette har kjent seg usikre på framtida, gode vikarar har funne seg andre jobbar, og bebuarar/pårørande har uttrykt både frustrasjon, spenning og fortviling.

### **Internkontroll**

Har ingen skriftlege klagesaker eller tilsyn. Har jobba for å betre interne rutinar.

## **10.6.5 Bueining**

Einingsleiar Hanne Marte Grimstad Sukka

Bueininga har 16 rom, eitt rom kan nyttast som dobbeltrom. Einininga har hatt mellom 12-16 pasientar til ei kvar tid i 2021. Frå medio juni 2021, vart det vedteke å halde stengt fire pasientrom på bueining. Grunnbemanning vart då redusert med ein mindre tilsett på dag, og ein mindre på kveld (same helgebemanning). Dette vart vedteke som eit ledd i innsparing og omstilling i sektoren. Fleire vakante stillingar og relativt høgt sjukefråvær, gjorde dette mogleg utan å seie opp tilsette. I og med korttidseininga hadde same nedskalering, jobba bueininga og korttidseininga i felles turnus sommaren 2021.

I 2021 var det 14 faste tilsette i turnus på dag/kveld, og tre nattevakter, seks sjukepleiarar, ni faglærte og to ufaglærte. Dei to ufaglærte med fast stilling, vil etter planen få fagbrev i løpet av 2022.

Eininga yter tenester til pasientar som har fått langtidsopphald på institusjon, med nokre få unntak av korttidsopphald dersom korttidseininga ikkje har moglegheit til å ta imot aktuelle pasientar. Dette har ikkje vore aktuelt i 2021.

For å kunne gi best mogleg pleie til pasientane, er det viktig å samarbeide med pårørande. Dei har ofte mykje god og viktig informasjon som vi kan dra nytte av i vårt arbeid. Vi har difor innkomstsam-



tale med pårørande til dei som er nye på eininga. Pandemien vi har stått i har utfordra desse møta, men vi har forsøkt å gjennomføre dei over telefon.

Det er stor pleietyngde på eininga, og fleire av bebruarane er multisjuke med komplekse utfordringar.

Pandemien har ført til slitasje på tilsette og leiar. Dette i tillegg til usikker leiarsituasjon og usikker organisering, samt stor pleietyngde, har ført til uvanleg høgt sjukefråvær på eininga. Det gir vidare konsekvensar med stor bruk av vikarar, høge driftsutgifter, og ikkje minst er det ei utfordring for arbeidsmiljøet.

## Økonomi

Eininga hadde i 2021 eit samla budsjett (etter revidering) på 9 875 435,-. Rekneskapen syner 9 920 310, det vil seie eit meirforbruk på vel 44 875,-. Eininga har gått om lag i balanse.

- Svært høgt langtidssjukefråvær har gitt meirutgifter på vikarbruk. På den andre side har det ført til høge refusjonstal. Vi har hatt lærling, og noktern bruk av vikarar.
- Rett budsjettering, men det er ynskjeleg for 2022 å flytte om på nokre postar.
- I og med felles turnus sommaren 2021, må lønnskostnader sjåast noko i samanheng med 4023. Det er forsøkt ei fornuftig fordeling, men heilt likt er det vanskeleg å seie om det har blitt.
- Eigen einingsleiar på eining frå oktober 2021.

## Organisasjon

Eit av måla til bueininga er å gje trygg og god omsorg til pasientar som ikkje lenger kan bu i eigen heim. Bueininga har multisjuke pasientar, med store og samansette utfordringar. Pleiarane må ha stor fagleg breidd, då dei skal handtere omfattande medisinske prosedyrar, på same tid som at dei skal ta seg av demente som kan vere både urolege og utrygge. Dette ser vi er ei aukande utfordring på eininga, og det krev høg fagleg kompetanse. Eit av tiltaka for å møte desse utfordringane er at to i personalgruppa ved eininga har fullført vidareutdanning i miljøterapi i demensomsorga ved Høgskulen i Volda. Vi har også eige sertifisert personale som er HLR-instruktørar, og alle faste tilsette har opplæring i ProACT. Det er også ynskjeleg å få hygiene- og infeksjonssjukepleiar på eininga, då vi ser stort behov for det.

Fråvær av fagutviklingsdagar på grunn av pandemi, har gjort det vanskelegare med internkontroll, gjennomgang av avvik, og internopplæring. Vi har forsøkt å tenke kreativt og nytte digitale arena, men ser at dette må jobbast med vidare. Hausten 2021 opna igjen for fagutviklingsdagar. Etter ei periode utan, er det tydeleg at desse dagane er utruleg viktig for å oppretthalde god fagleg kompetanse i eining, skape godt arbeidsmiljø og finne samhald og einigkeit kring utfordringar i eining.

Tal på avvik i eininga synast i tabellen under:

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	0			
Organisasjon	6		3	3
Teneste/brukar	8		2	6

Avvika er knytt mot medikamenthandtering og feil på alarmsystem. I desember 2020 rauk pasientvarslingsanlegget på sjukeheimen. Vi måtte difor ty til ei naudløsing fram til nytt pasientvarslingsanlegg var på plass juni 2021. Dette fungerte ikkje optimalt, difor nokre avvik knytt til dette. Ingen avvik etter innføring av nytt system.

## Teneste

Gjennomførte brukarundersøkingar – ingen spesifikk på eining

## Viktige hendingar

Året 2021 vart til liks med 2020 i stor grad prega av pandemi. Det har vore krevjande dagar for både pasientar, tilsette, leiar og ikkje minst pårørande. Vi har jobba mykje med vaksinering og smitteverntiltak, og klarte å halde smitten vekke frå eininga i heile 2021. Høg vaksinasjonsgrad på både tilsette og pasientar har bidrøge til lågt smittetrykk.

Eininga har hatt ei usikker tid med stenging av rom, leiar som jobba på tvers av einingar,

felles turnus med anna eining og usikker framtid. Det høge sjukefråværet på eininga kan delvis relaterast til manglende føres-eielegheit.

Sommaren 2021 fekk vi tatt i bruk nytt pasientvarslingsanlegg. Trass nokre

barnesjukdomar, må vi seie oss godt nøgde med både innføring og bruk. Det blir arbeidd

vidare for å nyttiggjere oss av fleire funksjonar enn vi gjer no.

## Internkontroll

Har ingen skriftlege klagesaker eller tilsyn. Har jobba for å betre interne rutinar.

## Leiarsituasjonen institusjon

Einingsleiar for bu- og skjerma eining var løna under ansvaret til skjerma eining 4022. 4021 har ikkje lønnsmidlar til einingsleiar. I praksis jobba einingsleiar i 2021 på 4021 og 4023, medan 4022 hadde eigen einingsleiar. Einingane er svært ulike og dei har store og krevjande faglege utfordringar. Det kan vere krevjande einingar å jobbe på, noko som i ei årrekke har vist seg ved høgt sjukefråvær og stor slitasje på personalet. Bueininga har den største pleietyng-

da i kommunen, medan skjerma eining har store utfordringar med åferdshandtering. Korttidseininga har størst trykk på pasientflyt og medisinske prosedyrar. 2021 var også prega av sjukefråvær i leiagruppa, og einingsleiar har vore fleksibel på endring av eining.

Det er lite tildelte koordinatorressursar, 20 prosent per eining. Dette fører til at mykje administrasjon og dagleg drift naturleg nok ligg på leiar. Det har vist seg å vere vanskeleg å få til ei god løysing på leiarsituasjonen, då einingane i seg sjølv – med store, komplekse utfordringar – har behov for leiar tett på.

Det store spennet leiar har ansvar for, fører til at viktige oppgåver må prioriterast vekk. Kontraktar blir mangelfulle, det faglege nivået er vanskeleg å halde oppe på eit høgt nivå, og fagutviklingsdaga- ne vert ikkje gode nok. Einingar som skal ta hand om multisjuke pasientar, har stort behov for fagleg oppdatering. Vi har hatt utfordringar med rekruttering av fagpersonell, og ufaglærte har fullt vaktplanane i lang tid. Det er også heilt naudsynt at einingane er oppdatert på ulike prosedyrar til dømes bruk av tvang. Dette krev tett oppfølging frå leiar.

Det er forventa av leiar å ha økonomisk styring over einingane, samt å vere med på omorganisering og utvikling av tenestene. Det er sjølv sagt også mange andre oppgåver og verv som fylgjer med leiarstillinga. Om ein ynskjer å lyfte tenesta eit hakk, sjå på gode løysingar for omorganisering og endring – som igjen kan føre til bedre økonomistyring, må leiarsituasjonen vurderast. Kontrollspennet er så vidt, at det truleg er mest hensiktsmessig at alle einingar har kvar sin dedikerte einingsleiar, eventuelt eit nytt nivå. På sikt vil vi truleg sjå at det løner seg på mange område. Det er difor svært gledeleg at vi ser inn mot 2022 med ein ekstra leiar på institusjonen, så må det vidare jobbast med å få lønnsmidlar til stillinga.

## 10.6.6 Heimetenesta

Einingsleiar Christina Aasen-Helvig

Heimetenesta gir teneste som heimesjukepleie (helsetenester i heimen), Hadartun omsorgsbustader, praktisk bistand (heimehjelp, personleg assistanse, og brukarstyrt personleg assistanse - BPA), matombering og omsorgsstønad.

Alle tenester blir gitt som enkeltvedtak etter forvaltningslova.

### Kompetanse

Heimesjukepleie har felles arbeidsplan for tilsette i ambulant heimesjukepleie til private heimar og bebuarar i omsorgsbustadane på Hadartun. Intensjonen er å kunne nytte rett kompetanse på rett stad til dei ulike tenesteytingane i eininga. Tidlegare var assistenter i omsorgsbustad organisert i eigen arbeidsplan, men det er tydeleg behov for ei meir fleksibel kompetansefordeling etter ar-

beidsoppgåver. Hausten 2021 fekk sektoren starta opp igjen med fysiske fagdagar For å møte utfordringar med å stette behov om auka kompetanse for å ta seg av dei svært sjuke og eldre i kommunen, er fagleg undervisning på fagutviklingsdagar og nettkurs viktig, også for helsepersonell i turnusarbeid. Eininga og sektoren har seinare år fått kompetanseuke ved å innføre og nytte verktøya «ProAct» i praksis for å vurdere forverra helsetilstand og kommuniserere betre med instansar som legevakt, AMK og sjukehus. ProAct er også ei vidareutvikling av klinisk kompetanseutvikling i kommunar etter vi tidlegare også kursa tilsette i hjarte- og lungeredning med hjartestartar (DHLR). Både ProAct og hjarte-lungeredning har eigne sertifiserte instruktørar i heimetenesta.

To sjukepleiarar i heimetenesta starta hausten 2021 på vidareutdanning i kreftsjukjepleie som er ei viktig kompetanseheving for heile sektoren. Helsefagarbeidar fullførte fagskule i psykisk helsearbeid og rusarbeid og leiar fullførte Nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta våren 2021.

## Velferdsteknologi

Eininga har saman med sektoren ei målsetting at velferdsteknologi skal tildelast på lik linje med andre tenester jamfør eigen handlingsplan. Det er eit tidkrevjande og kostnadskrevjande arbeid, men for å møte framtida sine behov må dette prioriterast og sektoren har gjort noko innkjøp også i 2021. I forbindelse med utbygging av infrastruktur i omsorgsbustadar kan vi her kople fleire teknologiar til seinare for til dømes digitale tilsyn eller senge-/døralarmer som kan stette dei andre tenestene kommunen yt, tilsyn kan få auka kvalitet/være meir hensiktsmessig. Pandemi har sett stoppar for utstyr til å ferdigstille, men vi håpar dette kjem på plass i løpet av våren 2022.

## Brukargruppene sine behov

Yngre brukarar av heimetenesta kan ha langvarige behov på grunn av kronisk sjukdom eller skade, som er svært ressurskrevjande. Dette har medført ein auka i rettighetsfesta BPA seinare åra, og gjeldande for 2021, noko som gav økonomiske avvik.

Dei sjuke og eldre tenestemottakarane i kommunen kan omfatte både somatisk og psykisk helseutfordringar, rusproblematikk og kombinasjonar av desse. God observasjonskompetanse og kunne sette inn rette, systematiske og målretta tiltak er viktig. Tenesta vert utfordra på å gi dei trygg og god helsehjelp, og det krev tilsette med god kompetanse til ei kvar tid. Heimetenesta har eit tett samarbeid med dei andre einingane i velferd, for å kunne sikre gode, tverrfaglege tenester til pasientane og at den vert ytt på eit rett tenestenivå.

## Utfordringar

Heimetenesta har siste åra endra seg mykje og har vidare store utfordringar for å gi tenester til dei som treng det i framtida. Utviklinga til kommunar er at både sjukeheim og heimeteneste må stadig handtere alvorleg sjuke og det krev god samhandling på kven som

kan hjelpast i heimen der det er vurdert helsefagleg forsvarleg. Det er ei målsetting at eldre og sjuke får behandling i heimen og kan bu heime så lenge som råd heime. Den demografiske utviklinga med fleire eldre i åra som kjem synleggjer også at dette er viktig satsingsområde. Vi har også sett ei auke blant yngre, psykisk sjuke som treng bistand og hjelp for å meistre livet. Heimetenesta må bidra med legemiddelhandtering eller støttesamtalar gjennom døgnet ved forverringar. Vidare satsing i eininga er system og rutinar for å forbetre tenesta på å systematisere satsingsområde og risikoområde i pasientsikkerheitsarbeidet.

I arbeid med pasientforløp og tilpassa bustader, ser vi at omsorgsbustad i bukollektiv/heildøgnsomsorg manglar i sektoren si omsorgstrapp. Pasientar kan ha vanskar med fungere godt i leilegheit med tenester utan personalbase og gode tilrettelagte fellesareal med personale til stades. Tryggleik i eigen heim når kognitiv svikt og/eller psykisk sjukdom dominerer, vert viktig basalbehov der rammer og tilsette er nær. Eit bukollektiv med personalbase før, eller i staden for sjukeheim, er viktig satsing for å møte denne gruppa på ein god måte og med lågare omsorgsnivå enn institusjon. Behov for heildøgnsomsorg stettar også tidlegare utgreiingar frå RO (ressurssenter for omstilling i kommunar) i 2011 og Agenda Kaupang (2020).

Elles har heimetenesta utfordringar med å skaffe sjukepleiar som vikar på natt ved fråvær, men har fast tilsette i stillingane/arbeidsplan utanom ei vakant helg.

Heimetenesta hadde tilsyn frå arbeidstilsynet hausten 2021 og fekk pålegg gjeldande

- rutine for medverknad,
- kartlegge tidspress og psykisk helse,
- samt opplæring i vald og truslar

## Økonomi

For ansvar 4031 er det vikarutgifter for fleire tilsette i foreldrepermisjon, bruk av overtid for rett kompetanse eller natt, utgifter til pensjon og kjøp av helsetenester fra leverandør, samt mindreinntekter på brukarbetaling for tryggleiksalarmer og middag enn budsjettert. Eininger har også hatt utgifter til vikarar for koronarelatert arbeid med vaksinering eller drift som vi ikkje vert fullstendig kompensert med, men vert ei ekstrautgift.

For ansvar 4032 – praktisk bistand (heimehjelp) er det mindreinntekter på brukarbetaling.

For ansvar 4034 BPA er utfordringa urealistisk budsjett til BPA-utgifter, noko som fører til eit betydelig meirforbruk trass noko refusjon for ressurskrevjande brukar. Det er arbeidd med ei betring for 2022.

## 10.6.7 Helse- og koordinerande eining

Einingsleiar Monica Svoren

Eininga er sett saman av tilsette med høg fagkompetanse fordelt på fleire ulike fagområder.

Med den enkelte sin spisskompetanse skal vi saman vere pådrivrarar i helsefremjande og førebyggande arbeid på tvers av einingar i sektoren, mot andre sektorar og i heile kommunen. Det er stor grad av tverrfagleg arbeid med brukaren i fokus, og mål om godt flyt i tenestene.

Heilskap og samhandling i oppgåver for å bidra til gode helsetenester, og dreiling frå individ til grupper for å nå flest mogleg innan tildelte rammer og ressursar. Det grunnleggande målet for eininga er førebygging og tidleg innsats.

### Teneste for psykisk helse- og rus

Det er framleis ein jamn vekst i behov for tenesta og tal på vedtak har auka til 226 (5141 timer) i 2021 frå 206 (4270 timer) i 2020. Framleis også auke i brukarar med tenester frå fleire einingar og ein betydeleg auke i tilvisingar knytt til ungdom med risikofaktorar. Fleirtalet av tilvisingane er samansette behov som krev oppfølging over tid. Dette resulterer i at tenesta har aukande ventetid.

Teamet med brei tverrfagleg bakgrunn gjev eit godt grunnlag for heilskapelig oppfølging og samhandling i tenestene. Hovudtilbodet i tenesta er framleis individuelle samtalar. I tillegg vert våre ressurser mykje nyttå på fleire arenaer, som skule/elev-tilbod i ungdomsskulen, aktivitetssenter for vaksne, informasjonsmøte og opplysningsarbeid, tverrfaglege team for skule/barn/familie, bistand inn mot LAR-behandling i samarbeid med Ålesund Behandlingssenter, rusteam som organiserer utdeling av brukarutstyr, opa dør-tilbod, samt støttande team der ein frå start ser ein stadig auke i saker.

Det er tett samarbeid med helsestasjon, Nav og IPS sine jobbspesialistar og aukande samarbeid med barnevernstenesta. Det vert registrert mykje angst, depresjon, krenking og skulevegring blant born og unge i kommunen. I den vaksne brukargruppa er angst, depresjon, traume og suicidalitet hovedutfordringar. Auke i kompetanse vert sett i samanheng med utfordringar og det har vore fokus på traume, rus og rustesting, og psykisk helse for born og unge. Covid-19, og avgrensa midlar til kurs, har gitt lågare moglegheit enn elles til fagleg kompetanseheving.

Det er mangel på tilpassa bustadar til brukarar med utfordringar knytt til rus- og eller psykisk sjukdom i kommunen. Dette gjer arbeidet inn mot desse brukarane ekstra utfordrande.

Verdsdagen for psykisk helse vart i 2021 markert med ein stand, på grunn av koronarestriksjonar.

Tenesta har hatt prosjekt knytt til oppfølging av rusarbeid, og fekk i 2021 midlar for ekstra oppfølging av brukara innan psykisk helse- og rus på grunn av koronapandemien.



På tross av den store auke i behov i fleire år er det ikkje auke i personalressursar.

Dei tilsette i tenesta deltek i krise- og omsorgsarbeidet i kommunen.

## Støttekontakt

Personalinnsats: Koordinator i 30 prosent stilling.

30 brukarar med vedtak på støttekontakt. Av desse er 5 under 18 år, og 9 var i gruppa 18-49 år. Det vert gitt individuell opplæring til kvar støttekontakt.

## Fysioterapi og ergoterapi

Vi har 100 prosent stilling som kommunefysioterapeut og ei 100 prosent stilling som kommuneergoterapeut. Kommunen har i tillegg driftsavtale med eit privat institutt med 3,1 driftsheimlar fordelt på fire fysioterapeutar. Med prosjektmidlar frå helsedirektoralet knytt til helsestasjon og skulehelseteneste har vi i 2021 hatt ei auke med 40 prosent til mellombels prosjektstilling for fysioterapi. Gjennom prosjektmidlane har fysioterapeut hatt helsefremjande og førebyggande tiltak i forhold til fysisk aktivitet og motorisk utvikling i barnehagar og skular, oppfølging av familiar med overvektige barn i samarbeid med helsejukepleiarar, og også tiltak i samband med auka førebyggande oppfølging av gravide og barselkvinner. Fysioterapeut har og hatt treftid på ungdomsskule.

Både fysioterapi- og ergoterapitenesta yter tenester til brukarar i alle aldersgrupper og på ulike arenaer som primærheim, sjukeheim, tilrettelagde bustadar og i skular og barnehagar.

Vi prøver å prioritere å arbeide med helsefremjande og førebyggande tiltak, gjerne i grupper for å effektivisere tilbodet slik at vi når flest mogleg. Tenesta gjer også vurderingar av brukarar sine behov for hjelpemiddel, hjelper med søknadar, formidlar hjelpemiddel og utfører vurderingsbesøk. Tenesta har ansvar for koordinatorar for individuelle planar.

Vi har i store periodar av 2021 mangla ergoterapeut pga. sjukmeldung/permisjon og oppseiing/påvente av ny ergoterapeut. Vi hadde ergoterapeut i 100 prosent stilling i august og september 2021. Ein stor del av arbeidet både for fysioterapeut og ergoterapeut skjer i tverrfagleg samhandling med andre yrkesgrupper.

Fast tilsett fysioterapeut har sidan februar 2021 vore frikjøpt i 20 prosent stilling for å vere prosjektleiar for kommunen si satsing på «Betre tverrfagleg samarbeid», eit prosjekt kommunen har søkt om midlar til og gjennomfører i samarbeid med KoRus og BUF-etat.

## 10.6.8 Helsestasjon og skulehelseteneste.

Leiande helsejukepleiar:	100 % st.
Helsejukepleiar:	300 % st.

Helsesjukepleiar i prosjektstilling	100 % st.
Fysioterapeut i prosjektstilling	40 % st.
Helsestasjons -og skulelege	8 timer/veke
Lege helsestasjon for ungdom	2 timer/veke
Jordmor	30 % st.
Merkantilt	30 % st.

Helsestasjonsverksemda omfattar alle som bur og oppheld seg i kommunen mellom 0-20 år og deira familiar. Helsestasjonstenesta er eit frivillig tilbod. Alle barneskulanane har tilbod frå helsesjukepleiarar. Med prosjektmidlar frå helsedirektoratet også i 2021 har det vore ekstra ressursar til tverrfagleg arbeid mellom helsesjukepleiarar, fysioterapeut og jordmor. Dette har medverka til auka oppfølging og tilbod til barn, unge og gravide. .

Noko av tilboda er: fødsels- og foreldreførebuande kurs, barseltrening, bassengtrening for gravide, barselgrupper, helseopplysing i grupper i skule, enkeltkonsultasjonar, deltek i foreldremøte i skule, og i tverrfaglege team.

Flyktningar vert fylgt opp med eigne obligatoriske kontrollar.

Helsesjukepleiar deltek i undervisningsarbeid kring helsefremmande og førebyggande arbeid på ressurssenteret og har faste tider der. Det er tilbod om helsestasjon for ungdom 2 timer kvar måndag der lege er til stades.

- 49 fekk heimebesök av helsesjukepleiar.
- 4 fekk 1.gongs konsultasjon på helsestasjonen etter eige ønske
- 2 års kontroll: 59 born
- 4 års kontroll: 54 born
- 960 faste konsultasjonar
- 152 ekstrakonsultasjonar

Helsesjukepeiarar har vore nytta i arbeid knytt til covid-19 pandemien med koronavaksinasjon og organisering av tilbodet. Dette var eit omfattande og tidkrevjande arbeid og medførte ein reduksjon i det ordinære tilbodet for barna i kommunen.

Helsestasjonen har eiga Facebook-side der ein minst x2 per veke legg ut aktuell informasjon til brukarane.

## Jordmortenesta

Tenesta er eit interkommunalt samarbeid mellom Ulstein, Hareid, Herøy og Sande med Ulstein som vertskommune. Hareid kjøper tenester tilsvarannde ei 30 prosent jordmorstilling som har ansvar for svangerskapskontrollane og foreldreførebuande kurs. Det var 55 fødslar i 2021.

Jordmor tek også heimebesök til nyfødde. Det har vore ei auke i behov for jordmorteneste.

## Koordinerande eining

Etter Helse og omsorgstenestelova § 7-3 har kommunen plikt til å ha ei koordinerande eining for habilitering- og rehabiliteringsverksamheten. I Hareid er det einingsleiar for helse og KE, kommune-ergoterapeut, leiande helsesøster og kommunefysioterapeut som utgjer teamet. Eininga tek imot søknadar for individuelle planar og ansvarsgruppe, samt tildeler koordinator.

## Legeteneste

2021 var igjen eit år med store utfordringar i legetenesta på grunn av mangel på legar og stor auke i arbeidsmengd knytt til koronapandemien. I april vart det inngått ny driftsavtale mellom Hareid legesenter AS og Hareid kommune. Legane flytta inn i det nye helsehuset.

Det er seks fastlegeheimlar ved Hareid legesenter som har vore i privat drift. I den nye driftavtalen vart det opna for å gjere om to heimlar til kommunal tilsetting på fastlønn. Alle heimlane har inkludert kommunale oppgåver i 2021 på grunn av koronaarbeid. Legesenteret har tatt ansvar for koronatesting og det har vore turnus på å drifte luftvegsklinik.

Tre av heimlane er i utgangspunktet kombinert med kommunale oppgåver som sjukeheimslege og lege for helsestasjon og helsestasjon for ungdom. Det vart gjort politisk vedtak på oppretting av stilling for LIS1 lege og den første hadde sin praksis ved legesenteret frå september.

Kommuneoverlege har kommunen ikkje lykkast å rekruttere på tross av gjentekne utlysingar. Det var i 2021 inngått mellombels avtale med ekstern lege om å bistå kommunen i 20 prosent som kommuneoverlege.

## Dagsenter for eldre heimebuande/ dagaktivitet for demente

For å stette krav til dagaktivitet for demente har vi lagt om drift av dagtilbodet i 2021.

Det førte til ein auke i teneste retta mot personar med demens, og ein liten reduksjon i tilbodet for andre heimebuande eldre sidan vi ikkje har hatt auke i personalressurs.

Tilbodet var også redusert i delar av året på grunn av pandemi og smitteverntiltak, det vart erstatta med tilbod om oppfølging i heim.

Tilbodet er meir fleksibelt og fordelt med opplegg på dagsenteret og individuell oppfølging i heim, ute, eller bilturar.

Ein dag i veka er det tilbod for alle på Hadartun og sjukeheim i vinterhagen.

Mellan 40 og 50 personar får ulike og tilpassa tilbod i løpet av ei veka.

Vi ser på dette som førebyggande lågterskeltilbod som kan bidra til at fleire kan bu heime lengre.



## **Fellesskapet aktivitetssenter**

Er eit tilbod for menneske med psykiske utfordringar i kvardagen.

Opningstid måndag 11.30-15.00

Tilboden inneber felles lunsj, hobbyaktivitetar, turar og gode samtal.

Fellesskapet skal vere ein møteplass der du kan vere sosial saman med andre i ei trygt miljø.

Året 2021 var Fellesskapet i periodar stengt på grunn av pandemi og personalutfordringar.

Brukarane vart i den perioden ringt til 1x per veke av personalet på senteret.

Per i dag er det ca. 8-10 som nyttar seg av tilboden.

## **Økonomi**

Eininga hadde eit negativt resultat ved årsslutt på – 5 657 188,45 som i all hovudsak var knytt til legetenesta. Innføring av ny driftsavtale, innflytting i nye lokale i helsehuset, koronaarbeid samt bruk av legevikarar bidrog til det store underskotet.

Korona

Det var eit budsjettet forbruk på kr 4 905 694,- i eininga som kan relaterast til koronaarbeid.

## **Avvik**

10 avvik som er relatert til manglande oppfølging knytt til barn av helsesjukepleiarar. I hovudsak er årsak lite ressursar grunna koronaarbeid.

## **10.6.9 Bu- og habiliteringseining**

Einingsleiar Tommy Anzenberger

Tenesta omfattar praktisk bistand til fastbuande ved Hjellebakken, barn som er på avlastning samt unge heimebuande som får tenesta i varierande grad ved oppsökande verksemد i heimen.

Det er mindre vedtakstimar i 2021 enn året før, likevel auke i vedtak 1:1 og 2:1. Fleire store, tunge saker. Ein del har fått innvilga avlastning i heim eller avlastningsheim med betaling etter satsar for besøksheim. Langt rimelegare kostnad enn avlastning ved Hjellebakken praktisk bistand(opplæring daglege gjeremål)

## **Økonomi**

Bu- og habilitering har eit negativt driftsresultat på grunn av auke i kostnadar ved brukarstyrt personleg assistanse (BPA) bla. auke i eigenandel rundt ressurskrevjande brukarar. Fleire brukarar har

særskilte tiltak som krev 2-til-1 bemanning for å yte naudsynt hel-sehjelp. Det er vesentleg auke i avlastning og praktisk bistand til barn, ungdom og ung voksen.

## Hjellebakken 6 og 8

Eininga yter tenester til fastbuande utviklingshemma i eigen bustad og avlastning til familiar med born og unge under 18 år som har særlege store omsorgsbehov.

Talet på personar over 18 år som har behov frå teneste og fast bustad har vore aukande i 2021. Det vil vere behov for å bygge nye bustader for personar med funksjonsnedsetting.

## Avlastningstilbodet

Det er svært krevjande både for brukar og personalet med liten plass på avlastningsbygget. Bygget er per i dag ikkje tenleg for alle brukarane. Det er aukande tal på familiar som har søkt på avlastning. Teneste må løysast på andre måtar enn å nytte avlastningsbygget.

Vi har ikkje barnebustad, det treng vi for å sikre at vi kan ta imot barn med særlege utfordringar.

## Brukurar i eigen heim – oppsökande miljøarbeid

Det er brukurar som har behov for oppfølging i egen bustad, for å kunne klare å bu i eigen heim. Det omfattar å gi rettleiing innafor daglege gjermål og hjelpe eller oppmode til å delta på sosiale aktivitetar. Denne tenesta er avgjerande for å kunne sikre fleire brukurar hjelp på ein god måte, innanfor dei rammene som er gitt. Målet er å sjå ressursane på tvers, slik at vi kan nytte ressursane og fagkompetansen til personalet på ein best mogleg måte.

## Brukarstyrt personleg assistanse

Eininga har ansvar for nokon av brukarane som nyttar Brukarstyrt personleg assistent (BPA).

Det er eit aukande krav frå brukurar og pårørande om å nytte denne forma for tenesteyting, sidan den er rettighetsfesta. Det har vore auka av tal på timer per vedtak.

Hareid kommune har rutinar for internkontroll av BPA ordningar utført av private aktørar.

## Sanzibar

Dagsenteret Sanzibar vert nytta til å gjennomføre daglege aktivitetar for dei fleste med fast bustad ved Hjellebakken. Det har vore auke i personar som har for dagsenterplass og arealet på Sanzibar er ikkje stort nok til at det er mogleg å gjennomføre tilpassa aktivitetar eller skjerming av brukurar med ulike behov.

Det har vore ei auke i teneste på dagsenter i 2021 samanlikna med året før.



## **Utfordringar**

Det er ikkje gode nok lokale for drift av dagtilbod eller eit kveldstilbod for brukarane vi gir teneste til. Det er eit stort behov for nye lokale til dette formålet. Brukarar har behov for ei tett oppfølging med få personale rundt seg, men dette kan vere vanskeleg å innfri ved fråvær.

Barneavlastinga er ikkje godt nok tilrettelagt for den brukargruppa som har teneste da bygget ikkje er tilrettelagt for å dekke behova til den enkelte.

Der er unge vaksne brukarar som ikkje har eit godt tilbod som arbeidsaktivitet og moglegheit for eit godt sosialt liv, sidan vil manglar eigna lokalitetar.

Utfordringar rundt plassmangel for brukarar som får teneste gjennom bu- og habitliteringeininga har vore vedvarande over fleire år og vi ser same tendens i 2021. Det gjer også at vi må drifta det dyrare enn om lokalitetane var på plass.


Oppstart bygging Pålhaugen vart utsett.

## **Avvik**

Det var innmeldt totalt 219 avvik i 2021 alle er lukka og svart ut.

Det er størst avvik i tenesteproduksjon der brukara ikkje har fått fulgt oppsette planer og legemiddelhandtering.





## Årsmelding for Hareid kommune 2021